



1

2

3

VEDLEGG

PLAN FOR KULTURMINNEVERNET I MØRE OG ROMSDAL

DEL AV FYLKESDELPLAN FOR KULTUR



- REGISTER
- OVERSIKTER
- BYGGESKIKK
- TEKN./INDUSTRIM.

Illustrasjonen er den "Julianske borg" -ein labyrinth på Vartdalsfjellet i Ørsta kommune
Teikning: Arkeolog Øyunn Kleiva



MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE

INNHOLD	side
Kyrkjer i Møre og Romsdal	3
Freda bygningar og anlegg i Møre og Romsdal	7
Fredingslista for Møre og Romsdal	16
Vern- og vedlikehaldsavtalar	18
Turisthotell i Møre og Romsdal	18
Fyrstasjonar i Møre og Romsdal	18
Kulturmiljø i Møre og Romsdal	19
Tiltak automatisk freda kulturminne	22
Tekniske og industrielle kulturminne	24
Byggeskikk i Møre og Romsdal	28
Kulturminnevernet i kommuneplanane	48
Område regulert til spesialområde/bevaring	49
Sefrak-registeret	50
Kart	55
Eksempel på ø.k. registeret (fornminne)	55
Postvegen	56
Skysstasjonar i Møre og Romsdal	57
NIJOS, landskapsreg. inndeling	58

**FYLKESDELPLAN FOR KULTURMINNEVERNET
I MØRE OG ROMSDAL, VEDLEGG**

Utgjevar: Møre og Romsdal fylkeskommune
 Kulturavdelinga
 Fylkeshuset, 6404 Molde
telefon: 71 25 80 00/71 25 88 33
telefax: 71 25 88 37
e-post: kultur@mr-fylke.org

Utarbeidd av: tekst: fylkeskonservator Jens Peter Ringstad
 illustrasjon-/fotoredaktør: kulturvernkonsernt Brit Hansen

Layout og pretrykk: Grafisk seksjon v/grafisk konsulent Jørn Vang/Jostein Fuglset

Trykt: Betten Grafiske AS 12.2002

Opplag: 1500 eks



Edøy kyrkje i Smøla kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Christ Allam Sylthe.

KYRKJER I MØRE OG ROMSDAL

OVERSIKT/FORDELING PÅ TIDSPEIODAR

Eg har prøvd å lage ei liste med oversikt over kyrkjebygg i Møre og Romsdal. Lista inneheld 119 bygningar og er ordna etter byggeår. Det kan i enkelte tilfelle vere vanskeleg å avgjere kva ein skal ta med av mindre kapell o.l. som ikkje er i heilårs bruk eller er bygningar som også har andre føremål. Ei inndeling av dei 119 bygningane i tidsperiodar etter byggeår gir denne fordelinga:

mellomalder	:	9	1875 - 1899	:	22
1700-talet	:	7	1900 - 1924	:	21
1800 - 1849	:	13	1925 - 1949	:	6
1850 - 1874	:	26	1950 -	:	15

kom.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Vanylven	Åheim	St.Jetmund kyrkja	langkyrkje i stein	b.1155, riven 1863, attreist 1957
Giske	Giske	Giske kyrkje	lankkyrkje i stein	b.1130-40 i marmor, romansk stil
Ålesund	Ålesund	Borgund kyrkje	korskyrkje i stein	b.1130, påbygt 1632, 1868, brann 1904
Molde	Veøy	Veøy gamle kyrkje	langkyrkje i stein	b.ca.1200, romansk stil, var viet til St.Peter
Tingvoll	Tingvoll	Tingvoll kyrkje	langkyrkje i stein	b.1181, romansk stil, "Olav Kyrrs Kristkirke"
Smøla	Edøy	Edøy gamle kyrkje	langkyrkje i stein	b.1190, brann 1887, restaurert 1947
Rauma	Rødven	Rødven stavkyrkje	stavkyrkje (i tre)	b.ca.1300, tilbygt kor ca.1600
Averøy	Kvernes	Kvernes stavkyrkje	stavkyrkje (i tre)	b.1300-talet, tilbygt kor 1633
Kr.sund	Grip	Grip stavkyrkje	stavkyrkje (i tre)	b.1470 (truleg), utvida 1621, restaurert 1933

KYRKJER FRÅ "NYARE TID" (ETTER 1536)

"Kyrkja den er eit gammalt hus" heiter det i salmen. Av våre 119 kyrkjehus er 77 frå før år 1900 og snart over 100 år gamle. Tek vi med førstedelen av vårt hundreår med 21 kyrkjer, kjem vi opp i 98 "gamle" kyrkjehus (frå før 1925). Berre 21 av kyrkjene i fylket er bygt seinare d.v.s. frå 1927 og framover mot vår tid. Av desse 21 er nesten halvparten kapell.

MELLOMALDERKYRKJER (1030 - 1537)

Vi har tilsaman ni kyrkjer som er bevarte frå mellomalderen. Seks er steinkyrkjer (154 i heile landet) og tre er stavkyrkjer (i tre - 28 i heile landet). Kyrkjene er bygde i perioden frå 1130 til 1470. Steinkyrkjene i perioden 1130- ca.1200 og stavkyrkjene i perioden 1300 - 1470.

Med unntak av Grip stavkyrkje (1470), har vi ingen bevarte kyrkjer i Møre og Romsdal frå perioden 1300-talet (Kvernes stavkyrkje) til 1717, – ein periode på nærmare 400 år. Dette kan tyde på at det også var lite kyrkjebygging i fylket i denne perioden. Noko som delvis kan skuldast svartedauden (1349) som sette folketalet sterkt tilbake. Unntaket er som nemnt fiskeværet Grip. Den første kyrkja av dei som er bevart, som er bygd etter denne 400 års-perioden, er Bud kyrkje – også i eit fiskevær. Her har nok vore bygd kyrkjer i denne 400-års perioden som no er borte. Mellom anna har det vore fleire stavkyrkjer som forsvant på slutten av 1600-talet og utover på 1700-talet (ekspl.: Sylte i Tresfjorden, Voll, Måndalen, Grytten, Bolsøy, Kleive, Vågøy, Bud (brente i 1709), Leikvin og Hov i Sunndalen, Rindal), og nokre forsvant seinare. Dei tre siste forsvant på 1800-talet: Isfjorden i Rauma i 1830, Kornstad på



Fra venstre: Interiør av Tingvoll kirke. Biletet er hentet fra fylkeskonservatorens sitt arkiv.


Averøy i 1871 og Rød stavkyrkje i Nesset så seint som i 1885. Tilsaman er 30 stavkyrkjer borte og tre står att. Fem stavkyrkjer brente, ei ble ned (Hov i Sunndal) og resten vart revne, ofte samtidig med at ny kyrkje vart teken i bruk.

Det har også vore nokre korskyrkjer i tømmer frå denne mellomperioden som no er borte. Aure kyrkje frå 1727 brente i 1923. Av andre eksempel på forsvunne kyrkjer i perioden kan nemnast: Vestnes, Tresfjord, Voll, Vistdal, Eresfjord, Kleive, Molde, Aukra, Vågøy, Kristiansund, Øre, Hov, Ranes og Rindal.

1700-TALET

Vi har sju bevarte kyrkjer frå denne perioden. Tre er korskyrkjer i tømmer. Frå siste del av hundreåret har vi våre to eldste åttekantkyrkjer (Norddal og Stordal). Ein kuriositet er den y-forma Mo kyrkje i Surnadal. Det skal vere kun to andre y-kyrkjer i landet.

comm.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggemart., stil, arkitekt, endringar o.a.
Fræna	Bud	Bud kyrkje	korskyrkje i tre	b.1717 i tømmer, tårn m kuppel frå ca.1830
Halsa	Halsa	Halsa kyrkje	korskyrkje i tre	b.1724 (innvigd 1732)
Surnadal	Mo	Mo kyrkje	Y-kyrkje i tre	b.1728 i tømmer, ark.Erik Jakobsen Holten
Averøy	Bremsnes	Bremsnes krk.	korskyrkje i tre	b.1771 i tømmer
Norddal	Norddal	Norddal kyrkje	åttekantkyrkje, tre	b.1782 i tømmer, barokk, ark.Ole L.Døving
Stordal	Stordal	Stordal gml krk.	åttekantkyrkje, tre	b.1789 i tømmer, rik utsmykk. ("Rosekyrkja") Rauma
Eidsbygda	Eid kyrkje	langkyrkje i tre	b.1797, tilbygg 1874	



Åttekantkyrkje i Geiranger, Stranda kommune. Biletet er hentet fra fylkeskonservatorens sitt arkiv. Foto: Brit Hansen.

1800-TALET

Dette er det store kyrkjebyggings-hundreåret i Møre og Romsdal. Aktiviteten var særleg stor i siste halvdel av hundreåret. Av 77 kyrkjene som er bevart i Møre og Romsdal frå før år 1900, er heile 61 frå 1800-talet og av dei er 48 frå andre halvdel av 1800-talet.

Kor mange kyrkjer frå 1800-talet som er borte, har eg ikkje laga oversikt over. Eg kjenner til at Ålesund, Volda, Kristiansund (1878/1940), Molde (1887/1940), Brattvær, Smøla (1885/1915) og Sykkylven har mista sine kyrkjer frå 1800-talet i brann i dette hundreåret. Hov kyrkje i Sunndalen frå 1864 blåste ned i 1885.

Åttekant eller oktogonal-kyrkjene har vi 15 av i fylket. Dei fleste (11) er bygt i første halvdel av 1800-talet. To (Norddal og Stordal) er bygt på slutten av 1700-talet (1782 og 1789). Og to er bygt etter 1850 (Kleive,1857 og Sira,Eresfjord,1869).

Eit noko uvanleg kyrkjebygg frå denne perioden er Hen Kyrkje i Isfjorden i Rauma som er ei langkyrkje i mur frå 1831.

Inndeling av 1800-talet i tre bolkar. Sidan vi har så mange kyrkjer frå dette hundreåret, har eg valgt å dele inn hundreåret i tre tidsbolkar: 1800-1849, 1850-1874, 1875-1899.

TIDSBOLKEN 1800 - 1849

comm.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Herøy	Leikong	Leikanger kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1807, flytt fra Ørskog 1872
Sandøy	Sandøy	Sandøy kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1812, tømmer, tilbygg 1879
Sunndal	Romfo	Romfo kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1821, tømmer, ark.Ole Pedersen Tøfte

Vestnes	Trestfjord	Tresfjord kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1828, tømmer, ark.Erik Kroken
Rauma	Veblungsnes	Grytten kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1829, tømmer,barokk/nygot. ark. Svend Halvorsen Aspaas
Rauma	Isfjorden	Hen kyrkje	langkyrkje i mur	b.1831, gråstein, nyromansk stil, tilb.1902
Aukra	Aukra	Aukra kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1835, tømmer, tilbygg 1921
Vanylven	Syude	Syude kyrkje	langkyrkje i tre	b.1837, tømmer, gotisk stil
Stranda	Stranda	Stranda kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1838, tømmer, tilbygg 1927
Haram	Austnes	Haram kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1838, tømmer, tilbygg 1878
Stranda	Geiranger	Geiranger kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1842, tømmer, ark.Hans Klipe
Sunddal	Ålvundeid	Ålvundeid kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1848, tømmer, ark.Ole P. Tøfte, tilb.1955
Ulstein	Ulsteinvik	Ulstein kyrkje	åttekantkyrkje,tre	b.1849, tømmer, ark.Wraamann

TIDS BOLKEN 1850 - 1874:

Lov om Kirker og Kirkegaard av 1851 gav påbod om at det måtte vere sitteplass for 3/10 av soknet sine innbyggjarar i kyrkja. Mange kyrkjer vart erstatta med nye og nokre tilbygde og ombygde for å tilfredsstille påboden.

Med unntak av dei to åttekant-kyrkjene (Kleive og Sira) er det langkyrkjene i tre som dominarar som kyrkjetypar i denne perioden. Heile 15 kyrkjer er frå 1860-åra med ein "topp" i aktiviteten i 1863 med tre kyrkjer.

Ein legg elles merke til at av dei 26 kyrkjene frå 25-års perioden er 12 teikna av samme arkitekt : Jacob Wilhelm Nordan.

komm.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Molde	Kleive	Kleive kyrkje	åttekantkyrkje, tre	b.1857
Stranda	Hellesylt	Sunnylven krk.	langkyrkje i tre	b.1859, tømmer, ark. Kaptein Rolfsen
Skodje	Skodje	Skodje kyrkje	langkyrkje i tre	b.1860, tømmer, ark.Meinhard, tilb.1979

Surnadal	Todalen	Todalen kyrkje	langkyrkje i tre	b.1861, ark.J.W.Nordan, tilbygt 1880-åra
Halsa	Valsøyfjord	Otnes kirke	langkyrkje i tre	b.1863, flattømmer, ark.Jacob W.Nordan
Norddal	Valldal	Sylte kyrkje	langkyrkje i tre	b.1863, tømmer, empire, ark.Nils A.Liaaen
Vanylven	Slagnes	Vanylven kyrkje	langkyrkje i stein	b.1863, ark.Georg Andreas Bull
Tustna	Gullstein	Gullstein kirke	Langkyrkje i tre	b.1864, ark.Eilert Christian Brodtkorb Christie
Tingvoll	Grimstad	Straumsnes krk.	langkyrkje i tre	b.1864, tømmer, ark.Gustav Olsen, tilb.1946
Ørsta	Ørstavik	Ørsta kyrkje	langkyrkje i tre	b.1864, tømmer, ark. Wilhelm von Hanno/Heinrich Ernst Schirmer
Gjemnes	Øre	Øre kyrkje	rektagulær k.	b.1865 i tre, ark.Gustav Olsen
Vestnes	Fiksdal	Fiksdal kirke	langkyrkje i tre	b.1866, tilbygg 1965, ark.Jacob W.Nordan
Nesset	Eikesdal	Eikesdal kapell	kapell i tre	b.1866, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Surnadal	Ranes	Ranes kirke	langkyrkje i tre	b.1868, ark.Schmelting/ Ola O.Skeistrøen
Haram	Vatne	Vatne kyrkje	langkyrkje i tre	b.1868, tømmer, ark.Meinhart, tilbygg 1958
Nesset	Eresfjord	Sira kirke	åttekantkyrkje, tre	b.1869
Nesset	Vistdal	Vistdal kirke	langkirke i tre	b.1869, tømmer, nygotisk, ark.J.W.Nordan
Rauma	Vågstrand	Vågstranda kirke	langkyrkje i tre	b.1870, tømmer, ark.J.W.Nordan, rest.1970
Surnadal	Øye	Øye kirke	langkyrkje i tre	b.1871, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Averøy	Kornstad	Kornstad kirke	langkyrkje i tre	b.1871, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Eide		Eide kirke	langkyrkje i tre	
Vestnes	Vestnes	Vestnes kirke	langkyrkje i tre	b.1872,tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Vanylven	Knarrdal	Rovde kyrkje	langkyrkje i tre	b.1872, tømmer, gotisk stil
Ørskog	Ørskog	Ørskog kyrkje	langkyrkje i tre	b.1873, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Rindal	Rindal	Rindal kirke	korskyrkje i tre	b.1874, tømmer, nygotikk/sveits.ar. Nordan
Fræna	Hustad	Hustad kyrkje	langkyrkje i tre	b.1874, tommer, ark.Jacob Wilhelm Nordan



Ørskog kyrkje, Ørskog kommune. Biletet er henta frå SEFRAK-arkivet. Foto Anne K. Larsen.

TIDSBOLKEN 1875 - 1899:


Fra perioden har vi 22 kyrkjer. Arkitekt J.W. Nordan teiknar framleis kyrkjer i Møre og Romsdal og har teikna fire i denne perioden. Arkitekt Henrik Nissen er også mester for fire kyrkjebygg på lista, og arkitekt Gabriel Smith for tre. Elles kan ein legge merke til at ein lokal arkitekt, Lars Mogstad er ansvarleg for eit kyrkjebygg (Stangvik, 1896) og har medvirkta til to andre (Gjemnes og Kvernes).

komm.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Haram	Hamnsund	Hamnsund krk.	langkyrkje i tre	b.1875, tømmer, ark.Brinchmann
Surnadal	Åsskard	Åsskard kirke	langkyrkje i tre	b.1876, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Jordan
Ørsta	N. Vartdal	Vartdal kyrkje	langkyrkje i tre	b.1876, tømmer, tilbygt 1964
Hareid	Hareid	Hareid kyrkje	langkyrkje i tre	b.1877, nygotisk, ark.Stokksland/Schirmer
Midsund	Oterøy	Otrøy kirke	langkyrkje i tre	b.1878, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Haram	Fjørtoft	Fjørtoft kyrkje	langkyrkje i tre	b.1878, tømmer, ark.Henrik Nissen
Nesset	Eidsvåg	Nesset kirke	langkyrkje i tre	b.1878, tømmer, ark.Henrik Nissen
Volda	Fyrde	Austefjord krk.	langkyrkje i tre	b.1879, flytta fra Nes i Bjugn, ark.Gjert Lien
Sande	Sandøy	Sande kyrkje	langkyrkje i tre	b.1880, tømmer, ark.Jon Sefland
Fræna	Elnesvågen	Myrbostad krk.	langkyrkje i tre	b.1880, tømmer, ark.Henrik Nissen
Ørsta	Sæbø	Hjørundfjord krk.	langkyrkje i tre	b.1880, nygotisk, ark.Henrik Nissen
Smøla	Ødegård	Edøy kirke	langkyrkje i tre	b.1885, tømmer, byggm.J.Digre
Sunndal	Sunndalsøra	Hov kirke	langkyrkje i tre	b.1887, tømmer, ark.Jacob Wilhelm Nordan
Smøla	Hopen	Hopen kirke	langkyrkje i tre	b.1892, tømmer, ark.Adolph Schirmer
Gjemnes	Høgset	Gjemnes kirke	langkyrkje i tre	b.1893, tømmer, ark.J.W.Nordan/L.Mogstad
Averøy	Kvernes	Kvernes kirke	langkyrkje i tre	b.1893, tømmer, ark.A.K.Thoresen/Mogstad
Sunndal	Øksendal	Øksendal kirke	langkyrkje i tre	b.1894, tømmer, ark.Adolph Schirmer
Giske	Vigra	Vigra kyrkje	langkyrkje i tre	b.1894, tømmer, nygotisk, ark. G.Smith
Surnadal	Stangvik	Stangvik kirke	langkyrkje i tre	b.1896, tømmer, ark.Lars Mogstad
Rauma	Måndalen	Voll kyrkje	langkyrkje i tre	b.1896, tømmer, ark.Gabriel Smith
Frei	Frei	Frei kirke	langkyrkje i tre	
Molde	Røbekk	Bolsøy kirke	langkyrkje i tre	b.1898, sveitser/nygotisk, ark.Gabriel Smith

1900- TALET:

TIDSBOLKEN 1900 - 1924:

Fra perioden har vi 21 kyrkjebygg. Det store kyrkjebyggingsåret var 1907 då vi fekk fire kyrkjer og tre av dei i dáverande Veøy kommune (Holm, Veøy på Sølsnes og Rødven). To av desse (Holm og Veøy) er i drage-/stavkyrkjestil og teikna av Ark.Karl Norum. Arkitek Jens Zetlitz Monrad Kielland valde ein stavkyrkje-stil utan drageornament når han teikna Rødven kapell i 1907. Fra denne perioden er Ole Havnæs fra Fræna arkitekt for fem kyrkjer. Ei av dei fem kyrkjene som Ole Havnæs hadde teikna, Herøy kyrkje i Fosnavåg, ei korskyrkje i tre bygd i 1918 i nygotisk stil, brann ned til grunnen 26.desember 1998. Kyrkjebygninga inneheld også uerstatteleg, verdifullt inventar som døypefont frå 1572, alteravle frå 1665 og fire epitafium (minnetavler).



Molde domkirke. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.
Foto: Brit Hansen.

komm.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Rauma	Verma	Øverdalen kapell	langkyrkje i tre	b.1902, tømmer, ark.Erik Sylte, rest.1953
Rauma	Monge	Kors kirke	korskyrkje i tre	b.1902, tømmer, ark.Erik Sylte, rest.1964
Fræna	Vågøya	Vågøy kyrkje	langkyrkje i tre	b.1904, nygotisk, ark.Ole Havnæs
Molde	Røvik	Røvik kyrkje	langkyrkje i tre	b.1905, sveitserstil, ark.G.Smith/E.P.Sylte
Rauma	Holm	Holm kirke	langkyrkje i tre	b.1907, stavkyrkje-/dragestil, ark.Karl Norum
Molde	Sølsnes	Veøy kyrkje	langkyrkje i tre	b.1907, stavkyrkje-/dragestil, ark.Karl Norum
Rauma	Rødven	Rødven kapell	langkyrkje i tre	b.1907, stavkyrkjestil, ark.J.Z.M.Kielland
Stordal	Stordal	Stordal kyrkje	langkyrkje i tre	b.1907, ark. Jens Zetlitz Monrad Kielland
Aure	Stemshaug	Stemshaug krk.	langkyrkje i tre	b.1908, stavkyrkje-/dragestil, ark.H.J.Sparre/L.Mogstad/Tellesbø
Molde	Sekken	Sekken kapell	langkyrkje i tre	b.1908, sveitserstil, ark.O.Havnæs/K.Flåthe
Ålesund	Ålesund	Ålesund kirke	langkyrkje i stein	b.1909, ark.Sverre Knutsen
Gjemnes	Osmarka	Osmarka kapell	kapell i tre	b.1910, tilbygg 1983
Volda	Dravlaus	Dalsfjord kyrkje	korskyrkje i tre	b.1910, ark.Ole Havnæs
Rindal	Rindalskogen	Øvre Rindal kapell	kapell i tre	b.1911, tømmer, ark.Lars Andersen Mogstad
Kr.sund	Nordlandet	Nordlandet kirke	korskirke i stein	b.1914, ark.Hagbarth Martin Schytte-Berg
Stranda	Liabygda	Liabygda kyrkje	langkyrkje i tre	b.1915-17, ark. Henry Bucher
Herøy	Stokksund	Indre Herøy kyrkje	langkyrkje i tre	b.1916, ark.Ole Havnæs
Smøla	Brattvær	Brattvær kirke	langkyrkje i tre	b.1917, ark.Jacob Parelius Holmgren
Sande	Haugsbygda	Gursken kyrkje	langkyrkje i tre	b.1919,
Ørsta	Bjørke	Bjørke kyrkje	langkyrkje i tre	b.1919, ark.Mattias Brekke
Aure	Aure	Aure kirke	korskyrkje i tre	b.1924, tømmer, ark.Nils Ryjord

TIDS BOLKEN 1925 - 1949

Vi har berre seks kyrkjer frå denne perioden. Fire av dei er frå perioden 1932-35. I perioden 1935 - 1957 har vi berre eit kyrkjebygg (Langevåg kyrkje).

kom.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Sande	Åram	Åram kyrkje	langkyrkje i tre	b.1927, ark.Sivert Storegjerde
Volda	Volda	Volda kyrkje	korskyrkje i stein	b.1932, ark.Arnstein Arneberg
Haram	Hildrestranda	Hilde kapell	langkyrkje i tre	b.1934
Sandøy	Harøy	Harøy kyrkje	langkyrkje i tre	b.1934, ark.F.Ziegler Kavli/Paul S.Michelsen
Sunddal	Gjøra	Gjøra kapell	kapell i tre	b.1935, tømmer, ark.Johan B.Meyer
Sula	Langevåg	Langevåg kirke	langkyrkje i mur	b.1948, ark.Øyvind B.Grimnes

TIDS BOLKEN ETTER 1950

Frå denne perioden har vi "gjenreisingskyrkjene" etter krigen i Molde (1957) og Kristiansund (1964). I tillegg kjem nye kyrkjer i områder med stor vekst i folketalet (Valderøy, Voldsdalen, Brattvåg, Ikornes, Moa/Spjelkavik og Ellingsøy). Ein del mindre stader får kapell. Fleire av desse har ikkje hatt kyrkjebygg før. Arkitektane Aksel Fronth og Alf Apalseth har teikna tre kyrkjer kvar i perioden. Dei to nyaste er signert Oskar Norderval.

kom.	stad	kyrkjenamn	kyrkjetype	byggeår, byggematr., stil, arkitekt, endringar o.a.
Molde	Molde	Molde domkirke	langkyrkje i betong	b.1957, basilika, ark. Finn Bryn
Giske	Valderøy	Valderøy kirke	langkyrkje i mur	b.1961, ark.Øyvind B.Grimnes
Kr.sund	Kirkelandet	Kirkelandet kirke	betongkyrkje	b.1964, arkitekt Odd Østbye
Vestnes	Vikebukt	Vike kapell	langkyrkje i mur	b.1970, ark.O.S.Solheim
Ålesund	Voldsdalen	Voldsdalen kirke	"trekantkyrkje"	b.1974, tre (lømtrekons.), ark.Leif Olav Moen
Volda	Straumshamn	Kilsfjord kyrkje		b.1974, betong, ark.Alf Apalseth
Midsund	Heggdal	Nord-Heggdal kpl.	langkrk.i tre	b.1974, "trekant/nauistil", ark. Jostein Heggdal
Rauma	Innfjorden	Innfjorden kapell	langkyrkje, betong	b.1976,ark.Ingvard Moldsvor
Haram	Brattvåg	Brattvåg kyrkje		b.1977, betong/ tre, ark.Aksel Fronth
Sykylven	Ikornes	Ikornes kapell		b.1978, betong, mur, ark.Aksel Fronth
Sula	Eidsnes	Indre Sula kirke	korskirke i tre	b.1984, ark.Aksel Fronth
Ålesund	Moa	Spjelkavik kirke	sekkskanta kyrkje	b.1987, tegl, ark.Alf Apalseth
Sande	Larsnes	Larsnes	kapell	b.1989, tre,stein, ark.Alf Apalseth/Ove Myren
Sykylven	Aure	Sykylven kyrkje		b.1990, betong, tegl,glas, ark.Oskar Norderval
Ålesund	Ellingsøy	Ellingsøy kirke		b.1998, ark.Oskar Norderval

FREDA BYGNINGAR OG ANLEGG

Innheld:

1. Myndighet og lovverk
2. Kva inneber bygningsfreding
3. Forvaltning
4. Endra status
5. Problem og utfordringar

1. MYNDIGHEIT OG LOVVERK

FREDINGSMYNDIGHET:

Foreninga til norske fortidsminnesmerkers bevaring vart stifta av professor og målar J.C. Dahl i 1844 og hadde som hovudoppgåve å arbeide for bevaring av stavkyrkjene og dei mellomalderske steinbygningane. Denne institusjonen hadde noko av den same funksjonen som den seinare Riksantikvaren.



Nøisomhed, Molde kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

Riksantikvaren var oppretta i 1912 etter initiativ frå fortidsminneforeninga. Den opphavlege oppgåva var å overvåke bevaring og restaurering av historisk interessante og kunstnerisk verdifulle gamle bygningar og gjenstandar som ikkje var lagt under musea si varetekts. Riksantikvaren skulle også opptre som departementet sin konsulent i slike spørsmål.

1. januar 1990 fekk fylkeskommunen delegert mynde for forvaltning av freda bygningar frå staten. Dette vart gjort som del av omorganisering av kulturminneforvaltninga.

LOVVERKET

Det første lovverket vart etablert i 1905; "Lov om freding av norske fortidsminner". Som namnet seier var alder eit viktig utvelgjingskriterium for det første kulturminnearbeidet, og lova omfatta berre forhistoriske eller mellomalderske gjenstandar og bygningar. I 1920 vart det etablert ei meir "oppdatert" lov som gikk spesielt på bygningar; "Lov om bygningsfredning". Denne ga heimel til å frede bygningar frå nyare tid, men diverse ikkje heimel til å frede området rundt ei freda bygning. Den utgåva av lova som gjeld i dag, "Lov om kulturminner" vart vedtatt 09.06.1987 og vart sist endra 03.06.1992. Denne lova gjev heimel til å frede bygningar, bygningsmiljø og anlegg av arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Det er også heimel til å frede eit område rundt bygningane, samt eit kulturmiljø. Det er og starta ein prosess med ny revidering av "Lov om kulturminner". Det er her lagt inn følgjande forslag: Grensa for automatisk freda bygningar er foreslått flytta frå 1537 til 1650. Dessutan er det foreslått å gje heimel for freding av flytande farty. Det vert dessutan foreslått ei innskjerping når det gjeld vernestyresmaktane sin kontroll over ikkje freda bygningar. Dette gjennom varslingsplikt for kommunane ved handsaming av søknader om riving eller vesentleg endring av bygningar oppført før 1850.

2. KVA INNEBER BYGNINGSFREDNING:

HOVUDIDÉ:

Grunntanken for alt kulturminnevern er at det er viktig å bevare gamle bygningar og andre kulturminner ute i den praktiske verda som identitetsskapande ramme rundt vårt daglege liv. Freding er det sterkeste styringsreiskap som vert nytta ovanfor bygningar med høg verneverdi. Opphavleg var intensjonen å bevare bygningar som av ulike grunnar ikkje kunne bevarast i museal regi. Denne intensjonen gjeld framleis sjølv om det førekjem freda bygningar som del av eit museum. Det har og vore ein viktig føresetnad for bygningsfreding at huset må bevarast som del av det opphavlege miljø, og det vert difor ikkje akseptert å flytte ei freda bygning. Vi kan såleis samla sett for den freda bygningsmassen snakke om eit bygningsmuseum på rot, og bygningsfredning framstår som eit viktig alternativ og supplement til musea sin bygningsbevaring. Til vanleg er det og ein føresetnad at ei freda bygning vert bevart gjennom aktiv bruk, som regel i privat eige. Det som i negativ retning skil bygningsfredning frå bygningsbevaring i museal regi er at freda bygningar til vanleg ikkje er tilgjengelege for publikum.

UTVALSKRITERIAR:

Etter at lova var vedteken i 1920, vart det sett igang arbeid for å kartlegge kva ein hadde av "fredingsverdige" bygningar og anlegg rundt omkring i landet. I "aarsberetning for foreningen til norske fortids mindesmærkers bevaring" for 1929 er det gjengitt "indberetning fra den antikvariske bygningsnevnd om

gamle norske husbygninger" for Møre fylke. "Indberetningen" er redigert etter prestegjeld og sokn. I lista er det sett ei stjerne ved dei anlegga dei har funne "fredingsverdige".

Det har oppgjennom åra vore anvendt ulike utvalskriteriar. Opphavleg ville ein velgje ut bygningar med historisk og kunstnarleg verdi. Dessutan la ein vekt på å frede bygningar med høg aldersverdi, så som mellomalderbygningane. I dag legg ein større vekt på å skape eit representativt utval. Det er etter kvart også lagt vekt på å frede større miljø (fleire bygningar og miljøet rundt i staden for berre enkeltbygningane i seg sjølv). Denne nye intensjonen er nedfelt i lovens formålsparagraf; "Verne kulturminner og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i heilsakapleg miljø- og ressursforvaltning".

I informasjonsbrosjyre om freda bygningar, utgitt av Riksantikvaren vert følgjande utvalskriteriar nemnt:

- Hus som fortel om liv og virke i landet vårt gjennom tidene.
- Hus som representerar det ypperste i norsk byggeskikk, eller er eit godt døme frå ein stilperiode.
- Hus med høg kvalitet når det gjeld handverk og dekor.
- Hus som er knytt til spesielle hendingar eller til personar i landet si historie.
- Industrielle kulturminne; fortel om industri, handverk og næringsliv.
- Hus med høg alder (mellomalder bygningane er difor automatisk freda).
- Dei freda bygningane skal til saman sikre eit representativt val når det gjeld bygningstype, alder, kulturhistorie, byggeskikk og arkitektur.

For å rette opp tidlegare skeivheiter i fredingslista når det gjeld representativitet har vernestyresmaktane i seinare tid tatt initiativ til å frede følgjande kulturminnekategoriar:

- Arkitektur frå nyare tid (det 20.århundrede)
- Kulturminne frå kystkulturen. (jamnfør landsplan for bevaring av fyristasjonar).
- Kulturminne frå arbeider- og kvinnekultur.
- Samferdselshistoriske kulturminne (jarnbane, veg, Telenor).
- Forsvaret sine kulturminne.

HOVUDPRINSIPP:

Forvaltinga av dei freda bygningane er tufta på følgjande hovudprinsipp:

- Bevare bygninga/objektet mest mogleg intakt.
- Bevare bygninga gjennom bruk.
- Naudsynte endringar må ved sidan av å fylle eigaren/brukaren sine behov også ivareta dei verdiar og kvalitetar som er bakgrunnen for fredinga (fredinga sine intensjonar).

KULTURMINNELOVEN SOM VIRKEMIDDEL:

Vi skal her koncentrere oss om vedtaksfreda bygningane, sidan automatisk freda bygningane fell utanfor fylkeskommunen sit myndeområde.

Kategori:

Ein kan frede byggverk og anlegg med kulturhistorisk og ark-

tektonisk verdi. Dessutan fast inventar, samt laust inventar når særlege grunnar tilseier dette.

Område:

Ein kan frede område rundt kulturminne for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet, eller for å verne om vitskaplege interesser (§19).

Kulturmiljø:

Kongen kan frede eit kulturmiljø for å verne området sin kulturhistoriske verdi. Herunder kan ein også fornye eller regulere ei kvar verksemd og ferdsel som er eigna til å motverke formålet med fredinga. (§20).

Skjøtsel:

I områder som er underlagt områdefreding eller freding av kulturmiljø kan vedkomande mynde gjennomføre skjøtsel som vert ansett som naudsynt for formålet med fredinga. (§21).

Myndigkeit:

Fylkeskommunen fikk 1.januar 1990 delegert den regionale kulturminne mynde, mens Riksantikvaren framleis er den sentrale kulturminnemynde. Rollefordelinga er omlag som følgjer:

Restriksjonar:

Fredningsvedtaket inneholdt konkrete og meir detaljerte fredningsbestemmelser som er tilpassa den enkelte freda bygning. Eit sentral punkt i desse fredningsbestemmelsane er at ombygging og bygningsmessige arbeider utover vanleg vedlikehald skal godkjennast av fylkeskonservatoren.

Ved sidan av desse konkretiserte bestemmelsane er det også generelle restriksjonar i dei ulike paragrafane i kulturminne-lova:

- Forbud mot tiltak som motverker formålet med fredinga (§15).
- Utførte arbeider i strid med fredinga kan påbys tilbakeført til tidlegare stand (§16).
- Eigaren kan bli pålagt å setje freda bygning i forsvarleg stand (§17), Brann på freda kulturmine skal meldast til vernemyndighetene som avgjer om kulturminnet skal setjast i stand. (§18).

Dispensasjon:

Departementet kan i særlege tilfelle gjøre unntak frå vedtak om fredning og fredningsbestemmelser for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det frede kulturmillet. For vedtaksfreda bygningar er denne mynda til å gje dispensasjon delegert til fylkeskommunen.

Tilskot:

Dersom det vert sett vilkår for dispensasjonen som gjer arbeidet dyrare skal eigaren eller brukar få heilt eller delvis vederlag for denne utgiftsauken. (§15a). Dessutan kan eigaren eller brukaren få tilskot til vedlikehald, eller til endringar som er godkjent av vedkomande mynde etter lova. (§17).

Straff:

Overtreding av forbod, påbod, vilkår eller bestemmelser gitt i medhald av kulturminnelova kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år. (§28).

3. FORVALTNINGA

Ulike rollar i forvaltinga av freda bygningar:

EIGAREN:

- har i hove til Plan- og bygningslova generell plikt til å halde huset sitt ved like (gjeld også freda bygningar).
- må forhalde seg til kulturminnelova og til dei særskilte fredingsførere segnene i fredingsvedtaket.
- må søkje fylkeskommunen sin kulturetat om løyve til å setje i gang alle typer arbeid som går utover vanleg vedlikehald.

KOMMUNEN:

Kommunen har ansvar for:

- at det vert tatt omsyn til freda bygningar i kommunen si arealplanlegging. Deiblant leggje arealplanar som omfattar freda anlegg fram for fylkeskommunen sin kulturetat.
- at fylkeskommunen får hove til å uttale seg til dispensasjoner frå rettsleg bindande arealdisponeringsplan.
- at byggjemedlingar vedkomande ei freda bygning eller dens nærmeste omgjevnader vert lagt fram for fylkeskommunen før vedtak vert fatta.

Dessutan er kommunestyret, som kommunens øverste planmynde, ein sentral høyningsinstans.

Når fredningsforslaget har vore ute på høyring skal dette saman med innkomne merknader sendast over til kommunen for uttale. Kommunen sin uttale vil danne eit viktig grunnlag for den endelege vurdering av fredingssaka.

FYLKESKOMMUNEN:

- Vere huseigaren sin kontakt når det gjeld spørsmål om vedlikehald, om- og påbygging og økonomisk stønad.
- Handsame søknad om dispensasjon frå fredningsbestemmelserne.
- Gje pålegg om tilbakeføring av arbeid iverksett i strid med fredningsbestemmelserne.
- Gje pålegg om naudsynt vedlikehald.
- Førebu fredingssaker for høyring og vedtak hos Riksantikvaren.
- Ivareta verneinteressane i plan- og utbyggingssaker.
- Sørge for at det vert tatt omsyn til dei frede anlegg og områder i den fylkeskommunale planleggingen og for at kommunane gjer det same i sine planer.
- Vere fylkeskommunen sin faglege rådgjevar i antikvariske spørsmål.
- rettleie eigaran av freda hus, og hjelpe dei tilrette i deira arbeid med å halde bygninga ved like.

RIKSANTIKVAREN:

Riksantikvaren si hovedoppgåve er forvaltning, iverksetting og koordinering. Meir konkret har dei følgjande oppgåver.

- Fatte fredingsvedtak. I enkelte hove også førebu fredingssaker.
- Utarbeide retningslinjer for vernearbeidet.

- Innpasser vernearbeidet i fysisk planlegging.
- Handsame søknader om dispensasjon frå automatisk freding av kulturminner.
- Stå for vedlikehald og skjøtselsarbeid.
- Forvaltingsansvaret for dei automatisk freda mellomalderbygningane
- Klageinstans for vedtak fatta i fylkeskommunen.

MILJØVERNEPARTEMENTET:

Miljøverndepartementet si oppgåve er å fastsetje den offentlige vernepolitikken. Dette skjer ved at dei foreslår lovendringar, utarbeider fortolkningar, forskrifter og overordna retningsliner. Departementet er dessutan klageinstans for vedtak fatta av Riksantikvaren.

FREDINGSVEDTAK - TINGLYSING, HISTORIKK FOR MØRE OG ROMSDAL

Etter kvart som ein fekk oversikt og gjort vurderingar av foreslatte anlegg tidleg i 1920-åra, vart det gjort formelle fredingsvedtak med etterfølgjande tinglysing. Den første bygniga som vart tinglyst freda i Norge var hovedbygninga på Løset nedre i Rindal (tinglyst freda 17. april 1923).

1923

Utover i 1923 vart 10 anlegg i Møre og Romsdal tinglyst freda. Dette var i tillegg til Løset i Rindal på Nordmøre, ni anlegg i Romsdal: Erikgarden på Daugstad i Tresfjord, Eidegardane i Eidsbygda, Eid/Rauma, Hole (Nerhole) og Mjelva i Grytten/Rauma, Veøy gamle prestegard i Veøy/Molde, Vorpenes i Nesset, og Nøisomhed, Tøndergård og Aarø Indre i Bolsøy/Molde.

1924

I 1924 kom det til 20 nye anlegg. 19 av dei 20 var på Nordmøre, mellom anna fleire bygårder i Kristiansund (Fosna gamle gaard, Knudtzongaarden, Johnsengaarden, Brodkorbaarden, Volckmars posthus, Clausengaarden, Christiegaarden, Fosna nye gaard, Pareliusgaarden og Lossiusgaarden). Fleire av desse freda anlegga vart øydelagde av bombing og brann i april 1940. I dag er berre tre av anlegga att. Det er Brodkorbgården, Christiegården og Lossiusgården. Også nokre anlegg på bygdene på Nordmøre vart freda i 1924. To anlegg i Halsa (Halsa og Rognskog), Gjemnes gard i Gjemnes og heile seks anlegg i noverande Surnadal kommune (Søyset, Kvande (to), Torvik, Stangvik prestegard og Åsskard). Det einaste anlegget utanom Nordmøre var Ørskog prestegard på Sunnmøre.

1927

I 1927 vart tre objekt i noverande Volda kommune tinglyst freda. Det var hovedbygninga i Ristegarden, "Bukkebuda"/sengjabud på Hundnes og røykstove i Velsvik. Den sistnemnde er seinare tidfesta til mellomalder og soleis automatisk freda (\$4).

1939

Ein fekk ein serie med tinglysing av fredingar i 1939. Heile 13 anlegg på Sunnmøre og fire på Nordmøre. Dei 13 på Sunnmøre var: Vidnes og Åhaugen i Vanylven, Egset i Volda og Årfot i Ørsta, Frøysadal og Hauge i Sunnylven/Stranda, Bjørstad og Rellingen i Norddal, Løset og Jøsvoll (tre bruk)

i Stordal og Solnør gard i Skodje. Dei fire anlegga på Nordmøre var: Rokset i Averøy, Rottås i Tingvoll og Ranes og Surnadalsøra (gammellåanna) i Surnadal. Frå 1941 har vi to tinglyste fredingar. Det er Stordalsholmen i Stordal og Venås i Tingvoll.


I 1947 vart Årfotstova i Ørsta tinglyst freda. I 1957 vart Tøndergård på Fannestranda i Molde tinglyst freda. I 1968



Løset nedre i Rindal kommune var den første bygniga som vart tinglyst freda i Norge. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.



Hovudhuset på Solnør gard, Skodje kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatorsen sitt arkiv.



Stabbur Knutegard, Nersaure i Ørsta kommune. Bilete henta frå SEFRAK-arkivet. Foto: S. Dimmen.

vart eit stabbur på garden Vidnes i Syltefjorden i Vanylven kommune freda.

Frå 1979 har vi seks tinglyste fredingar. Det er uthusbygningar på Ristegarden i Volda, bårstove, stabbur og uthus i tunet på og garvarbuda og landingsvoren ved sjøen, Volda og familiegravstaden Alders Hvile i Kristiansund. Frå 1980-åra har vi tre tinglyste fredingar. Det er stove og sengjabud frå Framgarden på Habostad i Stranda (1980 tinglyst freding overført frå Habostad i Stranda til Sunnmøre museum i Ålesund). Bygningane står no på Sunnmøre museum etter først å ha vore innom eit lokalt bygdetun på Stranda (1933-53). Neste på lista er hovedbygninga på Herøy prestegard på Raftenes, Gurskøy (1983). Bygninga er no i privat eige (steinvoren og eit område rundt hovedbygninga inkl. hagen vart freda i "prestegardsfredinga" i 1993). Den tredje tinglysinga er den "første ut" av jugendbygningane i Ålesund; Svaneapoteket (1985).

AUTOMATISK FREDA BYGNINGAR

Vi har nokre få bygningar i Møre og Romsdal som har så høg alder (frå før 1537) at dei er automatisk freda etter Lov om kulturminne, § 4. Ni av kyrkjene våre er frå mellomalderen: St. Jetmund (Åheim), Giske, Borgund, Veøy, Tingvoll, Edøy, Rødven, Kvernes og Grip.

Av profanbygningar har vi fire i Skjåstaddalen i Hjørundfjorden, Ørsta kommune:

Stabbur i Knutegarden, Saure, gnr.136/1, Bud på Saure fremre, gnr.136/2, Stabbur på Raustad og stabbur i Kristengarden på Skjåstad. Eg har tidlegare nemnt røykstova i Velsvik i Volda. Den siste bygninga i Møre og Romsdal som "ekspertisen" har tidfesta til mellomalder er eit stabbur på Eikrem i Volda. Tilsaman vert dette 15 bygningar med automatisk freding.

FREDING AV PRESTEGARDAR

Etter at lov om bygningsfreding var på plass, og ein sette i gang prosessen med å frede bygningar, gjorde ein den vurdering at for bygningar som staten eigde var det ikkje naudsynt med enkeltvedtak om freding og tinglysing. Men ein valde å lage ei liste over dei av staten sine bygningar som skulle handsamast som freda (sjå 4.4.03.1. administrativt freda bygningar). Erfaringane fortalte etter kvart at dette ikkje var ei god nok løysing for å ivareta kulturminneverdiane i statens eige. Mellom anna hadde ein ikkje heimel for å nekte riving dersom det vart reist krav om det. For ein del bygningstyper fann ein ut at det beste var å gjere enkeltvedtak om freding. I 1980-åra sette ein igang med ein prosess for prestegardane som førde fram til fredingsvedtak og tinglysingar tidleg på 1990-talet. Tilsaman er elleve anlegg i Møre og Romsdal freda med tilsaman 31 bygningar, to landingsvorer, ei kai og eit område. Det mest "beskjedne" objektet er tiendebuda på Sunnylven prestegard og det i særklasse største anlegget er Nesset prestegard med ti freda bygningar. Dei elleve anlegga er: Herøy, Volda, Sunnylven, Norddal, Ørskog, Vestnes, Nesset, Kvernes, Aure, Tingvoll og Stangvik.

Sjå foto neste side



Nesset prestegard, Nesset kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.



Myrabakken 8 i Molde. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Brit Hansen.

ANDRE FREDINGAR

Riksantikvaren si satsing på fredning av kulturminne frå kystkuluren har mellom anna resultert i ein prosess der losstasjonen Teistklubb på Hustadvika i Fræna kommune med ni bygningar og eit stort område vart freda i 1993. I dei seinaste åra har ein gjennomført ein del fredingar av bygningar frå dette hundreåret. Eg har allereie nemnt Svaneapoteket i Ålesund frå gjennoppbygginga etter brannen i 1904. Etter 1985 har følgande bygningar i Ålesund kome til på fredningslista: Keiser Wilhelmsgate 40, Parkgata 5, Kongensgate 10A og 12, Apotekergata 5 / Bersetbuda, Lorkenesgata 2 / Arbeiderforeninga, Storgata 23, Hans Størms gate 2, Langeberggata 3 og Løvenvoldgata 11.

Frå Gjenreisinga etter 1940 i Molde er følgande bygningar freda: Henrik Ibsensgate 5 (svenskbyen) og Myrabakken 8.

FORESLÅTT FREDA

Prosessens fram til endeleg vedtak og tinglysing av fredning er meir omstendeleg no enn den var i 1920-åra. Ein del fredingsforslag er under behandling, men endå ikkje avslutta. Til denne gruppa høyrer: Dalen gård og Hauggata 26, Kristiansund kommune, Arneløa i Tafjord og Sevrinbrauta på Veiberg i Eidsdal i Norddal kommune, Sveen i Sunndal kommune, Hjellens Notbøteri, Ålesund, Chateauet, Parkveien 42, Molde kommune og Skodje bru (1922) i Skodje kommune.

MELLOMBELS FREDING

Lov om kulturminne, §22 punkt 4 gir heimel til mellombels freding. Slik heimel til å gjøre vedtak om mellombels freding har Riksantikvaren og i Møre og Romsdal er slik heimel delegert til fylkeskommune som vidare har delegert heimelen til fylkeskultursjefen. Ordninga er i Møre og Romsdal brukta av fylkeskommunen for Arneløa i Tafjord, for tre bygningar i Grimbergård-kvartalet i Ålesund i samband med planlegginga av utbygging av butikkcenter i kvartalet og for Sevrinbrauta på Veiberg i Eidsdal. Riksantikvaren har tidlegare brukta ordninga for ei rivingstrua bygning i Hønebukta i Kristiansund og nyleg for Molde Domkirke i samband med planlegging av nytt orgel.

FREDINGAR FØR OG NO - KVA HAR ENDRA SEG

Som eg er inne på i forrige avsnitt er freding i dag meir "omstendelegr" enn det var til eksempel i 1920-åra. I den tidlegaste perioden var fredinga svært "enkel". Det var lite spesifisering av kva fredinga omfatta. I tinglysinga kunne berre stå at: "anlegget er freda" e.l. Vedtak om freding kunne gjerast utan nokon føregåande prosess med offentleg høyring o.s.v.

Ein finn sjeldan opplyst grunngjeving for fredinga. Eit unntak er Eide-tunet der vern av eit heilheitleg klyngetun var føremålet. I dag skal ein først ha ein detaljert dokumentasjon av anlegget som grunnlag for utarbeiding av eit fredingsforslag. Utarbeiding av fredingsforslag skal skje i kontakt med berørte parter (grunneigarar o.a.), berørt kommune og det skal kunn gjerast i aviser at arbeidet er i gang.

Forslag til freding skal innehalde nøyaktig beskrivelse av kva fredinga omfattar og eigne fredingsbestemmelser for det konkrete anlegget. Fredingsforslaget skal kunngjera i avisene på staden og sendast ut på offentleg ettersyn (til m.a. kommune og fylkeskommune) i tillegg til at eigar skal få høve til å uttale seg før endelig fredingsforslag vert handsama av Riksantikvaren som gjer evnt. endeleg vedtak om freding. I dag vil ein stort sett også finn grunngjeving for fredingane slik som styrking av kystkulturvernet, sikring av verdifulle prestegardar o.s.v.

4. ENDRA STATUS

Ikkje alle bygningar som har hatt fredingsvedtak, har blitt tinglyst freda. Gjennom tida etter 1923 har både tinglyst freda bygningar og anlegg og objekt som har hatt fredingsvedtak utan tinglysing fått endra status. Nokre har vorte flytta til museum, men behalde fredinga, nokre har vorte overtakne "på rot" av museum, nokre har fått sletta fredinga på grunn av øydeleggande endringar e.l. og ei fjerde gruppe er borte (reve eller brent) og derfor sletta av fredingslista.

FREDA BYGNINGAR OG MUSEA

Ein del freda bygningar har seinere havna i museer si eige. Dette gjeld både freda bygningar som seinare er flytta til museum (i strid med fredingsbestemmingane), og freda bygningar "på rot" som er overtatt av museer. Det er viktig å

drøfte korleis ein i framtida skal forhalde seg til slike bygningar som er overtatt av eit museum:

- Skal museumsbygg strykast av fredningslista? Bør ein i så måte gjere forskjell på hus på rot og hus som er flytta til museum?
- Bør freda museumsbygg sokast ført tilbake til det opprinnelige bygningsmiljøet?
- Bør det utarbeidast instruks for nærmare samarbeid mellom musea og fredningsmyndighetene?

FLYTTA TIL MUSEUM

Eg har allereie nemnt at to bygningar frå Habostad på Stranda har kome på Sunnmøre museum. I tillegg har Sunnmøre museum ei stampe frå Vik i Vanylven og delar av ei masstove frå Jøsvoll (137/1) i Stordal. Frå Jøsvoll har det også hamna ei stampe på Norsk Folkemuseum på Bygdøy i Oslo. Løsetstova i Stordalen er overtaken av kommunen flytta frå garden Løset i Rødsetdalen og sett opp som museumsbygg på ny tomt ved sidan av Stordal gamle kyrkje og den gamle prestestova. Romsdalsmuseet har ei stove og eit stabbur frå Eirikgarden på Daugstad i Tresfjord/Vestnes og seks bygningar (stove, kufjøs, grisehus, stabbur, sauefjøs m/løe og fjøs/låve) frå Eidetunet i Eidsbygda, Rauma kommune. Bygningane er flytta i ein periode frå 1928 til 1957. Surnadal bygdemuseum har røykomnstua som i 1924 vart tinglyst freda på garden Torvik. Bygninga vart i 1933 flytta til Stangvik museum og kom i 1984 til museet på Åsen.

OVERTATT AV MUSEA

Ein del freda bygningar har vorte overtatt av museum. Musea har gått inn som eigarar og bygningane har vorte ståande "på rot". Dette gjeld Ner-Hole i Rauma, Veøy prestegard i Molde, Garvarbuda i Volda og når det gjeld forvaltning også Nesset prestegard i Nesset.

BRENT

Eg har allereie nemnt dei sju anlegga som gjekk tapt i Kristiansund i april 1940. Også Onsumgarden på Veblungsnes i Rauma strauk med som resultat av krigshandlingane i 1940.



Våningshus på Erik-garden viser opprinnelig plassering. Huset er no flytta til Romsdalsmuseet. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Sverre Berg.

Det freda anlegget Fredsberg ved Nørvasundet i Ålesund vart øydelagt av brann i 1962.

SLETTA FREDINGAR

Etter den oversikta eg sit med har følgjande anlegg fått sletta freding av andre grunnar enn brann: Duestøl (1937) i Vanylven, Kongsvoll (1937) i Volda, Raustad og Bjørke (1980) i Hjørungfjorden, Ørsta, Osvik (1937) og Høghjelle (1982) i Norddal, Øvrebust (1980) og eit av brukna på Jøsvoll (nbr. 2) i Stordal, Uglvik (1947) i Midsund, Fjærrestua i Molde, Rokset i Averøy, Gyl sorenskrivargard (1954) i Tingvoll og bnr. 2 på Rognskog i Halsa. Slettingane i 1937 kan tyde på att Riksantikvaren har hatt ei "opprydding" i listene før tinglysingrunden i 1939.

5. PROBLEM OG UTFORDRINGAR:

Med utgangspunkt i fredingslista og korleis dei freda bygninane er forvalta no i dag vil vi seie noko om kva for problem og utfordingar vi står framfor i kulturminnevernet.

VURDERING AV FREDINGSLISTA I HØVE TIL ULIKE UTVALSKRITERIER:

Som vedlegg til planen følgjer også ei komplett fredingsliste for Møre og Romsdal (vedlegg side 16). Nedanfor følgjer eit samandrag av fredingslista der ein viser korleis tidlegare fredingar er fordelt på fredingsår og objekttyp. Dette som grunnlag for å vurdere korleis bruken av fredingsreiskapen i høve til dei foran nemnte utvalsriteria, deriblant representativitet:

År	Embetsgard hovedbyg.	Embetsgard uthus	Gardsbruk bustad	Gardsbruk stabbur	Gardsbruk sengjabu	Gardsbruk uthus	Bygård	Kystkultur	Anna
1923	4	2	4	1					
1924	2		11	4		5	3		3
1927	1		1		1				
1939	2		10	3	3	4			
1941			1						1
1947			1						
1957			1						
1968				1					
1979		3					2	1	
1983	1					1			
1985									
1991	7	14					1	1	
1992		2							
1993	1	3					10		
1995						2	1	2	
1996						1			
1997						4			
1998						1			
§ 4									9
SUM	18	25	29	13	5	9	12	14	17

Oversikta er særskjematisk, og gir ikkje eit heilt nyansert bilet, men vi kan ane enkelte tendensar. Den gamle norske bondekulturen er særskjematisk godt representert. Av de 142 objekta på fredingslista høyrer heile 99 objekt heime i gardsmiljø. Av desse igjen er 56 del av vanlege gardsbruk, mens 43 objekt er del av embedsgardar. Blandt gardsbygningane er det og ei rimeleg god fordeling mellom våningshus/stovehus og andre bygningskategoriar (stabbur/sengjabu/uthus), omlag halvparten av kvar.

Kystkulturen er langt dårlegare representert, med i alt berre 14 objekt, av dei høyrer heile 10 objekt heime på Teistklubben i Fræna som vart freda i 1993. Imidlertid kan også 5-6 av dei kulturminna som er ført opp under andre rubrikkar reknast

som kystkultur, mellom anna Herøy Prestegard. Kystkulturen vil imidlertid bli betre representert når ein får gjennomført den fredinga av 9 fyrstasjonar i Møre og Romsdal som er foreslått i den nasjonale planen for freding av fyrstasjonar.

Riksantikvaren la i 1997 fram ein nasjonal verneplan for fyrstasjonar. Planen foreslår freding av 85 fyrstasjonar og 4 tåkeklokker langs norskekysten. Talet på foreslalte fyrstasjonar varierar sterkt frå fylke til fylke. For Nordland er det foreslått 12 fyr, for Rogaland 11 og for Sør Trøndelag og Møre og Romsdal 9 objekt kvar. Dei ni fyrstasjonane som er foreslått freda i Møre og Romsdal er:

namn på fyrstasjon	kommuune namn	lægje	oppretta årstal	funksjon
Runde fyrstasjon	Herøy	på øya Runde	1767	kystfyr
Grasøyane fyrstasjon	Ulstein	nordvest for Flo	1886	innseilingsfyr
Hogsteinen fyrstasjon	Giske	sørsida av Godøya	1857	innseilingsfyr
Alnes fyrstasjon	Giske	nordsida av Godøya	1853	led-/tidlegare fiskefyr
Ulla fyrstasjon	Haram	Haramsøya nordvest	1874	led-/tidlegare fiskefyr
Ona fyrstasjon	Sandøy	på øya Ona	1867	kystfyr
Kvitholmen fyrstasjon	Eide	nordvest for Vevang	1842	ledfyr
Grip fyrstasjon	Kr.sund	noraust for øya Grip	1888	kystfyr
Haugjegla fyrstasjon	Smøla	nord for Veiholmen	1922	ledfyr

Riksantikvaren arbeider med fyrfredingssakene etter ein framdriftsplan der ein tek for seg ein del av landet kvart år og beveger seg frå Oslofjorden og langs kysten om Sørlandet og nordover. Som vedlegg til planen (vedlegg side 18) følger ei liste over alle fyrstasjonane i Møre og Romsdal.

Under rubrikken anna (17 objekt) er det teke med lysthus, handelsstad, gravstad, paktarbustad på embetsgard, bustadhús og villa i bymiljø, bårstue og driftsbygning til bygård og dei ni mellomalderkyrkjene (6 i stein og 3 i stav).

Den urbane kulturen er dårleg representert på fredingslista, med berre 12 objekt, dei fleste av desse er bygårdar frede som arkitektur frå det 20. århundrede (jugendstilarkitektur i Ålesund, og gjenreisningsarkitektur i Molde). Det er imidlertid på gang fleire fredingar av jugendstilbygningar i Ålesund, byvilla i Molde og gjenreisningshus i Kristiansund.

Industrielle kulturminne er i dag ikkje representert på fredingslista. Det vart starta opp fredingssak for Hjelens notbøteri i 1994, men saka er førebels lagt til sides av ulike årsakar. Mellom anna har det synt seg vanskeleg å kome fram til gode løysingar når det gjeld adkomst og bruk av dette store anlegget, samstundes som vern vil kreve store økonomiske ressursar. Det er laga ein nasjonal plan for bevaring av tekniske og industrielle kulturminne. I denne vert det foreslått å frede følgjande tekniske kulturminne i Møre og Romsdal: Oddfred Tokles konfeksjonsfabrikk, Isfjorden, Rauma kommune. Mellomværfjet, Vågen, Kirklandet og Brunsvikens Reperbane, Kirklandet, Kristiansund kommune

Det er enno ikkje tatt initiativ til å starte opp freding for desse anlegga.

Når det gjeld freding av arkitektur frå nyare tid er som nemnt dette fanga opp i ei rad fredingar av arkitektur frå det 20-århundrede. Dette bør imidlertid supplerast med fleire fredingar for å få eit meir komplett bilet når det gjeld bygningstypar.

Arbeider- og kvinnekultur er lite representert i fredingslista.

Når det gjeld samferdselshistoriske kulturminne vil vi vise til at det er starta opp arbeid med ein nasjonal verneplan for vegar og bruer.

Fredingslista er noko tilfeldig når det gjeld å vere representativ for fylkes sin byggjeskikk. Mellom anna manglar døme på kombinasjonen stavline/lafta tømmer, ein kombinasjon som mellom anna er representert i svalgangssjøhusa på Nordmøre.

Til ein viss grad har ein også freda "bygningsmiljø" i form av fleire bygningar, (til dømes gardstun). Ofte omfattar imidlertid ikkje verne miljøet mellom bygningane. Det er også døme på at berre ein av fleire verneverdige bygningar i gardstun er freda, men dei andre bygningane ikkje har noko formalisert vern.

Det er naudsynt med meir grundig gjennomgang for å vurdere i kva grad fredingslista dekkjer andre sentrale vurderingskriterier, så som "hus som fortel om liv og virke gjennom tidene" og "hus med høg kvalitet når det gjeld handverk og dekor".

DELVIS FREDA BYGNINGSMILJØ

I nokre tilfelle er berre ei bygning freda i eit større bygningsmiljø som samla har stor verneverdi, uten at det øvrige miljøet er underlagt formelt vern. Dette er spesielt opplevd problematisk for dei frede prestegardene sitt vedkommende der det ikke er innarbeidd gode samarbeidsrutiner mellom dei som har tilsynet med prestegarden og vernemyndighetene.

Ein bør i slike høve drøfte følgjande tiltak:

- Frede fleire av bygningane.
- Områdefreding.

- Formalisert vern av dei andre bygningane og miljøet rundt gjennom regulering til spesialområde bevaring. Dette er tilrådd i fredingsvedtaket for fleire prestegardar, utan at dette er fulgt opp (av dei aktuelle kommunane).

KONKLUSJON:

Ein bør foreta ein grundig gjennomgang av fredingslista med to føremål for auge. Ein bør vurdere å stryke bygningar som er sterkt modernisert eller som på annan måte ikkje lenger fyller kriteria/krava for freda bygningar. Dessutan bør ein vurdere nye fredingar med tanke på få fredingslista mest mogleg komplett med tanke på utvalskriteria (representativitet m.m.).

OPPFØLGING/ØKONOMI?

Det har så langt berre vore sporadisk kontroll av vedlikeholds-tilstanden til dei frede bygningane. Fylkeskonservatoren foretok ein gjennomgang i 1984 etter oppdrag frå Riksantikvaren. Det er viktig å kome fram til faste og godt fungerande rutinar for jamnleg ettersyn.

Som del av ettersynsstrategien bør ein vurdere å utarbeide vedlikehaldsprogram (evt. EDB-program) for dei frede bygningane frå nyere tid. Riksantikvaren har allereie laga eit slikt program for frede mellomalderbygninga.

Vi vil samstundes presisere at den noverande tilskotsramma for frede bygningane er alt for knapp i høve til det intensjonen om økonomisk kompensasjon som er nedfelt i Lov om kulturminner (jamfør § 15 a og § 17). Ei sterke auke av tilskotsramma er særskilt nødvendig for at ordninga med freding i det heile skal eksistere. Denne ubalansen mellom tilskot ramme og behov bør og vere ei sterke utfordring til å auke tilskotsramma.



Årø indre, Molde kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

FREDINGSLISTA FOR MØRE OG ROMSDAL

Liste over bygningar og anlegg i Møre og Romsdal som er freda etter lov om kulturminne. Liste frå hausten 1998.

Lista er ordna kommunevis etter kommunenummer og etter matrikkelnr. innanfor kvar kommune. Dei fleste bygningane er freda ved enkeltvedtak etter § 15 i Lov om kulturminne. 15 bygningar er freda med heimel i § 4 (automatisk freda p.g.a. høg alder). I lista er desse femten merka med (§4).

komn nr.	komn.namn	namn på eideom/gardsbruk	freda bygningar og anlegg	tinglyst
1502	Molde	Romsdalsmuseet Eide	sauefjøs med løe	1924
1502	Molde	Romsdalsmuseet Eide	stabbur	1924
1502	Molde	Romsdalsmuseet Eide	grisehus	1924
1502	Molde	Romsdalsmuseet Eide	kufjøs	1924
1502	Molde	Romsdalsmuseet Eide	fjøs og låve	1924
1502	Molde	Romsdalsmuseet Eide	stue Eistedstua	1924
1502	Molde	Romsdalsmuseet	hovedbygning	1923
		(Daugstad, Vestnes)	Eriksgarden	
1502	Molde	Romsdalsmuseet	stabbur	1923
		(Daugstad, Vestnes)	Eriksgarden	
1502	Molde	Myrabakken 8	bygård frå gjenreisinga med butikk, kontor og bustad	1995
1502	Molde	Henrik Ibsens vei 5	bustadhus, svenskhus frå gjenreisinga etter 1940.	1995
1502	Molde	Tøndergård	hovedbygning	1957
1502	Molde	Berg-Nøisomhed	saghus	1923
1502	Molde	Berg-Nøisomhed	hovedbygning med bakbygning	1923
1502	Molde	Berg- Nøisomhed	borestove	1923
1502	Molde	Aarø indre	hovedbygning	1923
1502	Molde	Veøy gamle prestegård	hovedbygning	1923
1502	Molde	Veøy kirke	steinkyrje	§ 4
1503	Kristiansund	Skippergt. 17, Lossiusgården	hovedbygning	1924
1503	Kristiansund	Langv. 43, Alders hvile	gravsted	1979
1503	Kristiansund		lysthus	1924
1503	Kristiansund	Fosnagt 25, Brodkorbgaarden/Christiegården	to hovedbygningar, driftsbygning og bårstue	1924
1503	Kristiansund	Grip stavkirke	stavkyrkje	§ 4
1504	Ålesund	Apotekergrt. 16, Svaneapoteket	bygård	1985
1504	Ålesund	Sunnmøre Museum, (Habbotad, Stranda)	stueFramgard	1939
1504	Ålesund	Sunnmøre Museum, (Habbotad, Stranda)	sengebuFramgard	1939
1504	Ålesund	Sunnmøre Museum, (Jøsvold, Stordal)	masstoveYstegarden	1939
1504	Ålesund	Borgund kirke	steinkyrje	§ 4
1504	Ålesund	Langebergg. 3	bygård	1997
1504	Ålesund	Apotekergrt. 5, Bersetbuda	sjøpakkhus	1995
1504	Ålesund	Storgata 23	bygård	1997
1504	Ålesund	Keiser Wilhelmsgate 40	bygård	1995
1504	Ålesund	Lorkenesgt. 2	Ålesund Arbeiderforening	1998
1504	Ålesund	Kongengata 10 B og 12	bygård	1997
1504	Ålesund	Lövenvoldsgt. 11	Lövenvold kino	1996
1504	Ålesund	Parkgt. 5	bygård	1997
1504	Ålesund	Hans Strømsgt. 2	villaDevoldsvillaen	1995
1511	Vanylven	Vidnes	stabbur	1968
1511	Vanylven	Skalde	løe	1939
1511	Vanylven	Skalde	steinfjøs	1939
1511	Vanylven	Skalde	sengebu (fjøs)	1939
1511	Vanylven	Åheim kirke	stenkirke, St.Jetmund	§ 4
1511	Vanylven	Åhaugen	røykstove	1939
1515	Herøy	Herøy gamle prestegård	hovedbygning	1983
1515	Herøy	Herøy gamle prestegård	steinvøren (brygge)	1993
1519	Volda	Eikrem	stabbur	§ 4
1519	Volda	Ekset	hovedbygning	1939
1519	Volda	Volda prestegård	hovedbygning	1993
1519	Volda	Volda prestegård	stabbur	1993
1519	Volda	Volda prestegård	eldhus/garasje	1993
1519	Volda	Ristegård	hovedbygning	1927
1519	Volda	Ristegård	uthus	1979
1519	Volda	Ristegård	stabbur	1979
1519	Volda	Ristegård	borgstove	1979
1519	Volda	Ristegård	sjøbod, "garverbuda"	1979
1519	Volda	Ristegård	steinvøren	1979
1519	Volda	Hundnes	"Bukkebuda", sengjabud	1927
1519	Volda	Velsvik (§ 4)	røykstove	1927
1520	Ørsta	Åflot	stue	1947
1520	Ørsta	Knutegarden Saure	stabbur	§ 4
1520	Ørsta	Saure Fremre, Larsgården	bu	§ 4
1520	Ørsta	Raustad	stabbur	§ 4
1520	Ørsta	Skjåstad, Kristengård	stabbur	§ 4
1523	Ørskog	Ørskog prestegård	hovedbygning	1924
1523	Ørskog	Ørskog prestegård	forpakterbolig	1991

1523	Ørskog	Ørskog prestegård	stabbur	1991
1524	Norddal	Bjørstad	stabbur	1939
1524	Norddal	Tidl. Engeset prestegård	hovedbygning	1991
1524	Norddal	Tidl. Engeset prestegård	forpakterbolig eller borgstue	1991
1524	Norddal	Tidl. Engeset prestegård	stabbur	1991
1524	Norddal	Rellingen	hovedbygning	1939
1524	Norddal	Rellingen	stabbur	1939
1525	Stranda	Frysadal	sengebod	1939
1525	Stranda	Hauge	røykstove	1939
1525	Stranda	Sunnylven prestegård	stabbur/ tiendebud	1993
1526	Stordal	Jøsvoll	stovebygning	1939
1526	Stordal	Jøsvoll	stabbur	1939
1526	Stordal	Jøsvoll	masstove	1939
1526	Stordal	Jøsvoll	nystova	1939
1526	Stordal	Løset	røykstove	1939
1526	Stordal	Stordalsholmen	hovedbygning	1941
1529	Skodje	Solnør	hovedbygning	1924
1529	Skodje	Solnør	kontorbygning (brent) skal vere stabbur	1924
1532	Giske	Blindheimshaugen	fornminneområder gravminner	1984
1532	Giske	Giske kirke	steinkyrkje	§ 4
1535	Vestnes	Tidl. Helland prestegård	hovedbygning	1991
1539	Rauma	Hole	hovedbygning	1923
1539	Rauma	Mjelva	hovedbygning	1923
1539	Rauma	Røden stavkirke	stavkyrkje	§ 4
1543	Nesset	Vorpenes	hovedbygning	1923
1543	Nesset	Nesset prestegård	hovedbygning	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	forpakterbolig	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	borgstue m/ved-og vognskjul	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	eldhus	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	stabbur	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	stabbur	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	driftsbygningens eksteriør	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	sommerfjøsets eksteriør	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	kvernhuset	1991
1543	Nesset	Nesset prestegård	naustets eksteriør	1991
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	hovedhus område	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	loshytte	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	låve	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	saltbu	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	hønsehus/utedo	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	smie	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	stabbur	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	båthus	1993
1548	Fræna	Losstasjon på Teistklubben	naust	1993
1554	Averøy	Kvernes prestegård	borgstue	1992
1554	Averøy	Kvernes prestegård	naust	1992
1554	Averøy	Kvernes stavkirke	stavkirke	§ 4
1556	Frei	Frei gamle prestegård	hovedbygning	1939
1557	Gjemnes	Gjemnes	våningshus/ hovedbygning	1924
1557	Gjemnes	Gjemnes	våningshus/ kárbygning	1924
1560	Tingvoll	Tingvoll kirke	steinkyrkje	§ 4
1560	Tingvoll	Tingvoll prestegård	hovedbygning	1991
1560	Tingvoll	Tingvoll prestegård	stabbur	1991
1560	Tingvoll	Tingvoll prestegård	naustet	1991
1560	Tingvoll	Tingvoll prestegård	prestegårdskiaia	1991
1560	Tingvoll	Venås	røykstove	1941
1560	Tingvoll	Rotås	røykstove	1939
1566	Surnadal	Ranes	storstova	1939
1566	Surnadal	Åsen, Surnadal bygdemuseum	røykovnstue	1924
1566	Surnadal	Surnadalsøra Raulåna	gammellåna	1939
1566	Surnadal	Åsskard	dreiestue	1924
1566	Surnadal	Søyset	hovedbygning	1924
1566	Surnadal	Kvande	skrivarstua	1924
1566	Surnadal	Kvande	nerlåna	1924
1566	Surnadal	Kvande	stabbur	1924
1566	Surnadal	Kvande (sjefsgården)	hovedbygning	1924
1566	Surnadal	Stangvik prestegård	hovedbygning	1991
1566	Surnadal	Stangvik prestegård	naustet	1991
1567	Rindal	Løset nedre	våningshus	1923
1569	Aure	Aure prestegård	hovedbygning	1991
1571	Halsa	Halsa	hovedbygning	1924
1571	Halsa	Rognskog Utistua	stabbur	1924
1571	Halsa	Rognskog Bortistua	hovedbygning	1924
1571	Halsa	Rognskog Bortistua	fjøs/stall	1924
1971	Halsa	Rognskog Bortistua	stabbur	1924
1573	Smøla	Edøy kirke	steinkyrkje	§ 4

VERN- OG VEDLIKEHALDSAVTALAR

Dersom ein huseigar mottek tilskot på meir enn kr. 50.000,- frå Riksantikvaren til istransetjing av eit ikkje freda kulturminne, stiller Riksantikvaren som vilkår for utbetaling av tilskotet at det vert inngått ein tinglyst vern- og vedlikehaldsavtale. For nærmare omtale, sjá 4.4.04.

AVTALAR I MØRE OG ROMSDAL

Til no er det inngått vern- og vedlikehaldsavtalar for følgjande objekt i Møre og Romsdal: (Lista er ordna alfabetisk etter kommunenamn)

Kommune	Stad	Anlegg	Objekt i avtalen
Gjemnes	Osmarka	Heggem	"postlåanna"/hovudbygning
Halsa	Otnesbukta	Otnes Handel	handelsbrygga
Herøy	Herøy	Herøy gard	hovudbygning, stabbur, eldhus, potekjellar, vinkjellar
Kristiansund	Kirklandet	Brunsvikens	Reperbane produksjonsbygning
Kristiansund	Innlandet	Tollboden	samanbyggt sjøbod og bustadhus
Molde	Molde	Molde gård	hovudbygning
Nesset	Eikesdal	Eikesdal gml. skole	skolebygning
Stordal	Skotet	Ytste Skotet	hovudbygning, løe, stabbur, eldhus, overvashjulhus, smie
Stranda	Mollsbygda	Mølltunet	to bygningar
Stranda	Geirangerfjorden	Blomberg	samanbyggt stove og løefjøs
Volda	Dalsfjorden	Storlida, Åmelfoten	fem sel på seter
Ørskog	Sjøholt	Sjøholt Hotel	hotellbygninga
Ørsta	Ør stavik	Svendsengarden	hovudbygning, to "bakbygningar" (eldhus og butikk o.a.)
Ørsta	Ør stavik	Fagerlia	hovudbygning og stabbur

TURISTHOTELL

Oversikt over ein del turisthotell frå «Turismens barndom» i fylket.

Kommune	Stad	Hotellnamn	Byggeår	Merknad
Rauma	Mjelva	Hotel Aag	1850-åra	første turisthotellet i Norge
Ørsta	Ør stavik	Ørstenviks Hotel	1855	
Stranda	Geiranger	Meroks Hotell	1867	
Molde	Molde	Alexandra Hotel	1883	tidl. Simonsens Hotel, br.1940
Ørsta	Øye	Hotell Fønix	1883	
Ørsta	Øye	Hotell Retro		
Ørsta	Øye	Union Hotel		
Stranda	Stranda	Strandens Hotel		flytta til Stordal i 1898
Stranda	Hellesylt	Grand Hotel		
Stranda	Hellesylt	Tryggestad		
Stranda	Sunnylven	Fivelstadhaugen		
Stranda	Geiranger	Hotell Geiranger	1885	
Ålesund	Ålesund	Schieldrops Hotel		
Molde	Molde	Grand Hotell		brann i 1933 ?
Volda	Fyrde	Maaens Hotell		
Ørskog	Sjøholt	Sjøholt Hotel	1890	brann 1901, nybygg 1902
Stranda	Geiranger	Hotell Union	1891	
Ørsta	Bjørke	Hotell Søndmør	1891	
Stordal	Stordal	Stordal Hotell	1891	
Stranda	Geiranger	Hotell Utsigten Bellevue	1893	
Rauma	Åndalsnes	Hotell Romsdalshorn		
Rauma	Åndalsnes	Unihjems Hotell		
Rauma	Åndalsnes	Grand Hotell Bellevue		brann i 1940
Surnadal	Skei	Surnadal Hotel		
Molde	Molde	Molde Hotell		
Molde	Molde	Hotell Romsdal		
Molde	Molde	Søstrene Holms Hotell		
Stranda	Stranda	Dreges Turisthotell	1917	

LISTE OVER FYRSTASJONAR I MØRE OG ROMSDAL

Dei som er foreslått freda er merka med (F).

namn på fyrtasjon	komm. namn	lægje	opp- retta årstal	funksjon
Svinøy fyrtasjon	Herøy	vest for Skorpa	1905	kystfyr
Haugsholmen fyrtasjon	Sande	sør for Kvamsøy	1876	innseglingsfyr
Flåvær fyrtasjon	Herøy	sørvest for Bergsøy	1870	ledfyr
Runde fyrtasjon (F)	Herøy	på øya Runde	1767	kystfyr
Grasøyane fyrtasjon (F)	Ulstein	nordvest for Flo	1886	innseglingsfyr
Hogsteinen fyrtasjon (F)	Giske	sørsida av Godøya	1857	innseglingsfyr
Valderhaug fyrtasjon	Giske	sør på Valderøya	1772	ledfyr
Synes Fyrtasjon	Giske	vest på Vigra	1867	innseglingsfyr
Erkna fyrtasjon	Giske	vest for Vigra	1870	kystfyr
Storholmen fyrtasjon	Giske	vest for Lepsøy	1920	kystfyr
Rosholmen fyrtasjon	Giske	nord for Vigra	1881	fiskefyr
Alnes fyrtasjon (F)	Giske	nordsida av Godøya	1853	led-/tidlegare fiskefyr
Ålesund fyrtasjon	Ålesund	på Molja i hamna	1858	innseglingsfyr
Lepsøyrev fyrtasjon	Haram	Hildestrand	1879	ledfyr
Hellevik fyrtasjon	Haram	nord på Lepsøy	1880	fiskefyr
Rødholmen fyrtasjon	Haram	nord for Brattvåg	1893	ledfyr
Ulla fyrtasjon (F)	Haram	Haramsøy nordvest	1874	led-/tidlegare fiskefyr
Ona fyrtasjon (F)	Sandøy	på øya Ona	1867	kystfyr
Flatfæla fyrtasjon	Sandøy	mellom Ona og Gossa	1902	led- og fiskefyr
Bjørnsund fyrtasjon	Fræna	på Nordre Bjørnsund	1871	led- og fiskefyr
Kvitholmen fyrtasjon (F)	Eide	nordvest for Vevang	1842	ledfyr
Hestskjær fyrtasjon	Averøy	nord for Langøy	1879	ledfyr
Stavenes fyrtasjon	Averøy	nordaust på Averøya	1842	innseglingsfyr
Kvitnes fyrtasjon	Kr.sund	nord på Nordlandet	1877	innseglingsfyr
Grip fyrtasjon (F)	Kr.sund	noraust for øya Grip	1888	kystfyr
Tyrhaug fyrtasjon	Smøla	aust for Edøy	1833	ledfyr
Skalmen fyrtasjon	Smøla	nord for Brattvær	1907	kystfyr
Haugjegla fyrtasjon (F)	Smøla	nord for Veiholmen	1922	ledfyr



Mølltunet i Geiranger, Stranda kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Brit Hansen.

KULTURMILJØ

Liste med eksempel på kulturmiljø i Møre og Romsdal ordna etter kulturmiljøtypar. **NB!** Lista er ikkje på nokon måte å rekne som fullstendig og endeleg.

MILJØTYPE EKSEMPEL PÅ MILJØ

1. FYRSTASJON

Dei ni som er foreslått freda: Runde/Herøy, Grasøyane/Ulstein, Hogsteinen/Giske, Alnes/Giske, Ulla/Haram, Ona/Sandøy, Kvitholmen/Eide, Grip/Kristiansund og Haugjegla/Smøla.

I tillegg: Svinøy/Herøy, Erkna/Giske, Storholmen/Giske, Bjørnsund/Fræna, Hestskjær/Averøy, Stavenes/Averøy, Tyrhaug Smøla og Skalmen/Smøla

2. FISKEVÆR, FISKEMOTTAK

Sandshamn/Sande, Fosnavåg/Herøy, Alnes/Giske, Ullahammaren/Haram, Ona/Sandøy, Lyngværet/Sandøy, Bjørnsund/Fræna, Bud/Fræna, Håholmen/Averøy, Hasløya/Averøy, Langøya/Averøy, Tjønnøya/Averøy, Sveggen-Røeggan/

Averøy, Øksenvågen/Averøy, Grip/Kristiansund, Hallarøya/Smøla, Ringøya/Smøla, Brattvær/Smøla og Veiholmen/Smøla.

Fiskemottak: Milnbrygga-Milnbergan/Kristiansund.

3. GRAVRØYSER/KYSTRØYSER

Løsetstranda/Herøy, Flø/Ulstein, Simones/Bringsinghaug/Kvamsøya/Sande, Ellefsrøysa/Godøy/Giske, Rønstad/Lepsøya/Haram, Hogsneset/Nerland/Fræna, Malefeten/Fræna (sjå foto neste side) Tjeldbergodden/Aure, Kuli/Smøla.

Større felt: Horgheim/Rauma, Sandvikhagen/Fræna, Leikvin/Sunndal.

Mindre felt: Aursneset/Sykylven, Gjermundnes/Vestnes, Kolmannsneset/Rauma, Prestneset/Nesset.

4. NAUSTMILJØ, HAMN/SJØHUSMILJØ

Åheim/Vanylven, Fosnavåg/Herøy, Runde/Herøy, Dalsbygda/Norddal, Liasjøen/Stranda, Geiranger/Stranda, Naustrekke Haram/Haramsøy/Haram, Ullanausta/Haramsøy/Haram, Eikremsbukta/Aukra, (foto neste side) Bud/Fræna, Boggestranda/Nesset, Naustrekke Fagerengbugen/Averøy, Hønebukta og Sjursvika/ Innlandet/Kristiansund, Vågen/Kristiansund, Kvalvåg/Gjemnes, Stangvik/Surnadal, Otnes-



Grip fyrtasjon. Biletet er henta frå Prosjekt Grip 2000-2001. Foto: Kjell Otto Hamser.



Veiholmen, Smøla kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.



Kystrøyser på Malerfetem, Fræna kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoret sitt arkiv. Foto Bjørn Ringstad.

bukta/Halsa, Aresvika/Aure, Svalgangsbygningar (brygger og naust) i Halsa og Aure (sjå også side 37).

5. ØYDEGARDSANLEGG

("spor" etter forhistorisk gardsanlegg)

Auremarka/Sykylven, Flesje-Kallestad/Sula, Klempertåsen/Fræna.

6. FORSVARS- OG KRIGSMINNE/KYSTFORT

Forsvarsanlegg (bygdeborger): Hovdekollen/Rauma, Aslaksteinen/Fræna, Møsthaugen/Frei.

Krigsminne: Berkneset/Volda, Kvitneset/Hareid, Tueneset/Ålesund, Julneset/Molde, Vedalshaugen/Sekken/Molde, Ergan/Bud/Fræna, Kvalvik fort/Frei, Karihola/Brunsvika/Kringsjå i Kristiansund.

7. STEINALDERLANDSKAP

Bremsneshatten/Averøy, Vollvatnet/Kristiansund.

8. KAUPANG (mellomalder) og HANDELSSTAD (nyare tid)

Kaupang: Borgund/Ålesund, Veøy/Molde.

Handelsstad: Haugsholmen/Sande, Flåvær/Herøy, Herøy gard/



Aslaksteinen, fræna kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto Bjørn Ringstad.

Herøy, Kjeldsund/Herøy, Borgarøya/Ulstein, Stordalsholmen/Stordal, Løketunet/Valderøy/Giske, Strømsnes/Opstadbrygga/Midsund, Strømsholmen/Eide, Håholmen/Averøy, Lurvika/Aure.

9. STRANDSTAD

Hellesylt/Stranda, Ramstadkaia/Sykylven, Nauste/Nesset, Meisingsetvågen/Tingvoll, Øksendalsøra/Sunddal, Kvanne/Surnadal, Todalsøra/Surnadal, Surnadalsøra/Surnadal, Vågland/Halsa, Otnesbukta/Halsa, Enge/Halsa.

10. BERGKUNSTOMRÅDE

Rødskar/Gurskøy/Herøy, Nord-Heggdal/Midsund, Bjørset/Molde, Boggestrandna/Nesset, Søbstad/Averøy, Rødsand/Averøy, Honhammer/Tingvoll.

11. BYMILJØ

Molde: Banehaugen/Fannestrandsveien/Grandfjæra, Parkveien Gjenreisingsområde etter brannen i 1916. Gjenreisingsområde etter bombing og brann i april 1940.

Kristiansund: Innlandet, Clausenenga, Plysjbyen, Vågen. Gjenreisingsområde etter bombinga og brannen i 1940.



Naust/sjøhusmiljø, Eikremsbukta, Aukra kommune. Biletet ver henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Bjørn Ringstad



Kjeldsund, Herøy kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

Ålesund: Gjenreising etter brannen 1904 (jugendbyen), Trebyen på Aspøya m/Molja, Trehusmiljø Ystneset.

12. ELDRE INDUSTRISTAD/ELDRE INDUSTRIANLEGG

Garveriet/Rotset/Volda, Hjellens Notbøteri/Sjelkavik/Ålesund, Dykkorn/Stordal, Langevåg (Devold)/Sula, Kristvik fabrikker/Averøy, Vågen/Kristiansund, Brunsviken reperbane/Kristiansund, Enge/Valsøyfjord/Halsa.

13. KOMMUNIKASJONSSENTER

Ulsteinvik/Ulstein, Halkjelsvik/Volda, Ørstavik/Ørsta, Sjøholt/Ørskog, Korsvegen/Skodje, Kvande/Surnadal.

14. SAMFERDSELSMINNE

"Den trondhjemske postvei" (gjennom fylket), Postvegen i Volda (Bjørkedalen), Olavsvegen/Valldal/Norddal, Skodje bru/Skodje, Raumabanen/Rauma, Kavlveg Bud-Hustad/Fræna, Kavlvegen/Tilttereidet/Nesset.

Skysstasjonar: Fivelstadhaugen/Stranda, Ellinggard/Vestnes, Horgheim/Rauma, Eidsøra/Nesset, Furset/Gjemnes.

15. KYRKJESTAD

Kyrkjested: Åheim/Vanylven, Borgund/Ålesund, Norddal (Dalsbygda)/Norddal, Sylte/Valldal/Norddal, Giske/Giske, Vågøy/Fræna, Bud/Fræna, Rødven/Rauma, Bremsnes/Averøy, Frei/Frei, Øre/Gjemnes, Tingvoll, Stangvik/Surnadal, Edøy/Smøla Prestegard-freda prestegard: Herøy/Raftenes, Volda, Sunnylvan/Hellesylt, Norddal, Ørskog, Vestnes, Nesset, Kvernes, Aure, Tingvoll, Stangvik.

Verneverdig prestegard: Borgund/Ålesund, Stranda, Bolsøy/Røbekk/Molde, Øye/Surnadal.

16. ELDRE TETTSTAD (SJÅ OGSÅ STRANDSTAD)

Åheim/Vanylven, Ulsteinvik/Ulstein, Indre-Hareid/Hareid, Ørstavik/Ørsta, Halkjelsvik/Volda, Sylte/Valldal/Norddal, Norddal (Dalsbygda)/Norddal, Sjøholt/Ørskog, Langevåg/Sula, Helland/Vestnes, Veblungsnes/Rauma, Åndalsnes (Risen)/Rauma, Isfjorden/Rauma, Eidsvåg/Nesset, Eidsøra/Nesset, Tingvoll/Tingvoll, Stangvik/Surnadal, Aure/Aure.

17. LANDBRUK

Gamle tunskipnade-tun med fleire bruk og verdifulle kulturlandskap-tun: Finnes/Hjørundfjorden/Ørsta, Tafjordgarden/Norddal, Gjørva og Møll/Geiranger/Stranda, Frøysa/Sunnylven/Stranda, Eikesdal/Nesset, Sviddal/Sunndal.

Verdifulle kulturlandskap: Herdalen/Norddal, Geirangerfjorden/



Gjenreisningsbyen Kristiansund. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

Stranda, Alnes/Giske, Tautra/Midsund, Eikesdal/Nesset, Jordalsgrenda/Sunndal, Grøvvassdraget/Sunndal.

18. GRUVEANLEGG

Raudsand gruver/Nesset, Bådalen/Averøy, Kobbergruve på Smøla.

19. HELLERAR/HOLER

Dollsteinshola/Sandsøya/Sande, Sjønghelleren/Valderøya/Giske, Bjørneremhelleren/Midøya/Midsund, Bremsneshola/Averøy.

20. REISELIVSANLEGG

Union Hotel/Øye/Ørsta, Grand Hotell/Hellesylt/Stranda, Sjøholt Hotel/Ørskog, Lakselordhytter på Nordmøre, Grand Hotell/Kristiansund.

21. UTMARKSMINNE

Jernvinner: Landedalen/Ørskog, Nerås/Vestnes, Gussiås/Nesset.

22. SETER


Herdalsetra/Norddal, Nedtestølen/Valldal/Norddal, Langdalssetra og Puskensetra/Stordal, Vestresetra/Haram, Bøstølen/Rauma, Berildstølen/Rauma, Kanndalsetra/Nesset, Gammelsetra/Grøvudalen/Sunndal, Storlid-Stomprødsetra/Rindal, Gjelasetra/Aure.

23. FANGSTANLEGG

Litlejordhornet/Norddal.



Urasetra, Norangsdalen i Ørsta kommune. Foto: Øivind Leren.



Teikning av Geir Helgen.

TIKTAK AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Oversikt over automatisk frede kulturminne i Møre og Romsdal der det er gjort tiltak med tilrettelegging for publikum og/eller skjøtsel. Lista er ordna kommunevis etter kommunenr.

- | | |
|--------------|---|
| 1503 Kr.sund | Vollvatnet, steinalderuplass. Vegskilt er oppsett, parkeringsplass er tillaga og info-skilt er sett opp i samarbeid med Nordmøre Museum. |
| 1514 Sande | Dollsteinshola, Sandsøya. Her er forbedra og merka sti, informasjonsark og tilrette-lagde turar med førar. |
| 1515 Herøy | Løsetstranda (vest for Moltustranda), gravfelt. Bergen Museum har tidlegare sett opp skilt. Vi arbeidar no med nytt skilt og parke-ringsplass i samarbeid med vegvesenet og Herøy Kystmuseum. |
| 1515 Herøy | Kvalsund, Nerlandsøya. Funnstaden for Kvalsundbåtane er merka med opplysningskilt sett opp av Bergen Museum. Skilte er no nedteke. |
| 1516 Ulstein | I Ulstein kommune har skoleverket under leiing av lærar Trudi Moniz gjort ein del til-tak der elevar har vore med på arbeidet: |
| 1516 Ulstein | Hasund, kart/skilt/vandring. For Hasund-området er det laga kart over fornminne, laga skilt som kan settast ut for å markere kulturminna i samband med arrangement og laga opplegg for bygdevandring til kulturminna. Materialet er oppbevart på biblioteket. |

- | | |
|--------------|--|
| 1516 Ulstein | Ulsteinvik - Flø, skilting fornminne. For området Ulsteinvik - Flø har skolelvar laga og sett opp skilt som markerar fornminne i området. |
| 1520 Ørsta | Vartdalsfjellet, labyrintar. Sti og oppsetting av infotavle er under arbeid i samarbeid med Vartdalstranda sogelag. Har fått til-skot frå fylkesmannen si landbruksavdeling. |



Olavshelleren i Norddal kommune. Biletet henta frå fylkeskonserva-toren sitt arkiv. Foto: Bjørn Ringstad



Ellefsrøysa, Godøya. Bildet henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Bjørn Ringstad.




Bergkunst, Honhammer/Hindhammer i Tingvoll kommune. Biletet henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Øyunn Kleiva.

1524 Norddal	Olavsminne: Olavsvegen, Olavskjelde etc. Det lokale reiselivslaget har sett opp skilt ved vegen der Olav Haraldsson i følge sagaen drog med sine folk frå Sylte og framover Valldalen. Her ligg også to gravhauger på Syltemoa.	1543 Nerset	Boggestrand, helleristningsfelt. Tilrettelagt av Vitenskapsmuseet og Møre og Romsdal fylkeskommune med vegskilt, parkering, toalett, infotavle, infofoldar og skilt.
1528 Sykkylven	Aursnes (ved ferjeleiet - Ørsneset), gravfelt. Her er gjort noko rydding og planlagt vidare arbeid med rydding og skilting.	1543 Nerset	Prestneset (Nerset prestegard), gravfelt, bautastein. Området er delvis rydda, og vert beita. Tillaga kultursti/natursti, infotavle og små skilt er oppsett.
1531 Sula	Kalvestad/ Flesje/ Kjellingset, tilrettelagt med sti og infoskilt i samarbeid med kommunen.	1543 Nerset	Tilttereidet, Eidsøra, planar for tilrettelegging med skilting er under arbeid i samarbeid med kommunen og Statens vegvesen, Møre og Romsdal/Norsk vegmuseum.
1532 Giske	Ellefsrøysa, Godøya. I samarbeid med lokal museumsgruppe og grungar er det sett opp vegskilt, opparbeidd parkeringsplass og sett opp førebels opplysningsskilt.	1545 Midsund	Bjørneremshelleren, Midøya. Det er sett opp vegskilt og opparbeidd sti til helleren.
1532 Giske	Sjonghelleren, Valderøya. Kommunen har sett opp enkelt (førebels) skilt og laga til ein sti med nokre steinheller på våte parti.	1547 Aukra	Prestegarden, Gossen, steinring. Området er rydda.
1532 Giske	Mjeltehaugen, Giskegerde, Giske. Bergen Museum har sett opp infotavle.	1548 Fræna	Aslaksteinen, Hustad, bygdeborg. Sett opp vegskilt, tillaga enkel parkering, opparbeidd sti og sett opp enkelt infoskilt.
1532 Giske	Blimshaugen, Blindheim, Vigra. Bergen museum har sett opp infotavle.	1548 Fræna	Malefeten, Hustad, strand-gravfelt. Det er sett opp vegskilt.
1534 Haram	Hamnsundhelleren. Opparbeidd parkering og sti. Oppsett info. Helleren er delvis øydelagd som kulturminne p.g.a. geologiske undersøkingar.	1548 Fræna	Sandvikshagen, Farstad, gravfelt (ca.140 graver, det største i Romsdal). Arbeid med tilrettelegging er oppstarta.
1535 Vestnes	Nerås, gravfelt. Gravfeltet er rydda og parkeringsplass er opparbeidd.	1551 Eide	Kjørsvik, Felt er rydda med tilskot frå fykemannen si landbruksavdeling.
1535 Vestnes	Vestnes gard (ved Straumen), gravfelt. Gravfeltet er delvis rydda.	1551 Eide	Vevang, gravrøys. Delvis rydda.
1535 Vestnes	Gjermundnes, Bakneset, Gravfelt gravrøyer. Gravfelt/røyser er rydda og tilrettelagt med sti og tilkomstskilt.	1554 Averøy	Visnes, gravfelt. Gravfeltet er rydda (ligg like ved badeplass).
1539 Rauma	Kolmansneset, Skorgen, gravfelt. Feltet er rydda (men delvis grodd til att).	1554 Averøy	Rjånes, Kornstad, "Håkårøysa" (gravrøys) Delvis rydda. Sti er opparbeidd. Kommunen har sett opp førebels skilt..
1539 Rauma	Horgheim, Romsdalen, gravfelt. Delvis rydda. Gitt tilskot til inngjerding for at området skal kunne beitast.	1554 Averøy	Kvernes, gravfelt. Er rydda etter orkan-skade på skog i 1992. Gitt støtte til ryddinga og inngjerding for beiting av området. Gamle Kvernes Bygdemuseum innarbeidar gravfeltet i si formidling.
1543 Nerset	Syltebø, Eresfjord, gravfelt. Feltet er delvis rydda (men delvis grodd til att).	1554 Averøy	Søbstad (ved fjorden nord for Bådalen), helleristningar. Parkeringsplass og sti er opparbeidd.

1554 Averøy	Bremsneshatten, "Steinalderspor ved «Bremsneshatten». Sti og infoskilt tilrettelagt av Vitenskapsmuseet og kommunen. Bør forbedrast.	1560 Tingvoll	Røttingsnes, gravfelt. Gravfeltet er delvis rydda. Parkeringsplass, sti og og infoskilt er planlagt.
1554 Averøy	Bremsnes (ved ferjekaia), steinring. Kommunen har sett opp førebels infoskilt.	1563 Sunndal	Leikvin, gravfelt (største gravfeltet i fylket). Tilrettelagt av Vitenskapsmuseet med rydding, infotavle og skilt.
1556 Frei	Rastarkalv, forminneområde ved slagstaden med gravrøyser og kavlveg. Er skilta.	1569 Aure	Tjeldbergodden, gravrøyser. Er laga forslag til sti.
1557 Gjemnes	Ikorneset, Høgset, gravrøyser. Er tillaga kultursti med infotavle ved parkeringsplass (ved meieriet) og merking fram til gravrøyser, infotavler ved gravrøyser. Også tillaga rasteplasser for besökande.	1569 Aure	Aursundet, steinalderbuplassar. Info om steinalderbuplassar som vart utgravd i samband med vegbygging. Tillaga av Vitenskapsmuseet.
1560 Tingvoll	Honhammer/ Hindhammer, (ved Tingvollfjorden), bergkunst. Tilrettelagt med skilt, infotavler og sti med sikring av Vitenskapsmuseet (foto side 23).	1573 Smøla	Kuløy, gravfelt og Kulisteinen. Tilrettelagt av Vitenskapsmuseet med infotavle og skilt. (foto i hefte 2, side 10).

TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE



Hjellens notbøteri. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Berge Hjrungnes.

RIKSANTIKVAREN SIN VERNEPLAN

Riksantikvaren sin verneplan for tekniske og industrielle kulturminne frå 1994 opererer med 6 utvalde verneobjekt som skal få spesiell oppfølging. Ingen av desse seks ligg i Møre og Romsdal. Videre opererer planen med verneobjekt av nasjonal interesse innanfor ulike "transjer". Frå Møre og Romsdal er desse objekta med i planen:

Under tekstil- og konfeksjonsindustrimiljø er medteke Oddfred Tokles Konfeksjonsfabrikk i Rauma. Under skipsverft og reparasjon av fartøy er medteke både Mellermærfet og Brunsvikens Reperbane i Kristiansund. Planen har også eit kapittel om landsverneplanar for bergverk, kraftverk, "industrieventyret", kommunikasjonsanlegg og museumsjernbaner og vassdragsinnretningar. Ingen objekt eller miljø i Møre og Romsdal har kome med i dette kapittelet. Planen har også eit kapittel med fylkesvise trekk.

Under Møre og Romsdal er opplista:

- skipsverft med tilhøyrande verksemder (Mellermærfet og Brunsvikens Reperbane, Kristiansund).
- fiskeri og fiskeforedling (Milnbrygga i Kristiansund, Hjellens notbøter i Ålesund)
- konfeksjon (Oddfred Tokles Konfeksjonsfabrikk, Rauma)
- møbelindustri

Anlegg av regional interesse

I tillegg til det som er omfatta av Riksantikvaren sin verneplan for tekniske og industrielle kulturminne, er det grunn til å trekke fram nokre anlegg som er av meir regional interesse. Frå handverk til industri. Når ein skal ta for seg temaet industriminne, er det viktig å ta med seg at det alt før industrien fekk sin spede start på midten av forrige hundreåret, var det etablert handverkarar i stort sett alle fag i byane våre. For å fremme industrien sin framvekst arrangerte Romsdals Practiske Landhuusholdningsselskap ein "Industri-Udstilling" i Molde i 1853. Her fekk "Nils Andersen Liøen frå Sunnylven 7 spesiedalar i premie for modell til "Skibbsbaad". Dette var forløparen til Liaenverftet i Ålesund. Ein annan som fekk utmerking på samme utstillinga var Ole Andreas Devold i Ålesund for "fabrikvævede Børnetullupper af Uld". Devold hadde starta ein liten fabrikk i Ålesund samme året. Forhistoria var at far til Ole Andreas, romsdalingen Nils Devold, kom til Ålesund i 1818. Han fekk opplæring med ein av Hans Nilsen Hauge sine vene, fargaren og levaren Halvor Ophus. Nils Devold vart gift med dotra til Ophus, Margrethe og dreiv handel og farger i Ålesund. Sonen fekk også utdanning som vever og fargar og etablerte i 1853 den bedriften som vi kjenner som O.A. Devold og som i 1864 flytta verksemda til Langevåg.

Bergverk

Gruvedrift og anna bergverksverksemder har det vore og er lite av i Møre og Romsdal. Det mest kjende i dag er oliven utvinninga i dalføra innanfor Åheim i Vanylven og i Raudbergsvika ytterst i Sunnylvsfjorden (Norddal kommune) og utvinninga av kalkstein i Eide og Fræna kommune. I tidlegare tider har det vore mindre kobbergruveanlegg på Smøla og i Bådalen på Averøya og eit forsøk på kromgruvedrift i Sunndalen i 1853. Enkelte stader i fylke har ein og funne jarnmalm. Det "fereskaste" og største anlegget finn ein på Raudsand i Nesset kommune der ein dreiv utvinning av titanhalig jernmalm. Delar av gruveanlegget vert no nytta til anna industriverksamhet. I Osen innerst i Fannefjorden i Molde kommune vart

det i si tid dreve eit jernverk. Lokaliseringa heng saman med tilgang på brensel. Malmen vart henta andre stader frå. Mellom anna frå Fiskå i Vanylven og Romdalsvika på Sekken (Molde kommune). Også på garden Lid ved Sjøholt vart det i ein kort periode utvinne jernmalm. Olivin har det og vore utvinne frå eit anlegg mellom Norddal og Eidsdal i Norddal kommune. Kalkutvinning har det vore fleire stader enn i Eide og Fræna. I Sande kommune har det vore kalkverk på øya Voksa og i Breivik og Saude ved Larsnes. Andre stader som har hatt kalkutvinning er på øya Humla i Ålesund, på Hovden i Ørsta, på Blindheim i Sykkylven, på garden Ottestad, Rødven i Rauma og på to stader i Surnadal; Sjøflot og Glærum. Som minne om foredlinga av kalken står det kalkomnar på Hovden i Ørsta, i Blindheimsbreivika i Ålesund og på Blindheim i Sykkylven (frå Schmidt-anlegget).

Landbruksbasert industri

Fylket har hatt fleire mølleanlegg i drift. Norsk Teknisk Museum og Riksantikvaren utførte ei omfattande registrering av bygdemøller i Norge på 1980-talet, og gav ut ein rapport i 1987. I rapporten er det lista opp 121 møller i Møre og Romsdal som hadde hatt kontrakt med Statens Kornforretning frå 1929 og fram til 1987. Alle desse vart undersøkt. På grunnlag av registreringa er det gjort ei prioritering av anlegga med tanke på bevaring. I landoversiktene er 32 anlegg sett på førsteprioritet. Tre av desse ligg i Møre og Romsdal. Det er: Rogne Mølle (1860/70), Skuløya, Haram kommune, Kvernberg Mølle (ca.1910, påbygg 1925), Høvik, Nesset kommune og Gjelen Mølle (1956), Stemshaug, Aure kommune. Av andre mølleanlegg i fylket som fylkeskonservatoren kjenner til som bevaringsverdige er: Volda elektriske mylne (1930) har vore i drift til no. Av nedlagte mølleanlegg kan nemnast Vigra Kornmylne, Rørvik, Giske kommune, Herje Mølle (1939), Åfarnes, Rauma kommune, Frisvold Mølle (1923), Eidsbygda, Rauma kommune, Solemdals Mølle (1922), Molde kommune, Svartåa Mølle (1934), Høgset i Gjemnes kommune, Vågos Mølle (1935), Aresvik, Aure kommune.

På Gjermundnes i Vestnes kommune er det teke vare på eit frørenseri som ein del av landbruksmuseet. I Øksendal i Sunndal kommune står også eit frørenseri. Garvarverksemder gjekk også over frå handverk til industri enkelte stader i siste del av 1800-talet. På Nedre Rotset i Volda har det vore dreve garveriverksemder sidan 1859. Overgangen til industri kom med etableringa av Rødseths Garveri i 1887 i den tidlegare handelsbrygga på staden. Bygninga er no freda og garvarverksemder videreført av Volda Bygdetun, garverimuseet. I Ørsta stavet O.A. Jacobsen storbedrift innan garving i 1860-70 åra. Han innførte huder frå Sør-Amerika, garva og selde dei over heile landet. Bedriften fekk etter kvart tilhald i det huset ein i dag kalla "Bruksbutikken" i Ørsta sentrum. Bygninga vart sett opp i 1872 av material frå den gamle kyrkja på Vestnes. Huset er no overteke av Møre Folkehøgskule som har restaureringsplanar.

I 1900 kom det ut ei jordbruksavis i Molde med namnet Norsk Meieritidende. Året etter fekk avisas tillegg: Norsk Smørtidende. Dette fortel noko om at meieridrift hadde fått inngang i fylket og at produksjon og eksport av smør var viktig for fylket. Det første meieri i Møre og Romsdal, Sommerro meieri var oppretta i Surnadal i 1886. Året etter kom Volda Meieri og i 1889 Ørsta Meieri.

Talet på meieri i fylket hadde ei "bratt" vekstkurve fram til hundreårsskiftet då ein var oppe i 170 meieri, og ein like "bratt" nedgang etter 1910, då ein gjekk ned frå 130 til 9 anlegg i 1918. Nedgangen skuldast bedre kommunikasjoner og samanslåing til ferre og større anlegg. I 1890 vart det oppretta ei direkte dampskipsrute frå Mørebyane, via Begen til Newcastle for

smøreksport til England. I ein periode kring hundrearsskiftet eksporterte Romsdals amt meir smør til England enn resten av landet.


Tekstil- og konfeksjonsindustri

I tillegg til Oddfred Tokles konfeksjonsfabrikk er det grunn til å ta med fabrikkanlegget til O. A. Devold i Langevåg, Sula kommune. Verksemda vart etablert i 1853 og flytta til Langevåg i 1860-åra. Devold-fabrikken fekk kraftstasjon i 1883 og elektrisk lys samme året, fire år etter at glødelampa var oppfunnen av Thomas Alva Edison i USA og året etter at ein fekk instalert den første elektriske belysninga i New York City.

Kraftverk

Fossekrafta eller vassfall var tidleg utnytta som energikjelde for å drive mekaniske innretningar. Overføringa av kraft skjedde då med direkte overføring frå vasshjul som dreiv sagbruk, kvern, stampe o.l. Dei første små industrireisingane her i fylket baserte seg også på den type energibruk. Men etter kvart fekk elektrisiteten innpass både for å skaffe lys og til å drive elektromotorar. Det var likevel ikkje berre fossekraft som vart utnytta til dei første elektrisitetsverka i fylket. Dei aller første var nok drevne av dampmaskinar fyrt med kol og flis. Eg har ikke funne noko samla oversikt over utbygginga av elektrisk kraft i Møre og Romsdal. Den oversikta eg har skaffa meg, syner at dei første utbyggingane skjedde på Nordmøre i 1876. Lista over dei eldste utbyggingane ser slik ut:

1876	A/S Storvik Mek. Verksted	Kristiansund	88kw
1876	Kvalvik Fabrikker	Frei	26kw
1883	O. A. Devold Fabrikker, Langevåg	Sula	
1896	P. D. Stafseths slyngefabrikk, Spjelkavik (1864)	Ålesund	



Kraftdemning i Tafjord. Biletet er henta frå fylkeskonservatorens arkiv.



Skar kraftstasjon, Tingvoll kommune.

1896	Dampkraftverk	Ålesund	
1898	A/S Tingvoll Ullvarefabrikk (generator i 1911)	Tingvoll	415kw
1899	Talga Møbelfabrikk, Todalen	Surnadal	18kw
1900	Meisal Sildolfefabrikk, Meisalstranda	Nesset	132kw
1901	Spilekvig Snøre- Not&Garnfabrikk, Spjelkavik	Ålesund	
1902	Fabrikdrift (E. Ervik)	Aure	4kw
1903	Hovdenak Stolfabrikk	Molde	
1907	Karl Mjelva, Kjerre og omnsfabrikk, Geiranger	Stranda	28kw

Som det går fram av oversikta, var dei første kraftverka i fylket relativt små og bygt for å forsyne fabrikkanlegg o.l. Unntaket er dampkraftverket i Ålesund som gav elektrisitet til gatelys og lys i 90 privathus. Tingvoll Ullvarefabrikk var eit av dei mange industritiltaka I.A. Grimsmo fekk i gang på Nordmøre. I perioden frå århundreskiftet og utover vart det bygt mange små, private kraftverk rundt omkring i fylket. Men utbygging knytt til industrireising held fram også etter 1907. Av interessante anlegg kan nemnast:

1908	Ullvarefabrikk, Rustene	Ørsta	
1909	Vanylven Ullspineri	Vanylven	
1911	Johan Tenfjord, Tennfjord	Haram	
1912	J.B.Langlo	Stranda	
1912	Brattvåg El.verk	Haram	317kw
1912	Angvik Møbelfabrikk	Gjemnes	25kw
1913	Enge Tresliperi, Valsøyfjord (Garberg)	Halsa	80kw
1915	Dyrkornanlegga	Stordal	180kw
1915	Hjørungavåg Verksted	Hareid	

I perioden 1910-1920 vart elektrisk kraft teken i bruk til private føremål og det vart bygt ut fleire "bygdekraftverk" i fylket. Av desse vil eg nemne:

1910	Molde kommunale el.verk	Molde	300kw
1914	Ørsta kommunale kraftverk	Orsta	340hk
1916	Skorgefallet, Imsfjorden	Rauma	184kw
1916	Furset kraftverk	Stranda	128kw
1917	Stavemfossen, Verma	Rauma	400kw
1918	Gjerdsvika el. verk	Sande	200kw
1918	Spjelkavikfallet	Ålesund	660kw
1918	Moltustranda el.verk	Herøy	118kw
1919	Hareid komm.el.verk	Hareid	200kw
1920	Kavlfossen, Imsfjorden	Rauma	120kw

I 1919 hadde Møre fylke flest kraftverk i heile landet med 185 anlegg som gav lys til 86 000 glødelampar og straum til 800 elektromotorar. Men mange av dei 185 kraftverka var små anlegg.

Frå 1914 og utover kom dei "store" kraftutbyggingane i Møre og Romsdal. Det starta med Aurautbygginga i Sunndal (og Nesset) i 1914. Det vart først bygt eit kraftverk i Litledalen for anleggsdrifta, Dalen I på 1766kw. Seinare vart det bygt eit

kraftverk til, Dalen III med samme føremål. Utbyggingsarbeidet stod stille i perioden 1920-1940, og fekk ikkje særleg omfang før etter krigen. I tillegg til Aurautbygginga, har ein hatt følgande store utbyggingar i fylket i den tidlege perioden rundt 1920:

1919	Istad kraftselskap	Molde (og Gjemnes)	3147kw
1920	Kolfossen, Kalvatn	Volda	810kw
1921	Skar kraftanlegg ved Meisingset	Tingvoll	3091kw
1923	Tafjord Kraftselskap, Tafjord I	Norddal	23050kw

Ein finn også viktige industrietableringar "utan fossefall". Motoriseringa av fiskeflåten førde til framvekst av motorfabrikkar i fylket. Tennfjordmiljøet er alt nemnt, men endå viktigare var Nils Finnøy sin motorfabrikk frå 1902 på Finnøya i Sandøy kommune. Dette var ein opplæringsstad for fleire av dei som seinare etablerte mekanisk industri i Romsdal og på Sunnmøre. Gamle Finnøy motorfabrikk er teken vare på som privat museum på Finnøya. I 1907 etablerte dansken Sofus Jørgensen motorfabrikken Gideon i Molde.

Industriereising

Som tidlegare nemnt er det ein nær samanheng mellom kraftutbygging og industrireising. Ein del av dei verksemndene som vart etablert i samband med tidleg kraftutbygging er framleis i drift og anlegga er så godt intakte at dei er interessante også som kulturminne i dag. O.A. Devold Fabrikker i Langevåg er alt nemnt. Tingvoll har framleis "ullvarefabrikk" (Sellgrens Veveri) og Talgø Møbelfabrikk og Angvik Møbelfabrikk er framleis livskraftige (no i nært samarbeid). Det gamle fabrikkanlegget står framleis på Talgø, ved fossen i Todalselva. Johan Tenfjord Mek.verksted er i dag Ulstein Tenfjord (eller Vickers Ulstein Tenfjord) og Dyrkornanlegga er i full drift med planar om å modernisere kraftverket. Enge Tresliperi sin fabrikkhall er overtatt av Geitbåtmuseet i Halsa og omgjort til museumsbygg. Utanom Devoldanlegget i Sula, er det Enge Tresliperi/Geitbåtmuseet og Dyrkornanlegga som er mest interessante som kulturminne frå industrireisinga tidleg på dette hundreåret.



Finnøy motorfabrikk. Foto Romsdalsmuseet.



Gamletunet på Synnes 1910. Skissa er henta frå "I balansepunktet, Sunmøres eldste historie".

BYGGESKIKK I MØRE OG ROMSDAL

INNLEIING

"Byggeskikkene - litt av hvert av mange sorter" nyttar kunsthistorikaren Jan Henrik Munksgård som overskrift på eit kapittel om byggeskikk i fylkesbindet for Møre og Romsdal i serien Bygd og by i Norge utgitt av Gyldendal Norsk Forlag i 1975. Vi har ein samansett byggeskikk i vårt samansette fylke.

Tak over hovudet har vore viktig for at menneske skulle kunne overleve og busette seg i dette fylket frå dei første menneska kom for 10.000 år sidan og fram til i dag. Fosnakulturen sine menneske budde nok i det vi ville kalle telt; dyreskinn haldne oppe av trestenger. Etter kvar som "telta" vart ståande over lengre tid, bygde ein gjerne opp ein "grunnmur"/ringmur av stein for å halde "teltet" på plass og for å verne mot trekk og kulde. Innreiinga var ein open eldstad og ein oppbygd pall til å sove på. Utviklinga i byggeskikk frå steinalder og fram til mellomalderen er skildra i det kulturhistoriske oversynet over Møre og Romsdal.

Utstillinga "Hus på vestkysten gjennom 4000 år" som vart vist enkelte stader på Vestlandet, i Nord-Noreg, Trondheim og Oslo i 1997 innleiar slik i katalogen om vestkystens byggeskikk: (sitat): "Då den greske sjøfararen Phytaas drog frå Marseille mot nord, på oppdagingsferd på 300-talet, segla han først forbi dei britiske øyane. Der budde folk i runde hus. Han drog vidare over havet og kom til eit nytt land, så langt mot nord at natta berre var to timer lang ved midsommarsleiet. Han må ha segla oppover langs norskekysten. Phytaas såg inn mot ein kyst med store bygningar i landskapet. Han fortel at på grunn av det fuktige verlaget treskte folka kornet innandørs i store hus."

Dette er den eldste skrivne skildringa som vi kjenner om norsk byggeskikk. Vi har all grunn til å tru at sjøfararen Phytaas har sett store, stavbygde løer som neppe har vore særleg ulike dei grindbygde løene som vi kjenner frå seinare hundreår, heilt opp på 1700- og 1800 talet. Jernalderens stolpebygde langhus, grindbygningane frå mellomalderen, dei mange funksjonelle samanbyggingsformene mellom innhus og uthus, nausta og dei store sjøhusa, sjøbuene og bryggene frå

1600- og 1700-talet høyrer alle til vestkystens karakteristiske byggeskikk. Og når arkeologane så finn spor etter stolpebygde hus på Sunnmøre og i Rogaland så langt tilbake som 4000 år før notid, då ser vi dei lange linene i historia om vestkysten, om busettinga og om det å bygge hus. Det forunderlege er at nokon av desse linene fører oss heilt opp til gårdsdagens bygningar. Dei grindbygde husa; nausta, sjøhusa, utløene og løene vart bygde i Vest-Noreg heilt opp til 1950. Då har dei unge byggmeistrane for lengst overteke dominansen med vår tids byggeskikk: hus bygt etter det amerikanske stenderverksprinsippet "two-by-four" eller som vi seier 2"-4" (to tomme fire). Der sluttar ein av dei store bygningstradisjonar i Europa; ei historie om kunsten å bygge i tre, om treets konstruktive logikk". Slik skreiv Nils Georg Brekke.

Bygningar for folk og etter kvart husdyr har vore viktige trekk i mennesket si kulturutvikling. Byggeskikken avspeglar på mange måtar levemåten, og den har ikkje vore lik for heile fylket gjennom historia. Grunnlaget frå naturen si side har vore ulikt. Og utviklinga har skapt ulikskapar. I dag bygger ein like bustadhús frå Lindesnes til Nordkapp og frå Tysil til Stad. Men slik var det ikkje for over 100 år sidan. Då varierte skikken med å bygge bustadhús og uthus frå landsdel til landsdel. Når det gjeld bustadhús særleg, går det eit skilje ved sveitserstilen sitt inntog i siste del av 1800-talet. Før den tid var byggeskikken, særleg på bygdene lite påverka av "stilstraumane". Men sveitserstilen fekk gjennomslag også utover på bygdene, og ein kan snakke om ein meir arkitekturnærverka byggeskikk.

KVIFOR ER BYGGESKIKKEN UEINSARTA?

Skal vi finne svar på det, må vi sjå på fleire faktorar. Topografien i fylket er svært variert. Lengst ute ved havet ligg eit mylder av store og små øyar. Nokre med flate berg, myrer og sandseter, nokre med ei strandflate under fjellet, og etter andre der stupbratte fjellet reiser seg rett opp frå sjøen. Fjordane skjer seg djupt inn i landet. Med meir eller mindre rolege landskapsformer ytst, avløyst av meir dramatisk natur der bergveggen reiser seg bratt og høg over fjorden. Inst tek dalen over der fjorden sluttar og strekkjer seg inn i store fjellparti som endar



Langhus frå tidleg eldre jarnalder, Aure i Sykkylven. Foto: Bjørn Ringstad.

opp i Jotunheimen, Dovrefjell og Trollheimen. Byggeskikken er prega av eit fylke med store øyområder, mivelange fjordstrøk, til dels store og høge fjellparti mellom fjordane, djupe og til dels lange dalar og store fjellparti. Kommunikasjonane har ikkje vore dei beste mellom dei ulike delane i fylket. Det har for enkelte strøk vore lettare med kontakt over fylkesgrensa enn til andre delar av fylket.

Byggemåten må til ein viss grad avpassast etter dei ressursane som ein finn på staden, og rette seg etter klimatiske og topografiske forhold.

Dette har mellom anna ført til klåre skilje mellom byggeskikken i kyststrøk og innlandsstrøk. Typisk for kystsikken er at storleiken på hus her gjennomgåande er mindre enn i indre strøk, som resultat av mellom anna dårligare tilgang på materialar i nærområdet. Ein har ofte måtte ty til sekundær bruk (gjenbruk) av trevirke. Anten i form av at vrakmateriale har vore nyttet til husbygging, eller ein har kjøpt "brukte" hus og nyttet materialene om att som ressurs ved å gjenreise huset, eller til eit nytt hus med anna utforming. Ute ved kysten har ein og i stor grad måtte ta omsyn til vær og vind. Husa er som regel orienterte og plasserte med tanke på best mogleg ly. Ofte er dei skeivtukt, med påbygd sval som gjev ly mot vær og vind på værsida. Ute ved kysten var det vanleg å nytte ytterkledning for å verne tømmeret mot røte.

Den administrative oppdelinga av kongeriket har også virka inn på byggeskikken. Administrativ tilknyting ført til samhandling og samvirke generelt, noko som mellom anna har resultert i fellestrekki i byggeskikken innan for eit område med felles administrasjon. Nordmøre og Romsdal har vore knytt til Trøndelag og Nidaros og fekk mellom anna impulsar frå Trondheim. Sunnmøre høyrd saman med resten av Vestlandet sør for Stad med Bjørgvin som senter og sunnmøringane fekk mellom anna sine impulsar frå Bergen. Heil fram til 1983 var fylket delt mellom to bispedøme. Framleis sorterer Sunnmøre under Bergen og Nordmøre og Romsdal under Trondheim når det gjeld "forminnesaker". Og innbyggjarane i fylket sit ikkje med samme dagsavisa på frukostbordet. Her er tre store dagsaviser (ei for kvart futedøme) og eit mylder av lokalaviser i fylket, for å nemne eit eksempel på "oppdeling" i informasjon og påverking. Det er og døme på samhandling på tvers av fylkesgrensene uavhengig av administrativ påverkanad, som var tufta på behov for utveksling av arbeidskraft og


andre ressursar, ofte med felles dalføre som "samhandlingskanal". Det vart ofte knytta reint mellommenneskeleg kontakter, og ein kunne lære av byggeskikk og ressursutnytting frå nabofylket. Som døme på dette kan nemnast at byggeskikken i Øvre Romsdal viser klart slektskap med byggeskikken i Lesjaområdet.

Sosiale ulikskapar har ein hatt i Møre og Romsdal som andre stader. Ressursfordelinga og utviklingstilhøva har variert innanfor samme bygd og grendelag, og til dels mellom bygder og regionar. Det var forskjell på tenestefolk, småbrukarar, storbønder og embetsmenn.

Mellom by og land var det også ulikskapar. Byane har hatt sterke påverknad frå stilimpulsar frå inn- og utland. Arkitekturen avspeglar slike skilnader. I vårt hundreår vart det også innført murtvang i byane. Førebileta har også spela ei rolle. Alle tidsepochar har hatt sine "trendsetjarar". Embetsmannshus for prestar, lensmenn og sorenskrivarar vart gjerne planlagt "sentralt" og plassert ut i geografien også på landsbygda. Ein skal ikkje sjå bort frå ei viss påverking på omgivnadene.

OPPSUMMERING:

Alt dette og meir til medfører at vi i Møre og Romsdal har eit mangfold av "byggeskikkar". Det er umogleg å snakke om ein felles byggeskikk for heile fylket. Møre og Romsdal er eit "bygningsgeografisk" overgangsområde og ein møtestad mellom mange "kulturar".



Fogderia/regionane. Kartet er utarbeidd av Sigrund Myklebust, Nærings- og miljøavdelinga.

ULIKSKAPAR OG FELLESTREKK

Vi skal sjå litt på dei grunnleggjande ulikskapane i fylket, men også sjå på trekk som bind fylket bygningsmessig saman.

BYGGE MATERIAL OG KONSTRUKSJON

Dei tradisjonelle byggemateriala her til lands har i hovudsak vore tre og stein. Biskopen i Bjørgvin, Neumann var på visitas til Sunnmøre i 1824 og merka seg med undring at tre hovudsakleg var brukt som byggematerial, sjølv om det særleg i ytre strok var dyrt og vanskeleg å få tak i. Dette gjorde dei i staden for å bygge av stein som ein hadde tilgang på like ved, og som var av ein type som var velegna til husbygging. Neumann undra seg også over at ein tekte husa med torv på kostbar never når ein hadde tilgang på skifer til taktekking.

Steinhus

Denne byggeteknikken må ha vore i bruk hos kystbøndene gjennom fleire hundre år, men i liten grad fram til på 1700-talet då den fekk eit lite oppsving som følgje av at skogen byrja å tynnast. Også vidare utover på 1800-talet vart det bygt ein del hus med steinvegger på Vestlandet, særleg frå Jæren og nordover. I desse steinbygningane er muringsteknikken ein annan



Eldhus, Hakkalestrand, Sande kommune.
Biletet er henta frå SEFRÅK arkivet.

enn den som er brukt i mellomalderen sine kyrkjer og kloster. Der var murverket basert på mørtel som bindemiddel, slik at veggene vart som ei samanhengande kompakt masse.

Eg kjem tilbake til steinkyrkjene våre. Men her møter vi tørrmuren, Stein lagt på Stein utan mørtel, nøye uteita og tilpassa, og berre halde på plass av eiga tyngde og låsing mot "nabosteinane". Steinveggene kan vere utførte med ein vange, luftig og veleigna til bruk i uthus som naust o.l. Eller veggane kan vere utført med to vangar; som såkalla kistemur, der mellrommet er fylt med drenerande masse. Denne veggens er tettare, og kan også ha ein viss varmeisoleringseffekt.

I mange av husa er det steinveggen som ber taket. Slik er det ofte i bygningar som naust, smie, eldhus, klynne, sommarfjøs/gardfjøs og seterfjøs. I andre hus er steinveggen bygd som eit ytre vern, gjerne som del av verveggen. Ein slik vernemur står ofte heilt inntil treverket, men ein finn også hus som har eit mellomrom (sval) mellom steinmuren og veggene.

Steinbygging stiller store krav til handverkarane. I ein godt lagt mur ligg steinane med svak helling utover, slik at vatnet renn ut av muren. Sjølv om ikkje hus av Stein er dei mest utbreidde, finn ein likevel ein del steinhus i Møre og Romsdal. Dei fleste finst i "ytterkantane" av fylket, som naust i sjøkanten og som fjøs og likande på setrar i fjellet. Også i gardshusa har ein innslag av Stein, til dømes i eldhus, klynner og smier der brannfaren var stor. Reine steinfjøs er det få av på gardsbruks, men meir vanleg var det i ein periode å bygge fjøsdelen av den "kombinerte" driftsbygninga av Stein. Ein annan bygningskategori der Stein ofte har vore nytta som byggematerial er dei små fjøsane ein finn i overgangen mellom innmark og utmark; gardsfjøs eller sommarfjøs.

Som nemnt har vi nokre steinkyrkjer frå mellomalderen i Møre og Romsdal: St. Jetmund i Vanylven, Giske, Borgund, Veøy, Tingvoll og Edøy som alle er bygde i perioden 1130-ca.1200. I vårt hundreår har det igjen vorte meir vanleg å bygge kyrkjer i mur (og betong). Men i perioden frå ca.1200 til Ålesund kyrkje frå 1909 har vi berre to bevarte murkyrkjer i fylket. Det er Hen kyrkje i Lsfjorden i Rauma frå 1831 og Vanylven kyrkje på Slagnes frå 1863.

Bustadhus finn ein berre unntaksvis bygt av Stein. Det eine unntaket er "Kabben-husa" i Romsdalen. Toetasjes steinhus bygd av Ole Fladmark "Kabben" rundt år 1800 med ein murteknikk som liknar mest på den vi finn i kyrkjer og kloster frå mel-



Nerhole, Rauma kommune. Biletet er henta frå SEFRÅK arkivet.
Foto: Karl Myshja.

lomalderen der natursteinen er lagt i mørtel. I dag står slike hus på Nerhole og Mjelva. Men i verharde strøk på kysten finn ein stein brukt som "vernevegger", som heile eller delar av gavlveggen mot veret på bustadhuset. Også på setrar som ligg i rasutsette område kan ein finne vernemurar av Stein. Etter at Ålesund brann i 1904 vart det innført murtvang for oppattbygginga i sentrum. Murafaget var til då ikkje særlig utbreidt og utvikla i vårt distrikt. Dette førte til at det kom murarar frå andre kantar og tok del i arbeidet i Ålesund. Det vart lagt vekt på å nytte murkonstruksjonar som kunne tåle det spesielle kystklimaet.

Ein av murmeistrane som kom til Ålesund i 1904 var H. Schmidt frå Slesvig-Holstein i Nord-Tyskland. Han etablerte seg med anlegg for produksjon av cementstein til mur og taktekking på Blindheim i Sykkylven. Etter at gjenreisingsarbeidet var avslutta i Ålesund, starta han "typehus" produksjon også for bygdene. Dei såkalla "Schmidt-husa" med sine karakteristiske kvadersteinshjørne og med tak som var tekte med flat cementstein og som hadde store utstikk var å finne frå Molde i nord til Vanylven i sør, frå Uksnøya i vest til Dalsbygda i aust. Kalkommen som tilhørde Schmidt-anlegget er teken vare på som teknisk kulturminne.



Schmidthus i Eidsdal, Norddal kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Brit Hansen.



Troskot, Eidsdal, Norddal kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Brit Hansen.

Trehus

Trematerialar til husbygging vart tidleg handelsvare. Ikkje berre lokalt og i regionen, men det norske tømmeret var også interessant for hollendarar og andre i Europa. Mykje trevirke på kysten vart i periodar eksportert. Verksemda gav inntekter til bønder og la grunnlaget for etablering av tettstader og byar. (Som eit resultat av trelasthandel vokste Molde fram som ladestad og vart kjøpstads med bystatus i 1742–106 år før Ålesund. Likeins var grunnlaget for etablering av ladestaden Fosna på 1600-talet at staden hadde ei god og naturleg hamn som eigna seg godt for utskiping av det tømmeret som hollendarane hogde inne i Nordmørfsjordane).

Men korleis verka denne eksporten på lokal bruk av trevirke? Bygging i tre her til lands avspeglar i ein periode til ein viss grad utviklinga i tømmereksporsjon og vart påverka av tilgangen på tømmer. Då trelasttida tok slutt på slutten av 1600-talet var Sunnmøre og store delar av Romsdalen og Nordmøre temmeleg snauhogde. Dei få husa som er bevart frå mellomalderen og den første tida etter (frå 1536 og utetter på 1600 og starten av 1700-talet) syner at ein hadde tilgang på større tømmer enn i seinare periodar: Laftehusa med dei breiaste stokkane finn ein frå denne tidlege perioden. Men også lokalt i fylket har det vore handel av tømmer. Bygdene på Nordmøre og i Romsdalen var rikare på tømmer enn dei fleste av sunnmørssbygdene, og på kysten langs heile fylket var det lenge liten eller ingen tilgang på byggetømmer slik at kystbuarane måtte inn i landet for å hente byggetilfang. Eit minne frå denne handelen mellom skoggattige og skogrike område i fylket finn ein på Hamre i Romsdal der det var god tilgang på naturleg furuskog. I elva mellom Gjersetvatnet og Hamrevågen var det i lange tider sagbruk. Skutene som skulle hente trelast seglde inn i "brakkvannspollen" Hamrevågen og angra opp ved


elveosen på Hamre. Når det i dag er fjøre sjø, stikk det opp ei steinrøys ute i vatnet som vert kalla "Sunnmørssøyra" - den skal vere "bygt" av ballaststein frå sunnmørsskuter som kom for å hente tømmer. Dei to hovudkonstruksjonsformene som vart brukt i trehusbygginga var stav og laft.

Trehus/grindverk

På Vestlandet, i eit område som strekkjer seg frå grensa mot Agder i sør til Romsdalen i nord, har det langt opp i vårt eige hundreår vore bygt hus i ein tradisjon vi kallar grindverk, som er ein variant av stavkonstruksjon. I eldre løer med innvendig frittståande og parvis oppstilte stolpar framstår grindverket som ein av dei få bevarte bygningsformene i Noreg med påfallande likskap til det arkeologane avdekkjer ved utgraving i tufter etter forhistoriske langhus. I enkelte løer er det bevart grindverk frå mellomalderen. Dette gjer at vi truleg kan snakke om ein samanhengende byggetradisjon som har vart i meir enn 3.500 år. Stavverket er også utbreidd lenger nord langs kysten, i form av romsdalsk bukkehuskonstruksjon og stavlinekonstruksjon (mellan anna nordmørsk stavline). Det som skil stavlinja frå grindverket er at raftlægja (eller stavlinja) kviler rett på stavane, og stavane vanlegvis kviler på svill. I den romsdalske bukkehuskonstruksjonen kviler beten (samhaldet) rett ned på stavane (som for grindverket), men både stavlægje og bete er som regel dobbel (meir om stavlinekonstruksjonen seinare). Grindverket finn vi i dag mest i anonyme uthus som løer og naust og byggemåten vert kanskje ikkje lagt så mykje merke til.

Stavkonstruksjonen er som namnet seier, oppbygd av stavar som bærande grunnelement. Hovudelementet i den varianten som heiter grindverk er grinda som består av eit stavpar bunde saman i toppen av ein bete og avstiva med skråband. Når ein

Oppmålingsskisse av
grindkonstruksjon.
Teikninga er henta frå
Grindbygde hus i vest-
Norge.
Illustrasjon: Geir A.
Cork/ Hans Olav
Hesseberg.




skulle reise ei bygning, reiste ein først grindene etter kvarandre på tvers av huset si lengderetning, i høveleg avstand, gjerne 4-5 meter og bant dei saman med langsgåande "dragarar" på toppen. (sákalla stavlegjer eller rafthald/raftall). Staven hadde gjerne eit kvadratisk snitt og kan på større løer vere 30x30 cm. For å verne endeveden mot fukt, vart staven gjerne sett på ei steinhelle eller ein flat Stein dersom ein ikkje hadde steinmur som underbygning. På toppen har staven form som ei klauv med ei djup kløft som beten ligg ned i. Kløfta går endå djupare enn høgda på beten slik at øvste enden stikk over beten, og denne "toppen" er noko avhogd på innsida. Slik kan stavlegja som ligg oppå beten støtte seg til toppen av staven, som også vert kalla for stavøyra. Kløfta i staven er gjerne noko smalare enn breidda på beten slik at det mot enden av beten (betehovudet) er høgd eit spor på kvar side som passar ned i klauva på staven. Slik vert beten låst så den ikkje glir ut og inn i høve til staven. Før ein reiser opp grinda vert beten lagt inn i stavparet, og skråbanda mellom stav og bete sett på. Skråbanda


er gjerne kromvakse virke frå naturen med ei naturleg bua form og er festa med trenaglar.

I Nordfjord og på Sunnmøre finn ein ofte skråband som liknar sledemeier og som er innfelt i staven. På store grindkonstruksjonar kan ein ha to skråband ved sidan av kvarandre - eit større enn det andre. Etter at grindene er reist (med hjelp av tau og stenger) og mellombels avstiva, vert stavlegja lagt over og ned på beten på innsida av den oppstikkande stavøyra. Grinda med skråband tek avstivinga på tvers i bygningen. Langsetter er stavbygningane forsynt med skråband eller kryssband mellom stavar og stavlegje for avstiving. Dette gir ein godt avstiva, men likevel elastisk konstruksjon som kan tene fleire føremål i små og store bygningar.


Stavlegja er på større løer opp i 50-60 cm høg og med ei lengde på opptil 12 meter utan skøyt. Stavlegja kan i undertaket ha eit hakk som passar ned i toppen av beten og låser for rørsle langsetter. Etter at stavlegjene er lagt på plass, kan ein sette på skråbanda eller kryssbanda i langveggen mellom stav



Fra venstre: Del av
grind. Illustrasjon henta
frå Hus i vest-Norge.
Teikning: Arne Berg.
Perspektivsnitt av stavkyr-
kje. Illustrasjon henta frå
Stav og laft.
Teikning: Arne Berg.



Prinsippskisse av romsalsk bukkehus, ein romsalsk variant av grindverk med dobbel raftlægje, dobbel bete, og med raftlægja lagt sentrisk over staven. Illustrasjon: J. Godal og S. Moldal: Bæresystem i eldre norske hus.



Prinsippskisse av stavlinekonstruksjon, med dobbel raftlægje, enkel bete samt sperrepute, og andre raftlægje lagt rett på staven. I den nordmørske stavlinekonstruksjonen var det vanleg med dobbel bete. Illustrasjon: J. Godal og S. Moldal: Bæresystem i eldre norske hus.

og stavlegje. Den mellombelse avstivinga kan takast av og ein har då ein konstruksjon som kan stå på eigne bein.

Grindkonstruksjonen er gjennomgåande brukt til dei mange enkle og luftige uthusa, der det ikkje vert stilt så store krav til vindtetting og varmeisolasjon. I slike bygg er det tvert imot eit poeng at lufta strøymer fritt igjennom bygningen for å tørke til dømes korn og høy, medan regn og fukt skal haldast ute. Grindverket står fram særleg i ein del større hus heilt tydeleg som eit indre takberande stativ, skilt frå ytterveggene. Ytterveggene (langveggene) er då laga som ein sjølvstendig, lettare trekonstruksjon, helst panelt eller med flettverk av bjørkeris eller einer (brakje). Grindkonstruksjonen med si samanbinding i toppen og sine "frittståande" stavar som berre går ned på eit punktfundament kan lett tilpassast eit ulendt og skrånande terreng; stavane kan få ulike lengder og kvar for seg tilpassast til byggetomta.

Vi seier at grindverket med sine skråstrevarar framstår som eit heilt stift system. Dette er berre delvis rett. Grindverket er avstiva, samtidig som det er fleksibel og tøyeleg. Vinden kan ta tak i huset utan å gjøre skade. Alle eigenskapane til treet er i bruk; treet sine evner til å stå imot trykk, strekk og bøyepåkjenning. Styrke, fastleik, friksjonsmotstand, elastisitet og bøyingsevne er fleire stikkord. Desse eigenskapane er eit resultat av måten systemet er bygt opp på med sitt hierarki av primære og sekundære bygningsdelar, og ved sine samanføyningar og bruk av trenaglar.

Grindverket som heilt byggesystem må seiast å vere uttrykk for ein uhyre velutvikla og avklara konstruktiv tankegang. Som byggesystem med si gjentaking av grinder er det veleigna til å lage lange husformer, og det er også lett å bygge på i lengda, noko som var vanleg. Både løer og naust kan ha opptil 7-8 grinder stilt opp etter kvarandre, sjølv om det vanlegaste er 4-5. Mellom to grinder vert det dannar eit rom eller eit golv, og romomgrep er frå gammalt nytta for å oppgje storleiken på hus (i tal på rom eller golv – også golv i hesjing – eller i båt mellom spant).

Det er ikkje godt å seie kvifor grindbyggingtradisjonen har halde seg så lenge på Vestlandet, samanlikna med østlandsbygdene der ein etter kvar valde å bygge i laft til dei aller flest føremål. Det kan ha å gjøre med at grindverket er ein materialsparande byggemåte. Det er eit viktig poeng på ein skoglaus kyst, eller i fjordbygdene som etter uthogging som tidlegare nemnt til tømmerekspert på 16- og 1700 talet har hatt relativt sparsamt med skog. Behovet for opne og luftige hus var dessutan sterkare i eit fuktig kystklima. Dette gjeld særleg for løer og naust til vern av båtar. I dei fleste vestlandsdistrikta

er den stavbygde heimeløa vanlegvis det største huset på garden. Den har som regel eit midtrom og to smalare siderom som vert kalla sval, skytje eller skot. Skotstavane kan liksom grindestavane stå på ein flat stein og gripe over stavlegja i skotet med ein klauv eller dei kan vere tappa ned i ei svill og opp i stavlegja.

Midt i løa ligg vanlegvis trøskeløa i eit rom som er noko mindre enn enderomma. Trøskeløa går i heile breidda mellom stavane, har tett tregolv og tette trekarmar på sidene. I endane er det tillaga spor på stavane der ein kan sette ned bord som vegg for å få ein tett "trøskebinge". Utanom trøskinga vart låven brukt til innkjøring av avlinga. Dersom terrenget tillet det har låven dører i begge endar slik at ein kan køyre tvers gjennom løa. Dørene er gjerne tofløya og kvart dørblad er gjerne delt i to i høgda. Under trøskinga stod den øvste halvdelen open slik at støvet frå trøskeprosessen kunne sleppe ut.

For å legg tak på bygninga er tradisjonen å bruke sperrepar som er samantappa i mønet og festa med hakk og trenaglar til stavlegja. På sperrene er det lagt tro-bord som underlag for tekking. Tekkinga har i eldre tid vore torv på fleire neverlag, nokre stader spon, men også har teglpanner frå lokale teglverk vore ein del nytta. Villskifer finn ein heilt unntaksvis i vårt fylke. Men etter kvart som hoggen skifer vart handelsvare, har det vore mykje nytta som tekkingsmaterial.


Veggane vart tetta utvendig med bordkledning, enten ved at ein la spikerslag utanpå stav-konstruksjonen og festa kledinga til den, eller festa kledinga direkte til stavane.

Stavkonstruksjonen har vore nytta til store bygningar som "heimeløa" på gardsbruk, ned til små trøskot for oppbevaring av hesjestaur og gardsstaur. Utanom heimeløa er utmarksloa/høyloa, naust, vedskot og seterfjøs/sommarfjøs dei mest utbreidde bygningskategoriane bygt i stavkonstruksjon i vårt fylke. Men vi finn også konstruksjonen bruk i torvskjå, hjulhus (for overvasshjul), vognhus o.l.


Trehus/andre stavkonstruksjonar

Ein finn også andre variantar av stavverk enn grindverk (som er den sørlege stavverksvarianten) og laft eller kombinasjonar av stav og laft. Eg skal i det følgjande ta for meg desse andre stavvariantane.

Den mest "berørte" er vel den heilt spesielle stavkonstruksjonen i stavkyrkjene våre. Dette er ei perfeksjonering av stavkonstruksjonen som nådde sitt høgdepunkt i mellomalderen, før svartedauden. På det meste hadde vi ca. 700 stavkyrkjer her i landet. No sit vi att med ca. 30 (som vart berga mykje



Lafteverk. Biletet er henta frå Stav og laft.



Laftenov.

takka vere Kyrkjelova av 1897 og Fortidsminnesmerkeforeininga). Skipet i kyrkja er eit sentralrom med ofta tilnærma kvadratisk form. Hovudrommet reiser seg som eit tårn på høge stolpar som står på ei samanhengande svillramme og bundne saman i toppen av eit tilsvarende rammeverk (stavlegjer). Veggane består av veggplanker (tiler) som er felt inn i spor i botn- og toppsvill.

Andre stavvariantar som er særsviktige for vårt fylke er den romsdalske bukkehuskonstruksjonen og den nordmørske stavlinekonstruksjonen. Stavlinna finst og lenger nord i landet, mellom anna i form av saltenstavline. I alt stavverk dreier det seg om 3 element (stav, bete/samhald og raftall/stavlægja/stavlinna) som i dei 3 variantane av stavverk (grindverk, bukkehus og stavlinekonstruksjon) er innbyrdes ordna og sammenføyd på ulikt vis.

I det romsdalske bukkehuset går staven opp i beten, noko det har felles med grindverket. Men til forskjell frå grindverket er staven tappa opp i beten, og raftallen er plassert oppå beten, sentrisk over staven. Dessutan skil bukkehuskonstruksjonen seg frå grindverket ved at både beten og raftallen som regel er dobbel, og raftall og bete er lafta saman. Når det gjeld prosedyren (rekjkjefølgen i samankoplinga av stav, bete og raftall) er bukkehuset i slekt med med grindverket. Samankoplingsdetaljane er likevel annleis. Dessutan gjev dobbel bete og dobbel raftall ein viss slektskap med nordmørske stavlinekonstruksjonen som vi skal kome nærmare inn på. Til vanleg kviler stavane på steinputer, men det finst og døme på at stavane er ført ned på svill. Bukkehuskonstruksjonen er vanleg i indre Romsdal, men finst også på nordre side av Romsdalsfjorden, mellom anna i Molde kommune.

På Nordmøre finn vi den tredje varianten av stavverk, den såkalla stavlinekonstruksjonen. Til felles med bukkehuskonstruksjonen har stavlinekonstruksjonen ofte dobbel raftall (på Nordmøre kalla raftlægje eller stavline) og dobbel bete. På mindre hus kunne det likevel vere enkel raftall og bete. Stavlinekonstruksjonen skil seg ut frå bukkehuset og grindverket ved at nedre raftlægje kviler rett ned på staven. Ein annan viktig skilnad er at stavane som regel kviler på langsgåande svill. Langveggen og kortveggen si svill er ofte lafta i kvar andre. Dette innebar også at stavlinehuset til skilnad frå grindverket vart reist på langs. Stavlinehusa har ofte eit kombinert åssperretak (meir om dette under kapitlet om takform). Dei fleste bevarte døme på stavlinehus har ytterkledning festa til utsida av stavverket. Det finst likevel bevarte døme på meir

alderdomleg kledning i form av "veggtiler" festa i vertikale spor i svill og raftall, same kledingstype som i stavkyrkjene.

Tidlegare har det vore hevd at grindverket er den mest alderdommelege og opphavlege variant av stavverket. Den typologiske slektskapen mellom stavlinekonstruksjonen og stavkyrkjekonstruksjonen kan likevel tyde på at grindverket og stavlinna er jamgamle, men har vore nytt i kvar sitt distrikt.

Trehus/lafteverk

I Europa er stavverket for det meste utbreidd i dei vestlege, lauvtrrike områda. Utbreiinga av lastverk er klart austleg og heng saman med bartrevirke og rikdommen på det. Dei lange rettvaksne bartrestammene er særleg godt egna for lafting. Norsk bygningskultur er i ei særstilling med at den ligg i det mest karakteristiske møteområdet mellom dei to konstruksjonane. Ser ein på det som er bevart av tradisjonell trearkitektur i Noreg og Sverige under eitt, blir stavverket sjeldnare å sjå til lenger mot aust ein kjem. Opplysningar frå utgravingar og nedteikningar tyder på at i eldre tid har stavverket vore meir i bruk både i austlege og vestlege delar av Skandinavia. Det ser såleis ut til at lafteverket har eksplandert for ein stor del på bekostning av stavverket. Lafteverk er ein byggemåte som truleg vart introdusert i Noreg i vikingtid, for vel 1000 år sidan. Å lafte vil seie å legge stokk på stokk oppå kvarandre til samanhengande, tette veggskiver. Veggstokkane føyjer seg vekslevis saman i hjørna til faste og gode samband. Ved å lafte saman fire vegger får ein eit rom, eller det vi kan kalle ei laftekasse. Når lafteveggen er godt utført tetter den mot ver og vind, og den er varmeisolering. Derfor er lafteveggen godt egna til hus for menneske og dyr; til bustadhús og fjøs. Den tette veggen gjer dessutan lastverk egna til å halde skadedyr borte noko som og er viktig i hus til oppbevaring av mat og klede, som i stabbur og loft. Fram til langt inn i vårt hundre år, – enkelte stader heilt fram til siste verdskrig var laftingen den vanlegaste måten å bygge bustadhús på i Noreg, og størstedelen av trehusa i gamle trehusbyane våre har laftevegger under panelet. Under krigen fekk laftekassen enkelte stader ein liten renessanse som erstatninghus på brente stader. Kvar kom lafteteknikken frå (for den er ikkje oppfunnen i Noreg)?

Vi veit ikkje eksakt når lafteteknikken vart teken i bruk hos oss, men i Gokstadskipet som er frå slutten av 800-talet vart det funne eit slags gravkammer bygt opp i lafteteknikk, slik at vi sikkert kan seie at teknikken har vore i bruk i over 1.100 år. Ein har lenge trudd at lafteteknikken kom til Noreg aust frå, frå Russland. Men det stiller dagens forskarar seg noko tvilande



Låven på Oppdøl gard i Sunndal kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

til, mellom anna fordi russarane sin lafteteknikk er meir primitiv i utføringa enn det vi finn i Noreg og Sverige. Dei aller eldste spora av lafteteknikk har nyleg kome for dagen i Tyskland. Der har ein funne ein lafta brønn som kan daterast til ca. 5.000 år f.Kr. Det er vanskeleg å slå fast kvar opphavet var, og teknikken kan ha utvikla seg fleire stader samtidig.

Utforinga av laftekogenget er avgjerande for tettinga av lafteverket. Dernest kjem det å vere nøyaktig ved samanføyninga stokk mot stokk. Laftinga er i prinsippet ein enkel konstruksjon, men er teknisk krevjande om huset skal stå utan hjelpekonstruksjon. Då er laftehuset sin stabilitet betinga av stor presisjon under tømringa. Ei må under laftinga beregne eit visst synkingsmonn slik at veggen får sette seg og samtidig tilpassa hoggflatene slik at stokkane låser seg så fast at dei ikkje kan forskyve seg. Stokkane vert lagt på kvarandre vekselvis med rot og topp slik at stokkane vert liggjande mest mogleg horisontale. For tilpassing av "liggeflata" vert stokkane "meddragne" slik at dei passar til kvarandre. Og for å få god tetting mellom stokkane vert det "høvla" eit spor i undersida av stokken som vart fylt med mose for å forbetra isolasjonen på det "svake punktet" i konstruksjonen. For å sikre seg mot forskyving av stokkane innbyrdes er det brukt dømlingar (eller dublingar) – kraftige trenaglar. Desse sit mellom stokkane i borehol, slik at dei går halvvegs ned i den eine stokken og halvvegs opp i den andre.

For å stive av og halde stokkane på plass der ein skjer opningar for vindauge og dører, set ein inn beitskier, enten med ein stolpe i eit spor i stokkendane eller att stokkendane er spissa og går inn i ein stolpe med spor i. Enkelte meiner at det er i Noreg at lafteteknikken har nådd sitt aller høgaste nivå både når det gjeld materialkvalitet, kor tette samanføyingane er, detaljering og estetikk. Det er underleg kor fort lafteteknikken utvikla seg frå ei nokså primitiv vagenov på 1000-talet via findalslaftet, til det avanserte raulandslaftet i løpet av eit par

hundre år. Dette skjer samtidig med at kunsten å bygge stavkyrkjer vart utvikla mot sine høgdepunkt.

Lufteteknikken fører i sin enklaste konsekvens til enkle, kvadratiske eller rektangulære rom, der stokken si lengde er dimensjonerande. Vanlege lafta rom i våningshus er ca, 4-5 meter i kvadrat - i enkelte tilfelle opp i 6 og kanskje 7 meter, men då er det snakk om store hus hos velstandsfolk eller i hus til spesielle føremål.

I lafta hus med fleire rom må ein oftast skøyte stokken, enten vilkårleg og spreitt, eller i samband med skiljevegger. Skøyting svekker kontinuiteten og stivleik i huset, men er ikkje umogleg og heller ikkje uvanleg.

Det finst mange eksempel på store laftehus som driftsbygningar og embedsmannsgardar o.l. Tømmerkyrkjene er gode eksempel på lafteverk i bruk til større og meir krevjande oppgåver.

Det heilt enkle lafterommet er ofte ramma om ein enkelt funksjon: eit stabbur, eit fjøs, ei sjøbu o.s.v. I den ståande bygningsmassen landet over ser vi heilt tilbake til mellomalderen at dei enkelte funksjonane får kvar sitt hus. I enkelte delar av landet blir funksjonane også veldig spesialiserte, særleg på Austlandet der ein enkelte stader kan finn opp til 20 hus på eitt einaste gardsbruk.

Sjølv om Vestlandet har vore rekna som stavhusområde, har bustadhus, stabbur, sengjebuer og andre stover vore lafta frå i mellomalderen. I byane kan vi også sjå ei spesialisering av hustypar. Handels verksemda førte med seg behov for sjøbuer for lagring av handelsvarer: ulike fiskeprodukt, mel, korn o.s.v.

Allereie tidleg i mellomalderen var det i byane (og kaupangane) utvikla brygger i ein og to etasjar med buer i lafta tømmer. Ei vanleg form er den vi finn på Bryggen i Bergen med lafta buer og svalgang i stavverk. Vi finn også denne type svalgangsbrygger i stav og laft i Kristiansund, nytta til oppbevaring av salt og klippfisk, og som handelsbrygger. (sjå meir om dette nedanfor). Også på handelsstadene langs kysten heilt til Nord-Noreg hadde ein lafta brygger. Laftekonstruksjonen i bryggene langs kysten vart fortrengd til fordel for dei meir fleksible løysingane som bindingsverket gav. Bindingsverket vart tatt i bruk i Stavanger så tidleg som midten av 1700-talet. I vårt distrikt vart tømmerbrygger avløyst av reisverksbrygger med frittståande stolpar i siste halvdel av 1800-talet. I starten hadde desse reisverksbryggene i vårt distrikt berekonstruksjon i ein variant av stavverk, seinare vart desse avløyst av bindingsverk.

Lufteteknikk har i tillegg til sjøbuer, våningshus, lører, stabbur og sengjebuer vore nytta i bygningskategoriar som kvernhus, tørkestove, badstue, naust, sommarfjøs, seterfjøs, sel og høyloer for å nemne dei viktigaste.

Trehus/kombinasjon av stav og laft

Kombinasjon av stav og laft finn ein i fleire bygningskategoriar fleire stader i landet. I Møre og Romsdal finn vi det mellom anna blant løene våre der kombinasjonen av lafta underetasje og stavbygd overetasje er utbreidd. Det ser ut til at heimeløene med tømra fjøs og stall nede og stavbygd løe oppe ikkje går lengre tilbake enn til 1700-talet. Kombinasjonen vart anbefalt av føregangsmenn innan jordbruksutviklinga. I dei vestnorske stavløene er fjøsar og stall sett inn som lafta kasser mellom løestavane som går fritt ned til grunnen. Bortsett frå at løegolvet kviler på laftekassene så er lafteverket utan direkte konstruktivt samband med den stavbygde løa.

Eit anna interessant døme på kombinasjon stav og laft i vårt distrikt er det ovanfor nemnte nordmørske svalgangsbrygga med lafta buer og svalgang i stavverk. Denne type sval-



Sjøhus med svalgang, stav, laft og bolverk konstruksjon. Skar, Skarsgrenda, Aure kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Ragnar Orten Lid.

gangsbrygge er ein særslig alderdomsleg hustype som hevdast å ha røter tilbake til mellomalderen. På Nordmøre synast denne byggjemåten å ha vore brukt til langt ut på 1800-talet. Det er særslig mange av desse bryggene i Kristiansund samt Tustna, Halsa og Aure. I Kristiansund var bryggene bygd i 2 eller 3 etasjar, med sval på 2,3 eller 4 sider. På nordmørsbygdene synast dei fleste svalgangsbryggene å vere i 1 etasje med svalgang på 2 eller 3 sider. Ein finn og bevarte svalgangsbrygger andre stader i landet, til dømes Bergen og Trondheim, men byggjemåten har ikkje der overlevd så lenge som på Nordmøre. Det finst og nokre få bevarte døme på svalgangsbrygger i Romsdal og på Sunnmøre.

I dei mest alderdommellege svalgangsbryggene har svalgangen kledning i form av "veggtiler" festa i spor i stavlinja (opp) og svilla (nede). Etter kvart gjekk ein over til å kle svalgangen med vanleg panel festa til utsida av berekonstruksjonen. Ein finn og bevarte døme på svalgangsbrygger der både sval og hovudrom/bod er i stavverk. Spørsmålet er om dette er ein seinare variant, eller om svalgangsbrygger utan lafta buer har eksistert side om side med svalgangsbrygger i stav og laft. Eit anna særtrekk ved dei nordmørske svalgangsbryggene er at dei som regel kvlite på eit fundament av bolverk (krosslagt rundtømmer), som på mindre brygger var fylt med stein. Golvplanken var ofte kraftig dimensjonert, og kunne vere

forma som halvkløyvningar. Takkonstruksjonen var som regel åssperretak med mønsås og ein eller fleire sideåsar. Åsane var understøtta, anten av gavltrekantar av rundtømmer (bjorla), av trånnabukk, storsperrer eller av vertikale åsstavar.

Oppsummering om stav og laft

Lafteknikken kom til oss via Sverige til Austlandet og vidare til Vestlandet i vikingtida. Ved utløpet av vikingtida var lafteknikken den dominante byggemåten over store delar av landet. Frammarsjen var minst på Vestlandet. Det nordlege skiljet mellom grindverk og laft går gjennom Møre og Romsdal. Tradisjonelt reknar ein Sunnmøre til grindverksområdet på Vestlandet, medan Romsdal og Nordmøre hører til lafteområda i nord og aust, samstundes som ein her og finn ein annan variant av stavverk (stavlinekonstruksjon), ofte brukt i kombinasjon med laft. Det er vanskeleg å trekke klare grenser, men dominansen er klar. Men som nemnt har det ikkje vore berre stavverk på Vestlandet. Under lafteknikkens frammarsj vart det vanleg også på Sunnmøre å bygge både våningshus og buer (stabbur og sengjebu/nystove) i lafteknikk.


Trehus/andre trekonstruksjonar

Ein finn sjølv sagt andre konstruksjonstypar i tre enn stavverk og laft eller kombinasjonar av desse. Av konstruksjonar som kan nemnast er skjelteverk, sleppverk, gammekonstruksjon, kubbekonstruksjon, bindingsverk og utmura bindingsverk.

Trehus/takkonstruksjonar


Når det gjeld takkonstruksjonar, snakkar ein om tre hovudgrupper og kombinasjonar av desse.

Dei tre hovudgruppene er sperretak, åstak og åssperretak (kombinasjon av sperrer og ein eller fleire åsar). Det kan vere interessant å sjå på korleis stavverk og lafteverk står i forhold til takkonstruksjonane. Vi kan slå fast at det reine åstaket der åsane er lafta saman med bjorlaget (eller røstkabben) hovudsakleg hører laftehuset til. Nesten like klart er det at dei fleste stavverkshusa har sperretak. Det reine sperretaket består av eit tal sperrepar som er festa til stavlegjene med innbyrdes avstand på 60-80 cm. I mønet er sperrene som regel samføyde med tapp og klauv.



Frå venstre topp:
Utmura bindingsverk. Kubbekonstruksjon. Kubbekonstruksjon.
Reisverk.

Frå venstre under:
Sleppkonstruksjon. Skjelteverk.
Bindingsverk.
Skissene er henta frå kodehette for SEFRÅK registrering, utgitt av SEFRÅK sekretariatet/Riksantikvaren.



Frå toppen og ned: Sperretak, åstak og åssperretak. Skissene er henta frå Stav og laft. Teikning: Gunnar Bugge og Christian Norberg-Schulz.

Samanføyingane skulle vere slik at dei låste seg når taket kom på. Klauven og tappen skifter som regel side vekselvis. Ved mindre spenn blei sperrene samanblada på halv ved og ein nagle driven gjennom krysset. I dei større stavhusa blei sperrene bundne saman mot toppen med hanebjelkar, med ofte berre på tredje kvart sperrepar. Nokre stader finn ein eksempel på at sperrepara nærmast gavlveggene er understøtta og avstiva med kryssande strebesperrer slik som i naust på Ulla i Haram på Sunnmøre.

Medan det reine åstaket med åsane (runde stokkar som spenner frå "gavlvegg til gavlvegg") lafta saman med bjorlaget (røstkabbe) har sitt eigentlege utbreiingsområde i dei austlege delane av Noreg, er det reine sperretaket hovudsakleg avgrensa til Vestlandet og Setesdal. I grenseområda mellom Vestlandet og Austlandet finst det ulike kombinasjonar av sperre og lafta åsar. Desse konstruksjonane finn ein som regel i stover og loft, medan det reine åstaket er framherskande i uthusa. Ein av konstruksjonane består av eit tal sperrepar som er understøtta av to sideåsar, såkalla bjørneryggar. Denne konstruksjonen finn vi i nokre av dei eldste loft og stover. Vi finn elles kombinasjonen sperrer og mønsås eller sperre med mønsås og to sideåsar.

I store stavløer (heimeløer) på delar av Sunnmøre finn ein den noko spesielle konstruksjonen at bjorlaget i gavlveggene er lafta (frå beten og opp i mønet). Grunnen til denne løysinga kan vere at ein ønskte ein stiv trekant for å stive av konstruksjonen og fordi ein i denne høgste delen av bygningen, på høgde med taket, ønskte ein meir tett vegg enn lavere nede på bygningen.

På Søre Sunnmøre finn ein nokre stavbygde uthus som har tak med sperrer og to åsar (åssperretak) som er borne oppe av to skråstilte støtter. Desse er avblada i endane og festa til beten

med ein nagle gjennom kvart blad. For kvart støttepar er det ein bjelke som ligg oppå åsane med eit blad i kvar ende og ein trenagle gjennom kvart blad. Åsane er gjerne kanthogne og festa til sperrene med trenaglar.

På stavlinehusa på Nordmøre er det nyttet ein annan variant av åssperretak. På større hus er det mønsås og ein sideås (leås) på kvar side. På mindre hus er det ofte berre mønsås, unntaksvise berre 2 sideåsar og ingen mønsås. Åsane kan vere understøtta av røstbukk/sperrebukk (på nordmørsk trånnå, det vil seie bukk av storsperrer) som ofte kviler på dobbel bete. Røstet er ofte avstiva med røststrevar (på nordmørsk "windfell") som går frå beten til mønsåsen (mønestanga) der den møter gavlen. I verharde strøk er sperrene, åsane, sperrebukken og raftlægjene solid festa saman ved hjelp av naglar. Åsane kan dessutan kvile på tømra røst (gavltrekant) eller i mindre hus på vertikale åsstavar.

Sjølv om åstak som hovudregel er eit østlandsfenomen finst denne takforma også i vårt fylke. Eit døme er åstakhusa i øvre Romsdalen, ganske sikkert ein byggiemåte som er importert frå Lesja i nabofylket. Dessutan finn ein reine åstak på større sjøhus på Nordmøre, mellom anna på den eldste fløya av Milnbrygga i Kristiansund.


Trehus/trepanel

Mykje av desse konstruksjonane som er omtalt ovanfor er på våre kantar utanfrå skjult av trepanel. Når kom denne skikken i bruk? Trebord har ein i lang tid forma ved å kløyve tømmerstokken i to ved margen og tilverke han med hjelp av øksa. Til skipsbygginga hadde ein behov for tynne bord av høg kvalitet. Med sag og sagstillingar kunne ein utnytte stokken betre og få fleire bord av same stokk. Saging vart mekanisert med hjelp av vannkraft først gjennom oppgangssaga på 1500-talet og seinare med sirkelsaga.

Stavbygningane har ein open berekonstruksjon og måtte ha ei verhud i tillegg, medan laftehus kunne klare seg utan. Som nemnt har stavhuset tidlegare hatt kledning av flettverk av ris og eine, ein tradisjon som har halde seg fram mot vår tid lengre sør på Vestlandet. På dei nordmørsk stavehusa vart det også ofte nyttet veggtiler festa i spor i raftlægje og svill. Men liggjande, sulagde bord som kledning har nok kome tidleg i bruk på stavbygninga. På kysten og elles i meir verharde strøk fann ein tidleg ut at tømmeret i laftehuset varte lengre dersom ein verna dei mest utsette veggane med kledning. Ein finn også nokre få bevarte døme på "sulagt" panel sett på høgkant. Dette er mellom anna nyttet på austgavlen på Kvernes stavkyrkje, og er ein særslig alderdomleg kledningstype.

Kledning på våningshus vart også innført av estetiske grunnar. Dette fenomenet kom først i byane. I vårt fylke fekk Kristiansund og Molde bystatus i 1742. På 1800-talet vart det vanleg å panele husa i byane. Derifrå fekk ein ei spreieing utover på landsbygda. Embedsmannsgardane var mellom dei første som innførde skikken på bygdene.

Av paneltypar skil ein mellom to hovudgrupper: ståande og liggjande kledning. Også når det gjeld utbreiinga av desse er vi i vårt fylke i eit overgangsområde. Delinga ser ut til å vere nesten samanfallande med det tradisjonelle skiljet mellom stav og laft. Ligjande kledning vert også kalla Vestlandspanel og Sunnmøre er eit område der liggjande kledning er dominante, medan Nordmøre har klar dominans av stående kledning. Romsdalen er eit overgangsområde der ein finn begge deler. I følgje Jon B.Godal ser ein klar samanheng mellom bruk av stavkonstruksjon og liggjande kledning. På Sunnmøre, særleg mot kysten var det mykje brukt med svalgangar i stavverk langs "baksida" av våningshuset som elles var i laftverk. Svala som gjerne var verutsett, vart kanskje først kledd med panel saman med skotveggen på vergavlen.



Ulike typar utvendige kledningar. Skissene er henta frå kodehefte for Sefrak registrering.

Til å bordkle eit reint laftehus var det mest nærliggjande å sette og feste panelborda vertikalt mot det horisontale tømmeret.

Ein annan teori er at på det fuktige Vestlandet er særleg nede delen av panelveggen sterkt utsett for fukt og råteskade. For å kunne utbetre slik skade var det lettare med liggjande kledning der det var nok å skifte berre nedste borda, medan ei ståande kledning får litt skade i enden på alle bord.


Paneling av laftehusa fekk ikkje gjennomslag over alt. I innlandsbygder med mindre klimapåkjenning på tømmerhuset, fekk det stå ukledd med synlege tømmervegger som øvst i Romsdalen.

Tunskipnader


Når ein skal sjå på byggeskikken er det også av interesse å undersøke korleis tradisjonen har vore for å organisere og plassere bygningane i eit gardstun som er eit "samfunn" med tradisjon over eit langt tidsrom i historia. I vår tid ligg gardsbruksa mest kvar for seg. Vi må nok meir enn eit hundre år tilbake i tida før vi møter tradisjonen med ulike måtar å organisere eit gardstun på. Ordninga med utskifting av innmarka som kom i 1860-åra endra sterkt på dette mønsteret. Før hadde den enkelte brukaren innmarka spreidd rundt i mindre teigar, og gardane var samansette av av fleire bruk med "teigblanding". Talet på bygningiar på kvar gard kunne variere, mellom anna i høve til talet på bruk, men ofte hadde kvart bruk 5-6 bygningiar og med 6-7 bruk samla, kunne det fort bli ei samling på 30-40 hus. Gardane danna større og mindre husgrupper i landskapet. Den innbyrdes plasseringa av husa i kvart tun syner ein viktig del av landdistrikta sin bygningskultur.

Frå tidleg på 1800-talet vil vi finne restar av minst tre ulike typar av tunskipnader her i fylket som på den tida var dominerande. På Vestlandet, heilt opp til Romsdalsfjorden var klyngetunet dominante, medan ein kan finne lukka firkant-tun i indre Romsdal og på Nordmøre, er rekjetunet det mest dominante i desse to futedøma.

Klyngetunet er nok den eldste tunforma. Det verker ved første "augekast" noko "kaotisk", men studerer ein det nærmare, vil ein finne eit system der våningshus, stabbur og vedskot til kvart bruk ligg nært kvarandre og desse bruksvise smågruppene av innhusa ligg samla i tunet. Alle uthusa ligg også gjerne samla slik at det kunne vere noko avstand for enkelte brukarar mellom stove og fjøs.



Klyngetun, Langlo, Stranda kommune. Biletet er henta frå Norske gardstun. Teikning: Arne Berg.



Planskisse av laftehus – røykstove frå Sunnmøre.

Rekkjetunet er gjerne organisert langs ein veg og gjerne i to rekkjer med eit indre tunrom mellom rekkjene. Innhusa ligg her gjerne fram mot vegen medan uthusa ligg i neste rekkje.

I det lukka firkanttunet er det som namnet seier, bygningane som dannar ei lukka firkantform. Det kan vere bygningar til eit, to eller tre bruk som er organisert i ein firkant gjerne på ei høgde slik at bygningane dannar eit ”vern” for tunrommet som på ei gamal ”bygdeborg”.

Grensene for dei tre ulike tunformene var ikkje skarpe. Ein kan heller ikkje seie at ein bestemt tunskipnad var einerådande i eit enkelt distrikt. Det vi kan halde fast ved, er at det i Møre og Romsdal var ulike tunformer, og at dei dominerte kvart sitt distrikt.

Dei gamle tunskipnadene kan ein finne bevart på stader der rasfare o.a. har vore til hindre for andre løysingar. Eksempel på slike klyngetun er Møll og Gjøra i Geiranger, Frøysa i Sunnylven og Finnes i Hjørundfjorden. Rekkjetunet er særleg ”lesbart” i Utigard, Austigard og Oppigard i Eikesdalen.

ENKELTBYGNINGAR

ENKELTBYGNINGAR/STOVE

Når ein skal sjå noko nærmare på enkelte bygningskategoriar, er det nærliggjande å starte i tunet og der starte med stovehuset eller våningshuset/bustadhuset om ein vil.

Den eldste stovetypen ein kjerner frå historisk tid er årestova. Dette starta på slutten av vikingtida som ei lafta eittromsstove, og utvikla seg seinare til ein treromsplan med forstove og kove, gjerne med loft over i tillegg til stova. I treromshusa er stova og koven alltid lafta, medan forstova eller gangen kan vere i laft eller stavverk. Lengda på tømmerstokken sette grensene for storleiken på stoverommet. Ein finn rom frå 3 x 3 m til 7 x 7 m.

Som namnet seier var eldstaden i denne første stovetypen ein åre. D.v.s. ein open eldstad oppmura av stein midt på golvet i stoverommet. Røyken fann vegen ut gjennom ein ljoreoping i mønet i huset som var i ein etasje utan loftsrom.

Eldstaden var i stor grad premissgjevar for utforminga av stovebygninga. Åren held seg som eldstad på våre kantar til den vart avløyst av røykomen på 1600 - 1700-talet. For Vestlandet med mindre tilgang på brenneved, rekna ein røykomen som meir ”økonomisk” enn åren. Med røykomen vart eldstaden flytta til hjørnet av stoverommet og ein fekk ein friare golvplass i rommet. Røykomen kunne nyttast både til koking, baking og korntørking. Vanleg rutine var å fyre opp omnen to gongar i døgnet og bruke glørne til matlagninga. Røyken måtte framleis finne vegen ut gjennom ljoren i taket.

Ljoreopninga var gjerne forsyt med eit ”lokk”, ei ramme overspent med kumage eller liknande som ein kunne legge på når ikkje røyken skulle ut og som likevel slepte lyset igjennom ned i stoverommet.


Vindauge fekk ein ikkje i bondestovene før i byrjinga av 1800-talet i vårt fylke. Røykomen var i bruk i heile fylket, men held seg lengst på Sunnmøre. Ein kjenner til sunnmørske stoveshus som er bygt for røykomen så sent som i 1875. Først når ein forlet røykomen, utvikla bustadhusa seg ulikt i dei tre futedøma våre.

Som nemnt held røykomen seg lengst på Sunnmøre. Der utvikla ein bygningar i ein etasje. Fleire ”stover” (for fleire generasjonar, kårstove og nystove) vart sett saman i ei ”rekke”. Langhuset kunne i tillegg til bustadfunksjonar, og huse verkstadrom. På eine gavlveggen (mot vêret) bygde ein ofte eit skot i stavverk med pulttak. Midt på langveggen - over forstova og hovudinngangen var det ofte - for å verne mot ufse-dråpen over inngangsdøra og sleppe lys inn på loftet, særleg i Storfjordområdet, ei ark med vindauge som kunne vere noko utkraga i høve til vegglivet i første etasje. På grunn av den iaugefallande arka har denne varianten av påbyggingsskikk i ein etasje fått nemninga ”sunnmørsarkstove”.


Først på slutten av 1800-talet fekk sunnmørsstova loft over heile huset, gjerne samtidig med sveitserstilprega. På Sunnmøre (særleg i Storfjordområdet) finn ein også ein annan påbyggingsskikk; samanbygging av røykstove/nystove. Her beheld ein det opphavlege korte røykstovehuset uendra i ein etasje, men bygde inntil ei loftsstove når det kom på mote å bygge hus med loft. Denne skikken eksisterte også så langt nord som Vestnes kommune.

På Nordmøre var ein mykje tidlegare ute med å innføre pipe, grue/peis og malmomn og bygge stovehus i to etasjar. Husa er i nær slekt med trøndersk byggeskikk, men har eit eige sær preg som er typisk for det ein kallar nordmørlåna. Huset har to fulle etasjar og er samanbygd i lengderetninga etter behov. I eine enden har ein gjerne ei vedsva/vedskåle i stavverk med dørropning, gjerne med bogeform øvst, utan dør som eit typisk innslag. Den samanbygde nordmørlåna har gjerne to inngangsdører i hovudfasaden, utsmykka med portalomramming i klassisistisk stil som nok har henta inspirasjon frå palea i Trondheim. Vindauga er plassert på langveggene i jamn avstand symmetrisk over kvarandre, og gir ein markant heils-kapsverknad og eit spesielt ”gjennomlys” i dei store stoveroma som går i heile husbreidda. Eit anna karakteristisk trekk var også at nystova eller ”finstøggu” ofte var ekstra påkosta med brystingspanel, vertikale pilastrar og marmoreringssdekor. Når det gjeld planlösinga var det og ulike variantar fordelt etter visse geografiske mønstre. Hovudskillet går mellom dei lånbygningane der partstove (stove på kvar side av gangen) inngår som del av planlösinga, og nordmørlåner der eldhusrrom/grovkjøkken (”muren”) er lagt inn mellom gangen og eine stova. Dette er ein lånvariant som mellom anna finst i Todalen i Surnadal kommune. Elles er det og planlösingsvariantar der det er kammers bak den eine eller begge stovene.

I Romsdal har ein og teke i bruk pipe og malmomn på gardane tidleg på 1800-talet (1840 i Bolsøy i flg. Olafsen-Holm) og utvikla den såkalla romsdalslåna som har ein noko lavere andre etasje enn nordmørlåna og vindauga på langveggene er gjerne plassert parvis, to og to tett saman. Andre etasjen kan enkelte stader vert svært lav, men likevel har ein vindauge på langveggen som kan vere lave og sitte langt nede mot golvet. Romsdalslåna er og ofte kortare enn nordmørlåna. Eit vanleg mønster er parstovebygning med kammers i eine eller begge endane. Romsdalslåna har og ofte kammers bak eine eller



Romsdalsplanen sin utvikling. Skisse Ole Lind Schistad.



Romsdalsplanen sin utvikling. Dobbelt breidda plan. Skisse Ole Lind Schistad.

begge stovene. Lånbygningane har opphavleg ikkje opningar i gavlveggen. Bygningen er gjerne plassert i landskapet slik at gavlen snur mot vêret og har ein spesiell tekking for å tåle regn- og vindpåkjennung. Tidlegare er nemnt steinvegger, men også sponkledning er ein del brukt, særleg på kysten.

Planforma i lånbypingane er gitt ut frå laftekonstruksjonen. Laftekassene er sett etter kvarandre i rekke. For breie hus kan delar av huset som nemnt ha to rom i breidda som stove og kammers (langkammers). Slik dobbeltbreidda planløysing vart først tatt i bruk på byhus og embedsmannshus, og vart ofte innført på bygdene gjennom embedsmannsgardane.

Skiljet i måten å lage samanbygde langhus på i dei tre fute-døma er ikkje heilt gjennomført, særleg ikkje på kysten. Her finn ein ei "kysttype" av bustadhuset som går at i kystbygdene i heile fylket. Det mest karakteristiske med bygningen er det "skeivtekte" taket. Laftekonstruksjonen har eit symmetrisk tak, men med ei sval i stavverk i tillegg langs "baksida" der taket er forlenga over svala, vert resultatet ein asymmetrisk husgavl. Svala er gjerne broten på midten av kjøkkenet som går til ytterveggen. Svalene er gjerne nytta til oppbevaring av brensel (torv, lyng og ved) og til spiskammers.

Den mest vanleg planforma er ein midtgangsplan, d.v.s. med inngang midt på hovudfasaden med gang og kjøkken "bak". Til kvar ende er det stuer som gjerne har dører både til gang og kjøkken. Huset har eit loft med innreidde soverom i kvar ende av huset med vindauge i gavlveggen og med kott på sidene. Trappa går mellom gang og eit ope loftsrom midt i huset, over gang og kjøkken, gjerne med ein lav "knevegg" og eit lite vindauge ned mot golvet og over inngangsdøra i fasaden.

I byggesikken har det lenge vore eit samvirke mellom utanlandske stilimpulsar og heimleg tradisjon. Mellom anna er den norske bygdeempiren ein freistnad på å omforme kontinental steinarkitektur til norske trehus. Med sveitserstilen kom likevel fullt og heilt ein internasjonal stil inn i Bygdenoreg i slutten av førre hundreåret. Det starta gjerne med pionerinstitusjonane innan reiselivet, med pensionat og hotell som skulle vere

"moderne" for å trekke til seg dei nye turistane. Ein del rikfolk bygde sommarhus, men også bustadhus i den nye stilen. Stilpreget smitta gjerne over på den meir "vanlege" bustadbygginga sjølv om utsлага av stilene der var meir moderat. Den kan nesten sjå ut som at dei eldste sveitserstilhusa har rikast dekor, og at ein seinare tok lerdom av at ikkje alt det nye passa inn i vårt klima og moderasjonar i utsmykkinga vart innført.

Det som karakteriserer sveitserstilhusa er ei breiare og kortare husform enn låna. To rom i breidda er vanleg, og i høgda er det halvannan, eller to etasjar. Taka har stort utstikk med synleg sperreendar med utsaga dekor på enden. Ornamentikken elles som ein finn kring dører, vindauge og i gavlane er lauvsgarbeid med gjennomholna treverk der ein spelar på flater og opningar med ulike motiv. Enkelte stader finn ein lokale variantar av motivbruk som storfuglar i gavlane på bustadhus i Stordalen.

Svitserstilen er som nemnt ein internasjonal stil som breidde seg over heile landet og kom til Møre og Romsdal utan lokale føresetnader. Ein kan sjå tendensar til at den lokalt har teke opp i seg ein del trekk frå tidlegare lokal byggeskikk som ark-motivet (utkraga midtark over inngangen) i Storfjordsområdet. Svitserstilen ga seg også utslag i sveitsifisering av allereie bygde hus. Eit typisk døme er at lånbypingar kunne få nyt og brattare tak med større utstikk og skifertekking, verandatilbygg på framsida av inngangen og lauvsgadefor i gavlen og rundt dør og vindauge.

Enkeltbygningar/sengjabud/nystove

Sengjabud er ein bygningskategori som ein finn på Indre Sunnmøre. Sunnmøre museum har eit eksempel frå Stranda (nystove) og Volda bygdetun har ei sengjabud frå den kommunen. I tillegg kjener vi frå fredingslista Bukkjbuda frå Hunnes i Volda. Sengjabudene eller nystovene som dei vart kalla på Stranda var "stashus" i tunet med gjesterom og rom for oppbevaring av klede o.l.

Hovudkonstruksjonen var laft, med stavverk i inngangsdele og svaler. Ein har lite oversikt over utbreiinga av bygnings-kategorien, men i branntakstar frå Stranda frå 1854 og 1875 finn ein nystove nemnt på mange av gardane.



Stabbur Jøsvoll, Ystegarden i Stordal kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Jens Peter Ringstad.

Enkeltbygningar/stabbur

Stabburet er ein bygningskategori ein finn på gardstuna i heile fylket og som er like vanleg som stovehuset. Hovudføremålet var oppbevaring av mat: tørka, salta, korn og bakverk (flatbrød o.l.). Hovudkonstruksjonen er innstabbur i lafteverk og gjerne svaler på ei eller fleire sider i stavverk, alt ståande på stabbar opp frå terrenget. Stabbura på Sunnmøre har gjerne svaler på tre sider og er ofte bordkledde med liggjande panel på alle veggar. I Romsdal har ein gjerne inngangssval og eventuelt sidesval på ei side. På Nordmøre er første etasje av inngangsdelen i stavverk, resten av stabburet er lafta.

BYANE

BYANE SIN FRAMVEKST OG TIDLEGASTE UTVIKLING

Bygeskikken i byane skil seg ein del frå landsbygda, sjølv om ein i byane ofte har budd i gardshusa som er flytta til byen og kanskje har vorte forsynt med meir staseleg panel. Men næringsgrunnlaget og levemåten var noko annleis i byane enn på gardsbruks på landsbygda, og dette gav utsLAG i andre bygningskategoriar og andre bygningstypar. Molde og Kristiansund fekk bystatus samstundes i 1742 og Ålesund fekk slik status i 1848.

Utbygginga i byane i førre hundreåret var nesten berre i trekonstruksjonar. Fiskemottak, tilverking, lagring og utskiping og handel med andre varer kravde store lagerhus med tilflot. Kystbyane var aktivt vendt mot sjøen med andre viktige funksjonar i nær tilknyting. Dette gav svært kompakte og tettbygde bymiljø. Den delvis eksportretta handelsverksemda skapte grunnlag for eit mangfaldig yrkesutval av kjøpmenn, handverkarar og arbeidrarar. Dette avspeglar seg i eit utal av bygnings-typar og storleikar som var meir ueinsarta enn bygningane på landsbygda. Det som likevel var det store skiljet mellom byane sitt bygningsmiljø og busetnaden på landsbygda, var tettleiken i plassering av bygningar. Men ingen av byane har unngått trebyane sin store trussel, brann. Dei vart som vi skal sjå nedanfor alle råka i tur og orden.

Kristiansund ligg ved utløpet av Nordmørsfjordane. Nærleiken til gode fiskefelt og ei god hamn var avgjeraende for byen si utvikling. Den gode hamna gjorde at staden vart funne godt eigna som utskipingshamn for hollandske den trelasteksporet, og ladestaden Fosna vart med dette etablert. Nordmøre tollstad vart etablert her i 1631. Bygningane fikk etter kvart eit forsegjort preg, påverka av trønderane sin byggjemåte, og med interiør prega av hollansk påverknad. Oppblomstringa



Gamle Kristiansund. Litografi av O. Bentzon etter foto av Engvig.

innan handel og fiske førte til lausriving frå trønderane sitt handelsmonopol, og Fosna fikk bystatus under namnet Kristiansund i 1742. Byen gjennomgjekk stor vekst på 1800-talet, og Kristiansund var landets største klippfiskeksportør i siste halvdel av 1800-talet. De mange kjøpmannsanlegga omkransa hamna og dominerte bybiletet.

Brygga var kjøpmannen sit viktigaste hus, nytt til lagring av fisk, salt og andre type varer. Dei eldste bryggene var som før nemnt utforma som svalgangsbrygger, ein byggjemåte frå mellomalderen som i siste halvdel av 1800-talet vart avløyst av reisverksbrygger. Kjøpmannen sine bygningar vart plassert i spesielle mønster. I den eine typen ligg brygge og våningshus plassert i eit firkantun som opnar seg mot hamna. Bustaden litt tilbaketrekt, med hovudfasaden mot hamna, flankert på kvar side av sjøbrygger. Denne typen dominerte frå siste halvdel av 1700-talet, spesielt blant dei mest velhavande kjøpmennene. Denne løysinga var lite brukt i Trondheim, Bergen og Molde, men var derimot vanleg i sørlandsbyane og i handelsstadene nordpå. I det andre hovudmønsteret er bryggene samla i ei rekke for seg næraast sjøen, ofte med gavl mot hamna, medan våningshusa ligg samla bak. Dette var det vanlegaste mønsteret på 1600-talet og i første halvdel av 1700-talet. I ein tredje type ligg våningshus og sjøhus i forlenging av kvarandre, med gavlveggen mot sjøen, og bryggeeininga næraast sjøen. Det er likevel få døme på denne byggemåten i Kristiansund. Det einaste bevarte døme er den gamle tollboden i Sagerbukta på Innlandet, bygd på slutten av 1600-talet.

I bakre del av kjøpmannsanlegga låg ofte driftsbygning, og andre typar uthus, samt urtehagar, mellom anna skapt av ballastjord, brakt tilbake med klippfisk-skutene frå Spania.

Etter påverknad frå tilflytta engelske kjøpmenn vart det skapt interesse for å anlegge hagar, og mange kjøpmenn hadde sine eigne gardsbruk eit stykke unna bygningane ved hamna. Kristiansund var faktisk sjølvforsynt med landbruksvarer til langt ut på 1800-talet. Bak dei store kjøpmannsanlegga låg meir primitive småkårshus. Bak busetnaden låg klippfiskberga som ofte også kunne strekkje seg heilt ned til sjøen, eit særskilt viktig og markant innslag i Kristiansund sitt kulturlandskap.

Den eldste bystrukturen var elles prega av at plassering av bygningane i stor grad var tilpassa terrenget. Dette ga busetnaden eit noko uryddig klyngepreg, med tronge og kronglete veiter, trapper og gateløp som snodde seg fram mellom bygningane og rundt knausar. Denne tidlege sjøvgrodde bystrukturen kan ein framleis oppleve i Hønebukta på Innlandet, den eldste bevarte bydelen i Kristiansund med røter tilbake til 1600-talet. Etter 1850-talet, då bygningslova vart innført, vart det påbod om å bygge i strengt regulerte kvartal, noko som



Kartoversikt som viser bebyggelsen i sentrum av Kirkelandet før brannen 1940 (til venstre) og planlagt ny bebyggelse (til høyre).

først vart gjennomført i siste halvdel av 1800-talet i dei sentrale delar av Kirklandet.

Molde fikk bystatus samstundes med Kristiansund, men har ein heilt annan karakter. Det eldste bymiljøet var konsentrert i den sørvenda fjordbukta mellom Moldegård i aust og Reknes gard i vest. Hovudvekta av busetnaden låg i nærleiken av sjøen, og byen fekk difor ein langstrakt lineær byplan. Nærast sjøen låg sjøhusa på rekke og rad, oftaast med gavlveggen mot sjøen. Bak sjøhusa låg bustadhusa, som regel med gate mellom sjøhus og bustadhus. Mellom bustadhusa vart det ofte små, men bugnande hagar, med sterk og god ange av roser, noko som ga Molde det positive tilnamnet "rosenes by". Bak bustadhusa låg større hageanlegg og gardsbruk. Over dette i den skogkleddlia, låg husmannsplassane.

I dette bymiljøet var det enkelte bygg som gjennom sin storlek, utforming og plassering skilte seg ut frå resten av bygningsmassen. Dette var bygg som også spela ei viktig rolle for bysamfunnet: Sjøhusa som var viktige for byen sitt næringsliv. Kyrkja som sentral religiøs institusjon med sentral posisjon i samfunnslivet og makt over menneskesinnet. Grand hotell og Alexandra hotell med deira viktige rolle for utvikling av Molde som turistby, Reknes sanatorium og Molde gamle rådhus med fengsel.

Delar av Molde sentrum (området kring elveosen og austover) vart råka av brann i 1916. Det vart innført murtvang for eit mindre område frå sjøen til Øvre gate. Dette førte til gjenreising i mur i dette strøket og utbygging i tre i tilliggjande område.

Ålesund by har ei yngre historie enn Kristiansund og Molde. Den voksa fram på grunnlag av rikt fiske på 1800-talet. Ålesund spela også ei viktig rolle som handelsstad allereie på 1600-talet, og vart etablert som ladested i 1793. I 1825 hadde staden berre 289 innbyggjarar. Klippfiskeksperten i spansktida (ca 1830-1880) førte til at folketallet auka frå 1200 i 1845 til 7500 i 1885. Ålesund fekk bystatus i 1848. Seinare vart sildefisket viktig for byen sitt næringsliv gjennom meir effektive fangstmetodar (drivgarnsfiske og snurpenot). Den første busetnaden voksa fram langs sjøve "Ålesundet", (sundet mellom Aspøya og Nørøya). Nærast sundet låg sjøhusa med dei karakteristiske vindhusa på rekke og rad. Våningshusa var som regel plassert bak sjøhusa. Truleg på grunn av plassmangel i det eldste byområdet finn ein i Ålesund få døme på den type kjøpmannstun (firkanttun) som var karakteristisk for gamle Kristiansund. Mesteparten av dei eldste trehusa gjekk tapt under bybrannen i 1904, men eit karakteristisk utsnitt av gamle trehusbyen Ålesund er bevart på Aspøya. Moloveien er eit spesielt interessant miljø i så måte.

GJENREISTE BYMILJØ

Ålesund vart råka av brann i 1904 og heile sentrum vart lagt i oske. Murtvang vart innført i sentrum og gjenreisinga skjedde på rekordtid (4-5 år) i ein periode då den kortliva jugendstilen var aktuell innan arkitekturen og byggeaktiviteten elles i landet var liten. Til Ålesund strøymde det dyktige arkitektar og handverkarar for å ta del i gjenreisinga. Resultatet vart eit samanhengande, nytt bysentrum med eit uvanleg heilskapleg preg med stiltrekk i hovudsak henta frå jugendstilen.

Jugendbyen Ålesund er eit av dei mest heilskaplege jugendmiljø i Europa. I gjenreisinga av Ålesund bygde ein på den gamle bystrukturen før brannen. Opprettning av gater og nivellering vart berre gjennomført i mindre grad. Ei hypotese er at ein ikkje hadde tid til nyskapande regulering. Andre har vist til at det i byplandebatten i Europa i den aktuelle tidsperioden vart hevdat at for å skape vakre og trivelege bymiljø måtte ein leggje vekt på uregelmessige bystrukturar. Urbanisten Camillo Sitte var den fremste faneberaren for denne ideen. Denne uregelmessige bystrukturen har gitt Ålesund det karakteristiske pittoreske og romantiske preg.

Blant dei hustypane som vart bygd bør ein merke seg den dominante delen av kombinasjonsbygninga med bustad og arbeidsplass under same tak. Dette braut med sonedelingsprinsippet (skiljet mellom bustad og arbeidsplass) som elles var stod sentralt i moderne byplanlegging. Årsaka var at ein i Ålesund såg det som mest rasjonelt, funksjonelt og økonomisk å halde fast ved funksjonsblandinga og den udifferensierte strukturen frå før brannen. Dette skapte også eit nytt sentrum med stor variasjonsrikdom. Bygningane fekk eit variert og mangfoldig uttrykk som følgje av arkitektane sin individuelle skaparkraft. Ålesund vart skapt som resultat av ein eigen dynamikk bestemt av arkitektane sin bakgrunn og felles visjon, men utan at det låg føre noko erklært program eller regelverk. Bygningane vart teikna av i alt 50 ulike arkitektar som kom frå forskjellige stadar i landet. Dei fleste hadde fagutdanning på høgste nivå, ofte med utanlandsk vidareutdanning, særleg frå Tyskland.

Jugendstilen dominerer gjenreisingsarkitekturen i Ålesund, både i form av reine jugendhus, og i form av jugendelement brukt i bygg som elles har eit anna formspråk. Dei mest forseggjorde bygningane ble skapt som "Gesamtkunstwerk", der både eksteriør og interiør var spesialdesigna med stor omtanke. Jugendarkitekturen i Ålesund er nyansert og variert, men hovudimpulsane synast å kome frå tysk jugendstil og austriisk Secession-stil. Bygningane står derimot fjern frå den krappe og dramatiske lineføringa i fransk og belgisk



Utsnitt frå Jugendbyen Ålesund. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Christ Allan Sylthe.

Art Nouveau. Enkelte bygg er likevel påverka av historismen. Det er dessutan karakteristisk at ein i mange av bygningane finn trekk frå verkeleg eller symbolsk mellomalder. Dette gjeld bruk av råkopp som byggjemateriale, borgaktige strukturar med tårn, element frå romansk kyrkjearkitektur og motiv frå norsk dragestil.

Både Molde og Kristiansund saman med Åndalsnes og Veblungnes var utsett for bombing og brann i aprildagane i 1940. I begge byane vart heile sentrumsområda øydelagde. Eit omfattande gjenreisningsarbeid vart planlagt av Brete Steders Regulering undre leiing av professor Sverre Pedersen. Det tok lang tid før ein hadde ei komplett gjenreising. Ny kyrkje var ikkje på plass på Kirkelandet i Kristiansund før i 1964 (Molde kirke i 1957).

Kristiansund: I slutten av aprildagane 1940 slapp tyske bombe-fly si øydeleggjande last over Kristiansund. Omlag 800 av 1300 bygningar vart lagt øyde, av dei 579 bustadhus. Ingen andre stader var krigsøydeleggingane så omfattande som i Kristiansund. Professor Sverre Pedersen vart kontakta for å utarbeide ny reguleringsplan. Dessutan var den internasjonalt kjente arkitekt Arne Korsmo engasjert som byarkitekt med hovudoppgåve å planlegge nye kommunale bygg. Som hovudrammeplan vart det utarbeidd soneplan for heile kommunen. Innan denne ramma vart det så utarbeidd fleire omfattande reguleringsplanar, ein for kvar bydel der ein planla ny sentrumsbusetnad til erstatning for den som vart øydelagt under krigen. Det vart dessutan utarbeidd illustrasjonsplanar og fasadeteikningar av heile gateløp som i imponerande grad føreslo konkretisert detaljering i arkitekturen. Dette vart gjort med bakgrunn i krav frå dei tyske styresmaktene om at "reguleringene måtte bli gjenstand for skissemessig arkitektonisk bearbeidelse".

Reguleringsplanen for Kirkelandet sentrum er tufta på Sverre Pedersen sine klassisistiske byplanideal. Det er lagt stor vekt på regelmessig og klar byplanstruktur, med markerte hovudaksjer, utsiktsakser, og bevisst forma plassar. Sverre Pedersen sökte inspirasjon i barokken sine byanlegg. Han klarte i så måte å finne klare likskapspunkt mellom Kristiansund og Roma. I hans auge var tilhøvet mellom hamna

i Kristiansund med fisketorget og det nye planlagte Kongens Plass det same som tilhøvet mellom Forum Romanum i Roma og Michelangelos Capitolhøgde. Høgdeforskjellen var nemleg den same. Dessutan meinte Sverre Pedersen at hamna var Kristiansund sitt livfylte Forum, og han ville gje Kongens Plass same funksjon som Capitolhøgda med viktige offentlege bygg. Sentrumsplanen for Kristiansund var vidare tufta på 4 hovuddealar.

Oppfarten (Kaibakken) var den viktige nye hovudgata som skulle binde saman hamneområdet med sentralplassen/festplassen Kongens Plass. Oppfarten var også viktig som utsiktsakse med Barmannhaugen med planlagt kyrkje i eine enden av aksen, og Tustna og Nordsundbrua i andre enden. Oppfarten vart sett på som hovudgrep i planen.

Bustadområda i de øvre bydelar skulle utformast som open busetnad knyta til hagar, leikeplassar og grøntareal. Det vart og sett på som viktig å få til eit samanhengande grøntdrag frå byen sin utkant via Vanndamman og ned til Kongens Plass. Denne hagebytanken ga seg også utslag i at bustadområda skulle ligge i nær kontakt med rekreasjonsareal. Det samanhengende grøntdraget gjennom sentrum skulle også fungere som brannintervall. I forretningsstrøka vart det foreslått å forme busetnaden som lamellbygg i koterettinga.


Kristiansundarane fikk mykje av sin kjære, vakre by øydelagd under bombinga. Det vart difor ytra sterke ønskjer om at byen måtte få tilbake noko av sit gamle sær preg ved at gjenreisningsarkiteturen måtte byggje på lokale byggjetradisjonar. Ulike trekk frå den gamle byen vart difor freista gjendikta i den busetnaden som skulle gjenreisast. På Kirkelandet vart bygningane ved hamna utforma som betongkopiar av dei tradisjonelle kjøpmannshusa med anlegg beståande av tilbaketrekte bustadhus, flankert på begge sider av pakhus med gavlen mot hamna.

Dei nye rekkehusa lenger oppe i byen vart ofte utstyrt med smårua vindauge i trappegangen, gatedørene var ofte lett forenkla kopiar av dei klassiske portalane som var så typiske for dei gamle patrisierhusa. Desse historistiske stilkopierande tendensane sto i sterkt kontrast til den meir radikale funksjonalismen som var under utvikling i mellomkrigstida.

Også fargesettinga vart eit viktig poeng i gjenreisingsarkitekturen. Mange av bygningane var skapt over ein enkel hovudlest, berre med litt overskot og variasjon i portalomramminga og anna detaljering. Ein søkte difor å live opp det heile med sterk variasjon i fargesettinga. Kristiansund vart difor kjent under namnet "Målarskrinet", eller "den polykrome by". Dei mura forretningsgardane lenger ned mot hamna fikk dusare og meir ærverdig fargehaldning, med mineralittpuss i sarte grånyansar (grågrøn, gråblå, grårosa, m.m.).

Når det gjeld byggjehøgder, vart det som i Molde vedteke at bygningane i mursona i hovudsak skulle vere i 3 etasjar. Som eit særtilfelle vart det gitt løyve til å byggje i 4 etasjar nede ved hamna for å gje best mogleg utnytting av vanskelig og kostbar byggjegrunn. Som i Molde og Ålesund vart det også i Kristiansund satsa på kombinasjonshus i sentrum. Førsteetasjen kunne brukast til foreningsføremål, medan dei 2 øvre etasjene måtte nyttast til bustadformål.

Molde: Sverre Pedersen utarbeidde reguleringsplan for Molde i samarbeid med byingeniør Findahl allereie i 1937. Idegrunnlaget for dette arbeidet var at byen skulle gjerast meir moderne, funksjonell og vakker. Planen skulle og bli tilpassa naturgitte høve. Det var også viktig å få utsikta mot fjord og fjell integrert i planen. Etter bombinga i 1940 vart Sverre Pedersen kontakta på ny. Denne gongen for å få han til å utarbeide reguleringsplan for gjenreisinga, i samarbeid med byingeniør Dørum. Planutkastet var klart i august 1940. Den bygde på planen frå 1937. Planen bygde vidare på den gamle infrastrukturen av økonomiske omsyn. I Storgata vart det planlagt lamellbygg, noko som var ein ny hustype. Mellom bygningane vart det planlagt grøntareal med roser, noko som skulle styrke Molde sitt ry som "Rosenes by". For å sikre mot liknande brannkatastrofar i framtida vart det innført murtvang i sentrum.



Gatedør i gjenreisningsbyen Kristiansund. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.



Gjenreisningshus i Kristiansund – "Målarskrinet" eller "Den polykrome by". Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.



Molde sentrum med øvre torg og rådhuset. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Christ Allan Sylthe.

Utanfor murtvangsona vart det gitt løyve til å byggje småhus av tre. Reguleringsplanen omfatta i hovudtrekk Storgata og Torget. Det vart store diskusjonar om torget, både når det gjeld storleik og utforming. Torget vart hovudgrep i gjereisningsplanen. Inspirasjonen var Markuslassen i Venezia. Mottoet var "Innramma utsikt mot fjorden og fjellene". Pedersen var i det store og heile oppteken av å behalde fjordkontakten. På kvar side av torget vart det planlagt gavlhus mot hamna, inspirert av dei gamle gavlbryggene. Reguleringsplanen vart godkjent 15. juni 1941.

Bygningane i murtvangsona vart utforma som murhus, anten med måla puss, eller med edelpuss som overflatehandsaming. Det vart store diskusjonar om byggjehøgda 3- eller 4 etasjar. For i det heile å kunne kome i gang med gjenreisinga vart det semje at ein som ei kompromissløysing skulle byggje i 3 etasjar, men fundamentere for 4 for å kunne tåle evt. seinare

påbygg. I dei endelige planane vart det imidlertid vedteke å byggje i tre etasjar, bortsett frå i heilt spesielle høve, som til dømes bygningane nedst mot hamna på kvar side av torget. Her vart det vedtatt å byggje i 4 etasjar for å oppfylle Sverre Pedersen sin intensjon om "innramming av utsikten mot fjorden". Elles vart dei fleste bygningane gitt eit nøkernt funksjonalistisk formspråk. Mellom anna saltakforma gjorde at bygningane likevel fekk likskapspreg med gamlebyen. Dessutan valte ein å følgje gamal moldetradisjon ved å byggje såkalla kombinasjonshus, med bustad og næringslokale i same hus. Dette var i likskap med det som skjedde etter brannen i Ålesund eit klart brot med den moderne byplanlegginga sitt sonedelingsprinsipp. Eit av dei fremste døma på slike meir tradisjonsbundne kombinasjonsbygg er Myrabakken 8, eit hus som og har ei relativ tradisjonell detaljering. Pettersongarden ved Torget er eit av få hus som vart bygd som reint forretnings-



Molde sentrum med nedre torg og "innramma utsikt mot fjorden og fjella". Foto frå 1984, henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

bygg. Det har eit eksteriør som er prega av enkel, nøktern eleganse, og ein kurvator som på ein fin måte understrekar bogen i gateløpet. Utanfor murtvangsona vart det bygd mange døme på langt meir tradisjonsbundne trehus. Eit døme på det er alle svenskhusa. Eit anna godt døme er det skeivtekte huset i Øvre vei 1.

Gjenreisingsperioden baud på mange rivaliseringar mellom tradisjonalistar og modernistar. Tradisjonalistane sigra i mange høve i form av at det vart praktisert ein forsiktig, tradisjonspråverka og harmoniserande variant av modernismen. Gjørvelalleen 1, teikna av arkitekt Håkon Mjelva er eit av dei første meir radikale modernistiske byggverk her i Molde, bygd i 1953.


FISKEVÆR, TETTSTADER, O.A.:

Utanom dei tre nemnde byane i fylket har ikkje Møre og Romsdal vore heilt utan bydanningar og tettstader i historisk tid. Frå mellomalderen har vi som nemnt restar etter kaupangar både i Borgundgavlen og på Veøya. Mot slutten av mellomalderen vokser fiskeværet Bud fram som ein viktig tettstad i Romsdal med Riddersalen som husa det siste Riksmøtet i Noreg i 1533. Andre fiskevær som Veidholmen, Grip, Bjørnsund og Ona var ikkje viktige tettstader då fiskeværa hadde si stordomstid. Marknadspllassen Veblungsnes som overtok Romsdalsmarknaden etter Devold, må og nemnast som viktig tettstad før jernbanen vart utbygt i Romsdalen og stasjonsbyen Åndalsnes tok over "hegemoniet" som senter i Indre Romsdal.

På Nordmøre vart det og etablert såkalla strandstader. Dette er ein eldre type tettstad, plassert ved sjøen, som regel i ein fjord. Strandseta var viktige knutepunkt/sentra i høve til deira omland. Hamnefunksjonen var viktig og sentral, både i samband med omlasting av varer frå landevegs til sjøvegs transport, og i samband med båtopptrekk. Strandseta hadde eit samansett næringsgrunnlag med hovudvekt på handel og produksjon. Landbruket spela derimot ei sekundær rolle. Elles var det og karakteristisk at ein i strandstaden hadde blanda funksjonar, med både bustad og næring. Som døme på Nordmørske strandstader kan nemnast; Surnadalsøra, Øksendalsøra, Todalsøra og Kvande.



Kart over Molde sentrum. Øverst gamle Molde, nederst gjenreisningsplan.



Todalsøra. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Christ Allam Sylthe.

STATUS TIL KULTURMINNEVERNET I KOMMUNEPLANANE

Lista er ordna etter kommunenr. og bygg på opplysningar gitt i av kommunane som svar på spørsmål frå fylkeskommunen i brev datert 13. oktober 1998.

Dei tre spørsmåla var:

1. Har kommunen eigen kommunedelplan for kulturminnevern?
2. Har kommunen laga temakart for kulturminne?
3. Er freda kulturminne innteikna på hovudkartet? (med freda kulturminne meinar ein her både automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid, – med hovudkartet meinar ein her hovudkartet til kommuneplanen sin arealdel).



Tegning: Geir Helgen.

KOMMUNE	EIGEN KOMMUNE-DELPLAN	TEMAKART KULTURMINNE	FREDA KULTURMINNE PÅ HOVUDKARTET	MERKNADER
Molde		Ja(1)	(2)	(1) Temakart; Haukebøen-Strande, landskapsanalyse. (2) Kun på kommunedelkarta
Kristiansund			Ja(1)	(1) Kun automatisk freda kulturminne
Ålesund			(1)	(1) Automatisk freda kulturminne kjem med etter kvart.
Vanylven			Ja(1)	(1) Kun automatisk freda kulturminne (R1-R12)
Sande		Ja	Ja	
Herøy		Ja	Ja	
Ulstein			Ja	
Hareid			Ja	
Volda			Ja	
Ørsta		Ja	Ja	
Ørskog			(1)	(1) Automatisk freda kulturminne vert innarbeidt ved rullering
Norddal			Ja	
Stranda				
Stordal			Ja	
Sykkylven			Ja	
Skodje			Ja	
Sula		Ja(1)	(2)	(1) Temakart lagt inn i hovudkart (digitalt). (2) Blir innteikna (under revisjon).
Giske			Ja	
Haram		(1)		(1) Temakart under utarbeiding.
Vestnes			Ja	
Rauma	Ja	Ja	Ja	
Nesset		Ja	Ja	
Midsund				
Sandøy	(1)		(2)	(1) Til høyring (2) Vil bli gjort
Aukra		Ja	Ja	
Fræna		(1)	(1)	(1) Under utarbeiding
Eide			Ja	
Averøy		Ja(1)		(1) Temakart med kun automatisk freda kulturminne
Frei			Ja(1)	(1) Nokre manglar.
Gjemnes		Ja(1)		(1) Kun kystsona.
Tingvoll		Ja	Ja(1)	(1) Kun dei mest sentrale
Sunndal				
Surnadal		Ja		
Rindal		(1)	Ja	(1) Temakart under utarbeiding.
Halsa			Ja	
Tustna				
Aure			(1)	(1) Kun på kommunedelplankarta.
Smøla		Ja(1)		(1) Manglar Edøy kyrkje
SUM	1(1)	13(2)	22(3)	

(1) Ei kommune har utkast til kommunedelplan til høyring.

(2) To kommunar har temakart for kun ein del av kommunen, ei kommune kun for automatisk freda kulturminne og ei kommune har mangel på kartet. Tre kommunar svarar at dei har temakart under utarbeiding.

(3) To kommunar har ikkje med vedtaksfreda km. To kommunar har manglar. Fem kommunar svarar at innteikning av automatisk freda kulturminne på hovudkartet vil bli gjort (ved rullering).

OVERSIKT OVER OMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL SOM ER REGULERT ETTER PLAN- OG BYGNINGSLova SIN § 25.6. TIL SPESIALOMRÅDE/BEVARING

Lista er ordna kommunevis etter kommunenr. og bygg på opplysningar gitt av kommunane som svar på spørsmål frå fylkeskommunen i brev datert 6. oktober 1998.

Forkorting: auto.f.km. = Automatisk freda kulturminne.

KOMMUNE	PLAN NAMN/ OMRÅDE	GODKJENT	VERNEOBJEKT				
Molde	Tøndergård/Kvitlorp	1976	Bygningsmiljø	Ottamaraka	1989	Gamlegymnaset	
	Nøisomhed	1977	Bygningsmiljø, hage	Øyra	1987	Volda Prestegård	
	Banehaugområdet		Bygningsmiljø	Ørsta	Nordre Vardal Sentralområde	18.12.95	Naust, gravplass
	Røysan og Reknes sør	1983	Bygningars: Sandvn.11 og Bj.Bjørnsensv. 25	Ivar Aasen Senteret	04.11.96	Museum	
	Kvam øst		Gamle tun: Olaplassen og Stenrud	Garvarg./Austlidv./Kyrkjeg.	14.12.92	Bustadar/tun, bustad/forretning	
	Bjørset		Bergkunst og gammalt tun	Rjåneset Friluftsområde	29.03.93	Auto.f.km. (gravrøyser)	
	Røvik		Auto.f.km.	Steinholen, Nordre Vardal	10.05.82	Auto.f.km. "Øygards-hellaren"	
	Øvre Fuglset		Tun	Ørsta Sentrum 1	02.04.79	Svendsen- garden	
Kr.sund	Honebukta/Sagerbukta/ Garverigt/Kpt Bothnersgt	04.11.86	Bustadsområde/bymiljø	Ørskog	Lande	1977	
	Clausenenga	19.09.89	Bustadsområde/bymiljø	Prestegården			Prestegårdstunet, postvegen
	Fosnag./Kranav. / Håndverkern	17.03.98	Freda bygninger/utemiljø, trafo-kiosk, uteområde, stabbur	Russeboen			Auto.f.km., postvegen
	Fiskeværet Grip	26.05.98	Mesteparten av fiskeværet	Norddal	Fjørå sentrum	22.05.81	Minnestøtte, Tafjordulykka
Ålesund	Hessa Sør	14.05.85	Auto.f.km. (gravhaug)	Tafjord, avkøyrsls	04.02.93	Arneløa m.m.	
	Hessa Sør strandområde	08.02.90	Auto.f.km. (gravfelt)	Norddal sentrum	05.05.80	Naustområde v/Norddal kyrkje	
	Korsvika, Sævollen, Stavneset	01.06.95	Auto.f.km. (gravroys), forvarsanlegg (krigsminne)	Ytterdal	07.05.92	Tunområde Ytterdal	
	Tueneset	01.11.96	Auto.f.km. (gravhaugar)	Øystestolen	20.12.94	Seterstøl	
	Ålesund Sentrum	17.02.98	Gjenreisninga etter bybrannen i 1904	Sylte, Valldal	03.02.94	Syltegata	
	Klokkersundet	12.06.97	Kulturhistorisk verdifull bebyggelse, auto.f.km, funnstader, kulturlandskap, MRK: Uavklart konflikt for B4 og B5	Tafjord	20.11.86	Fundergata	
	Volsdalstunet	19.06.79	Tun, MRK: reg.endring austlegaste del til bustadføremål	Stranda	20.11.86	Minnestøtte v/gate 2	
	Spjelkavikneset- Moa- Breivika	01.06.95	Kanal, intaktsdam, røygate, gml. kraftstasjon	Del av Framhusvegen	14.10.81	Bevaringsverdig bygning m/tun	
	Nedregården- Borgundfjorden	01.06.95	Auto.f.km.	Hagevika, Stranda	19.11.86	Naustområde	
	Spjelkavik sentrum- Myrabakken	01.06.95	gml. notsal /trädlager, intaktsdam, kanal, murte kanalkanter	Geiranger Sentrum	08.01.93	Naustområde, bygningsmiljø, kulturlandskap/frukthage	
Vanylven	Aheim Vest		Kyrkje, naustområde	Hellesyti, nedfartsveg RV 60			Landingsvor for postvegen
	Knardal		Auto.f.km.	Stranda sentrum	10.02.99	Gravhaug Fløten, prestegården, rádhuset, Solheimtunet	
Sande	Sandshamn sentrum		Låna og tilliggande bygningar	Dyrkorn			Kulturlandskap/ kulturmiljø
	Larsnes sentrum		Hovudbygninga, Larsnes gnr. 87 brn. 1 og bustad, Seljeseth gnr. 86 brn. 6	Røbbane/Hovslia bustadfelt	08.06.98	Steinalderbuplass (Helgeberget)	
	Haugsbygda hamn		Verneverdig naust gnr.12 brn.1	Syklyven	Aure Nord	1986	Philtunet
Herøy	Fosnavåg		Tre område; sjøhus, butikk/bustad, bustad	Storhagen (Grepstad)	1998	Auto.f.km.	
	Mjølstadneset		Auto.f.km.	Skjodje	Straumegjerde		?
Ulstein	Rinden, Flø	29.09.87	Auto.f.km. (gravhaugar-/roysrestar)	Skodje sentrum, Korsvegen			Veg
	Kyrkjebakken - Vikeelva	30.06.88	Bygningar, tun	Solnør			Auto.f.km.
	Hovsetbakkane, Ulsteinvik	04.07.91	Auto.f.km. (haugrest)	Hähjem			Auto.f.km.
	Sandbakkane, Hasund	19.02.98	Auto.f.km. (steinalderbuplass)	Sula	Solevågseidet	juli 1993	Auto.f.km.
	Buneset - Varden	09.05.85	Auto.f.km. (roysrestar)	Vegsund			Auto.f.km. (Olavskjelda)
	Sundgot, Dimnøya		Blir avløyst av planen "Litlevågen" i 1999	Rørstad	07.05.98	Auto.f.km. (gravrøyser)	
	Eiksund - Eika Rv. 653	02.07.98	Auto.f.km. (buplass), naust, steingard	Giske	Sunde/Leirvåg	juli 1993	Auto.f.km.
Hareid	Håbakk - Hovlid - Teigene	Endra 1986	Gardstun, kulturlandskap	Valderhaugstrand	30.12.88	Bygningsmiljø, Løketunet, prestegård	
	Liavåg		Auto.f.km.	Haram	Vatne	08.02.85	Gardstun
	Kvitneset		Kystfort, Auto.f.km.		Vest for Storgata, Brattvåg	23.06.78	Skjelt-iver-huset
	Brandal		Auto.f.km.		Sætergården, Tennfjord	juni 1997	Auto.f.km. (gravroys)
	Naustområde på 78/27 og 47	30.09.83	Auto.f.km. (gravhaug)	Farstad 1, Lepsøya	28.08.78	Bygning	
	Pilskog - Overå	25.11.77	Auto.f.km. (gravhaug)	Ulla del 1 og 2, Haramsøya	14.08.84	Ullahamaren, Ullatunet, naustrekke	
	Overåsanden - Langetangen	11.09.81	Auto.f.km. (gravhaugar, 4 stk)	Vestnes	Fiksdal småbåthamn		Auto.f.km. (gravroys)
	Garvika - Littlevågen	10.05.90	Auto.f.km. (gravrøyser)	Rauma	Horgheim	27.06.95	Auto.f.km. (gravfelt)
	Kvitneset - Klombra - Englandsvika	28.06.95	Auto.f.km. (gravroys)	Nesset	Eidsvåg sentrum		Bustad/forretningsbygg
Volda	Engeset og Klepp	1990	Gamlegymnastikken, loda er flytta på museum?	Midsund	Krabbevikbua, Midsund	11.05.89	Sjøbud
	Hamnekvartalet, Volda Sentrum	1987	Tettstad/gatemiljø	Tautra		25.02.97	Auto.f.km. (område)
	Småbåthamn, Rotset	1985	Ristetunet, Garverbuda og landingsvoren	Stormyra industriområde		02.06.88	Auto.f.km. (2 gravrøyser, ei er utgraven)
	Vikebygda	1998	Auto.f.km.	Orset hyttefelt		30.06.87	Auto.f.km. (2 gravrøyser)
	Bjerknes, Nord	1994	Kystfort, Auto.f.km.	Sandøy	Ona/Husøy		Store deler av fiskeværet
				Aukra	Eikremsbukta		Naust, sjøhus, seilskutehamn
					Aukra prestegård		Auto.f.km.
					Løvik		Auto.f.km.
					Sandvika		Auto.f.km.
					Rothaugen		Auto.f.km.
				Fræna	Bjørnsund Nordre	31.05.88	Fritidshus, sjøhus, naust
					Bjørnsund Søre	31.05.88	Fritidshus, sjøhus, naust
					Bud sentrum	27.03.95	Historisk /antikvarisk verneområde, auto.f.km.
					Eidem Sør	31.08.84	Auto.f.km.
					Elnesvågen Småbåthamn	07.03.94	Naustmiljø, auto.f.km.
					Gulenausthaugen i Gule	25.08.86	Auto.f.km.
					Hustad II (bustadfelt)	25.03.96	Auto.f.km.
					Kjørsvika Campingplass	15.05.95	Auto.f.km.
					Myrbostad Kyrkje	23.10.89	Kyrkje, prestegård

	Nesabukta Campinglass	25.08.97	Auto.f.km.
	Utviding i Torneskleiva	21.09.83	Auto.f.km.
Eide	Strømsholmen	01.10.98	Handelsstad
	Einsætvêgen	21.10.93	Auto.f.km. (nausttuft)
	Atlanterhavsvegen	28.04.92	Auto.f.km.
	Svanviken	11.02.93	Auto.f.km.
	Nessebukta/Visnes	11.06.92	Auto.f.km.
Averøy	Håholmen		Fiskevær
Frei	Viken Gard	08.05.90	Museumsområde (kulturlandskap)
	Lianaustan	10.06.97	Auto.f.km.
	Freistranda	06.05.97	
Gjemnes	Høgset - Meieriet		Auto.f.km.
	Ore kyrkje og småbåthamn		Kyrkje
Tingvoll	Tingvoll Prestegard		Prestegardstunet, kyrkja
	Almi hyttefelt	28.11.91	Auto.f.km. (gravrøys)
	Bøifoten hyttefelt	06.03.97	Hustufter
Sunndal	Øksendalsøra R027-2230B	25.06.96	Bustadområde, naust, museumsområde
	Øksendalsøra 1776-2085A	16.06.92	Bustadområde
Surnadal	Stangvik , Svissholmen	11.06.87	Prestegården, tunet, kyrkja, naust, omegn
	Oye	04.07.96	Kyrkjegard, skolemuseum
Rindal	Rindal sentrum	21.01.90	Tettstadsmiljø
Halsa	Otnesbukta	30.06.94	Kulturmiljø
Tustna	Gautoya	16.06.94	Auto.f.km. (gravrøys)
	Kräksundet Sjøbruksmuseum	26.09.94	Museum
Aure	Aure sentrum, nedre del	28.03.96	Gml. tettstad, kyrkjegard, mølestue, kvernhus
	Lurvika	31.10.91	Kulturmiljø, bygg
	Hamna i Kjørsvikbugen	1995	Auto.f.km.
	Dromnes bustadfelt	07.04.94	Auto.f.km.
	Tjeldsbergodden		Auto.f.km.
	Gasspark Tjeldsbergodden	08.06.98	Auto.f.km.
	Vihalsområdet	30.10.89	Auto.f.km.
Smøla	Veidholmen, "Været"	18.06.97	Kulturmiljø (fiskevær/ bustad, naust, museum, kai)
	Korsvoll i Edøy		Auto.f.km. (Gravrøys)
	Rosvoll Prestegard		Auto.f.km. (gravhaug), museum

SEFRAK/Sekretariat for registrering av faste kulturminner i Norge



Tegning: Geir Helgen

Registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRAK) er ei landsomfattande registrering av faste kulturminne frå perioden 1536-1900 som har vore gjennomført i perioden 1975-1995. Dei innsamla opplysningane er overført på edb-medium til eit felles register.

Oversikta inneheld tabell med tal på registrerte objekt i kvar kommune i Møre og Romsdal, kommentarar til tabellen og oversikt for to kommunar (Sykkylven og Skodje) med krinsinndeling, tal på objekt i kvar krins, tal på objekt fordelt etter bygningskategoriar, ruinar etter bygningar og andre minne enn hus.

OVERSIKT OVER TAL PÅ REGISTRERTE OBJEKT I MØRE OG ROMSDAL

kommrn.	kommunenamn	tal på registr.objekt
1547	Aukra	284
1545	Midsund	408
1563	Sunndal	1846
1569	Aure	1732
1502	Molde	1974
1566	Surnadal	1581
1554	Averøy	1399
1543	Nesset	1721
1528	Sykkylven	1077
1551	Eide	986
1524	Norddal	1014

1560	Tingvoll	2378
1556	Frei	419
1539	Rauma	2632
1572	Tustna	450
1548	Fræna	1311
1567	Rindal	973
1516	Ulstein	536
1532	Giske	675
1514	Sande	703
1511	Vanylven	1031
1557	Gjemnes	1578
1546	Sandøy	459
1535	Vestnes	866
1571	Halsa	813
1529	Skodje	793
1519	Volda	2829
1534	Haram	1654
1573	Smøla	1298
1520	Ørsta	1749
1517	Hareid	547
1526	Stordal	537
1523	Ørskog	556
1515	Herøy	900
1525	Stranda	1270
1504	Ålesund	2150
1503	Kristiansund	1410
1531	Sula	390
SUM	Møre og Romsdal	44.788

KOMMENTAR TIL TABELLEN

Kva kan ein lese ut av ei slik oversikt? For det første må eg nemne at talet på registrerte objekt i ei kommune sjølv sagt har samanheng med kor mange objekt som er i kommunen. Men ikkje alle registratorar har vore like flinke til å få med seg alle objekt som skulle vore registrert.

Den gruppa av objekt som varierar mest er nok ruinar/ rester etter hus. I nokre kommunar (og krinsar) har ein fått med seg mange ruinar, i andre er det få. Det varierar sjølv sagt kor mange ruinar det er rundt omkring i krinsane, men det ser ut til at største skilnaden på "kvaliteten" til registratorane sitt arbeid ligg i kva grad dei har fått med seg ruinane i registreringskrinsen.

Ser vi bort frå denne "feilkjelda" og samalikna tala, kan ein vel seie generelt at kommunar med stort areal også har mange registrerte objekt. Unntaket her er sjølv sagt bykommunane.

TIDSGRENSE I BYAN

I byane er forholdet det at i tillegg til tett bebyggelse, har ein i sentrale strøk flytta tidsgrensa for kva som skal vere med i registreringa. For å få med gjenreisinga etter bybrannen i Ålesund i 1904 er grensa der sett til 1910, og gjennomført at all eldre bebyggelse i sentrum skal registrast. For Kristiansund har ein sett grensa til 1940 i sentrum og for Molde som hadde bybrann både i 1916 og i 1940 er også grensa for sentrumsområdet 1940.

Talet på registrerte objekt i dei tre bykommunane våre er:

Ålesund: 2150 objekt (nr. 4)

Molde: 1974 objekt (nr. 5)

Kristiansund: 1410 objekt (nr. 13)

AREAL OG TAL PÅ OBJEKT

Men tilbake til areal og tal på objekt. Det er ikkje direkte samanheng mellom areal og tal på objekt. Dette heng nok også saman med at ein del kommunar med store areal har store høgfjellsområde utan bebyggelse. Rauma er nr. to i fylket både i areal og tal på registrerte objekt (2632). Den største kommunen i areal i fylket er Sunndal som kjem på "sjette plass" med 1846 registrerte objekt.

Dei kommunane med minst areal (unnateke byane) har som regel også minste tal på objekt, sjølv om det ikkje er heilt direkte samanheng. Minste talet på objekt er i Aukra med 284 objekt. Det er berre Sandøy og Giske av landkommunane som har mindre areal. Dei er begge mellom dei elleve kommunane som har ferrast registrerte objekt. I tillegg til Aukra, Sandøy og Giske hører Sula, Frei, Hareid, Midsund, Ulstein, Ørskog og Tustna til denne gruppa av kommunar med relativt små areal og få registrerte objekt (under 700).

Ei oversikt over dei minste kommunane i areal (unnateke Kristiansund - 22 km²) ser slik ut:

nr.	areal km ²	kommune namn	tal på registrerte objekt	landskapsregion etter NIJOS
1	21	Sandøy	459 (33)	20 Vestlandets kystbygder
2	40	Giske	675 (28)	20 Vestlandets kystbygder
3	52	Aukra	284 (38)	25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder
4	59	Sula	390 (37)	20 Vestlandetskystbygder og 21 Vestlandets ytre fjordbygder
5	70	Frei	419 (35)	25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder og 26 Fjordbygder i Møre og Trondelag
6	82	Hareid	547 (30)	20 Vestlandets kystbygder og 21 Vestlandets ytre fjordbygder
7	96	Midsund	408 (36)	20 Vestlandets kystbygder og 26 Fjordbygder i Møre og Trondelag
8	100	Ulstein	536 (32)	20 Vestlandets kystbygder og 21 Vestlandets ytre fjordbygder
9	140	Sande	703 (27)	20 Vestlandets kystbygder og 21 Vestlandets ytre fjordbygder
10	141	Ørskog	556 (29)	21 Vestlandets ytre fjordbygder og 22 Vestlandets midtre fjordbygder
11	142	Tustna	450 (34)	25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder

Under rubrikken tal på registrerte objekt er det i parantes teke med nr. kommunen har i lista over kommunene ordna etter tal på objekt (Aukra (38) har ferrast med 284 objekt).

Stordal har også få objekt (537 - nr. 31), men er ikkje av dei minste i areala (255 km²). Ei forklaring på få objekt i Stordal er at mykje av arealet er høgfjell og bratte dal, fjord- og fjellsider.

FOLKETAL OG TAL PÅ OBJEKT

Ein annan faktor enn areal som kan vere interessant å sjå på er folketalet. Med ein del unntak er det registrert hus frå år 1900 og før. Det kan derfor vere interessant å sjå på folketalet år 1900 i dei enkelte kommunane. Samanlikna med folketalet i dag har folketalet samla i fylket auka med over 100.000 eller 76% dei siste 95 åra. Samtidig har folketalet gått ned i to av dei kommunane som har mest objekt. Aure kommune (Aure og Stemshaug) hadde år 1900 3157 innbyggjarar mot 2716 i 1995. I Tingvoll kommune (Tingvoll og Straumsnes) var det år 1900 4075 innbyggjarar mot dagens (1995) 3229. Det gir vel noko av forklaringa på att ein finn relativt mange objekt i desse kommunene i forhold til dagens folketal. For eiga rekning vil eg legge til at noko av forklaringa på at det er mange registrerte objekt i Tingvoll er at dei har hatt ein svært dyktig registrator.

I folke- og bustadtellinga i 1970 har tabell nr.10 ein rubrikk med tal på bebodde bustadhus bygt år 1900 og før. Kva finn vi ut av å samanlikne dei tala med tal på registrerte objekt i kommunane?

Vi ser først på dei kommunane som hadde flest bebodde bustadhus frå år 1900 og før i 1970. (Eg gjer merksam på at bykommunane ikkje er med i denne oversikta).

nr.	tal på bebodde bustader år 1900 og før	kommune namn	tal på registrerte objekt	nr. i oversikt reg.obj.
1	422	Rauma	2632	2
2	421	Surnadal	1581	9
3	347	Averøy	1399	11
4	329	Fræna	1311	12
5	287	Haram	1654	8
6	283	Vestnes	866	21
7	282	Nesset	1721	7
8	280	Gjemnes	1578	10
9	277	Aure	1732	6
10	274	Tingvoll	2378	3
11	252	Sunddal	1846	4
12	243	Ørsta	1749	5
13	237	Volda	2829	1

Med unntak av Vestnes kommune er dei tretten kommunane som i 1970 hadde flest bebudde bustadhus frå år 1900 og før, mellom dei tretten kommunane i Møre og Romsdal som har flest registrerte objekt. Reknar ein ut eit forholdstal mellom tal på registrerte objekt og tal på bebodde bustader frå år 1900 og før i 1970, vil ein mellom dei kommunane som har flest registrerte objekt finne at med to unntak har ein det mønsteret at forholdstalet er størst for den kommunen som har flest registrerte objekt (Volda) og forholdstalet er jamnt fallande nedover lista. Dei to unntaka er Rauma og Surnadal som hadde flest bebudde bustader frå år 1900 og før i 1970. Desse to kommunene er ikkje ulike med mellom anna omlag like store areal fordelt på relativt like landskapstypar.

Snur ein lista over beburde bustader frå år 1900 og før "på hovudet" og listar opp frå andre enden får ein dette biletet: (Her er heller ikkje bykommunane med. Eg må også opplyse at eg ikkje har tal for Sula som i 1970 var ein del av Ålesund kommune og Stordal som i 1970 var ein del av Ørskog storkommune, Skodje+Ørskog+Stordal).

nr.	tal på bebodde bustader år 1900 og før	kommune namn	tal på registrerte objekt	nr. i oversikt registrerte objekt
38	61	Aukra	284	38 (1)
37	72	Sandøy	459	33 (6)
36	73	Midsund	408	36 (3)
35	91	Frei	419	35 (4)
34	95	Ørskog	556	29 (10)
33	111	Hareid	547	30 (9)
32	112	Eide	986	21 (18)
31	113	Tustna	450	34 (5)
30	114	Ulstein	536	32 (7)
?	?	Sula	390	37 (2)
?	?	Stordal	537	31 (8)

Eg ser det som svært sannsynleg at dersom vi hadde tal for kommunane Sula og Stordal frå 1970, ville dei ha plassert seg inn på denne lista over dei elleve med ferrast beburde bustader frå år 1900 og før. Med unntak av Eide kommune som har 986 registrerte objekt, er alle dei andre ti kommunane mellom dei elleve som hadde ferrast beburde bustader frå år 1900 og før i 1970. Ei forklaring eg vil gi på at det kan sjå ut til å vere relativt mange registrerte objekt i Eide kommune er at dei har hatt ein svært dyktig registerator med god lokalkjennskap og godt kontaktnett som har "leita opp" langt fleire objekt enn "giennomsnittsregisteren".

FLEST OBJEKT

Kvar i fylket finn ein flest objekt?. Er det nokon region som peikar seg ut?. Held vi byane utanom, vil vi sjå at i alle dei ti kommunane med flest registrerte objekt har ein det som etter NIJOS si landskapsregioninndeling vert kalla fjordbygder eller ei samansetting av fjordbygder og anna landskap. Kommunar

med mange objekt som ligg vesentleg i fjordbygdregionen er Volda (1), Tingvoll (3), Ørsta (5) og Gjemnes (10). "Objektri" kommunar utanom dei reine fjordkommunane er kommunar med samansett landskap av fjord- og anten dal- og fjellområde som Sunndal (4) og Surnadal (9), eller fjord og indre bygder og fjellområde som Rauma (2) og Nesset (7). Berre to av dei ti mest "objektri" innheld kystbygder. Dei er ikkje reine kystkommunar, men har ein kombinasjon av kyst-og fjordbygder. Det vi her snakkar om er kommunane Aure (6) og Haram (8).

Ei oversikt over dei "ti på topp" (utanom byane) ser slik ut:

nr.	tal på registrerte objekt	kommune namn	landskapsregion etter NIJOS
1	2829	Volda	fjordbygder
2	2632	Rauma	fjordbygder, indre bygder, låg- og høgfjell
3	2378	Tingvoll	fjordbygder
4	1846	Sunddal	fjordbygder, dal- og fjellbygder, låg- og høgfjell
5	1749	Ørsta	fjordbygder
6	1732	Aure	fjordbygder, kystbygder
7	1721	Nesset	fjordbygder, indre bygder, låg- og høgfjell
8	1654	Haram	fjordbygder, kystbygder
9	1581	Surnadal	fjordbygder, dal- og fjellbygder, låg- og høgfjell
10	1578	Gjemnes	fjordbygder

OBJEKTTYPAR: BYGNINGSKATEGORIER OG ANDRE MINNE

Kva for kategoriar av bygningar finn vi i Møre og Romsdal og korleis fordeler dei 44.788 registrerte objekta seg i høve til ulike kategoriar. Kor mange høyloer og stabbur har vi i fylket? Dette vert det mykje lettare å skaffe seg oversikt over når alle skjema er puncha i februar 1999. Førebels må vi klare oss med manuelle behandling, men vi har oversikter for nokre kommunar som kan illustrere kva som vert mogleg å få fram.

OVERSIKT OVER REGISTRERTE OBJEKT I TO KOMMUNAR: SYKKYLVEN OG SKODJE

SEFRAK SYKKYLVEN KOMMUNE

Krinsinndeling:

krins nr. 001, Aursnes	41 objekt
krins nr. 002, Aurdal	155 objekt
krins nr. 004, Grebstad	107 objekt
krins nr. 005, Vik/Blindheim	57 objekt
krins nr. 006, Tynes	17 objekt
krins nr. 007, Straumegjerde	72 objekt
krins nr. 008, Drablos	47 objekt
krins nr. 009, Brudevoll	69 objekt
krins nr. 010, Erstad	30 objekt
krins nr. 011, Ikornnes	43 objekt
krins nr. 012, Tusvik	48 objekt
krins nr. 013, Hundeidvik	110 objekt
krins nr. 014, Løset	165 objekt
krins nr. 015, Ramstaddal	118 objekt

Oversikt over registrerte faste kulturminne (SEFRAK) for Sykkylven kommune. Tal på objekt (bygningskategoriar

og andre minne) fordelt på registreringskrinsar og samla. Bygningar og ruin av bygningar står samla (ruinar under bygn.) Andre minne enn hus står nederst på lista.

Type objekt bygnings- kategori eller anna minne	Krins nummer															Saml. tal på obj
	001	002	004	005	006	007	008	009	010	011	012	013	014	015		
stove	5	20	32	8	2	8	7	10	8	11	11	21	19	29	191	
løe	6	26	20	4	2	8	4	5	2	4	6	15	18	18	138	
stabbur	3	15	13	5	1	5	8	9	1	5	7	8	15	8	103	
vedaskot	2	2	2									2	3	1	12	
hønsehus													2		2	
reiskapshus												1	2		3	
brønn	1	4										1	6		12	
jordkjeller													1			
tørkestove							1						2	4		
troskot													5	5		
truskehus													2	2		
roykstove														1		
smie	1	2					1					1	3	8		
eldhus												1	2	3		
kvernhus	5	9	1	1	1	3	5	1	5	4	2	8	5	50		
naust	3	3	25	10	2	1	4	7	11	19	23	3	111			
nothenge												1	1			
kaihus												1	1			
barkehus												1	1			
ishus	2												2			
sag												1	1	2		
sel	13	38	6	14	4	20	3	32	7	9		19	12	10	187	
fjøs/utløe	3	27	3	11	4	26	17	7	6		2	19	24	13	162	
vasshjul											1	2	3			
torvløe											1	3	4			
meierihuus	1												1			
skulehus	1					1	1				1	1		5		
revehus		2											1			
fabrikk			1										1	2		
grisebinge						1							1			
bru	4	1			1	1	1	1	3		4		16			
kai												1	1			
båtstø											1		1			
demning											1		1			
kanal											1		1			
geil											1		1			
løypestreng	1				1						3	5				
minnestein	1											1				
namnestein							1					1				
kalkomm			1									1				
steingard				1								1				
jettegryte						1						1				
gardstun												25	25			
seter												2	2			
kaiområde												1	1			
til saman	41	155	107	57	17	72	47	69	30	43	48	110	165	118	1079	

SEFRAK SKODJE KOMMUNE

Oversikt over registrerte faste kulturminne (SEFRAK) for Skodje kommune. Bygningar, ruin av bygningar og andre minne enn hus er sett opp i kvar sin tabell.

Krinsinndeling:

krins nr. 001, Glomset,	95 objekt
krins nr. 002, Svorta	72 objekt
krins nr. 003, Brusdal	50 objekt
krins nr. 004, Stette	96 objekt
krins nr. 005, Skodje	59 objekt
krins nr. 006, Engeset	332 objekt
krins nr. 007, Ytre Skodje	89 objekt

TABELL 1, BYGNINGAR

Tal på bygningar ordna etter kategori krinsvis og samla.

krinsinndeling bygningskategori:	001	002	003	004	005	006	007	til saman
bustadhus/stove	16	19	14	17	19	38	14	137
løe	8	14	12	16	11	29	9	99
stabbur	4	7	3	12	1	18	4	49
vedskott	1		3	1	2	2	1	10
eldhus			1				1	2
brønnhus					1	2		3
smie						1	1	2
troskot/troskur		1				2		3
roykhus/ tørkestove							1	1
dreiarhus							1	1
garasje			1					2
kvernhus	4	3		1	1	4	1	14
sag	1	1			1		1	4
hjulhus					1			1
naust	7	8	5	17	7	4	12	60
kaihus/ sjøbud						2		2
sommar-/seterfjøs	9	2		3	3	4	7	28
høyloe	2			3		3	4	12
sel	4					17	9	30
komb. sel/fjøs	9	2		3	3	4	7	28
uthus (uspes.)					1			1
lysthus							1	1
torvløe							1	2
skulehus	1	1	1	1			1	5
til saman	66	59	39	73	50	127	68	482


TABELL 2, RUINAR AV BYGNINGAR

krinsinndeling bygningskategori:	001	002	003	004	005	006	007	til saman
bustadhus/stove	6	2		3	1	24	3	39
løe	3		3	2	1	19	2	30
stabbur			1				4	5
vedskott						3		3
eldhus				1		1		2
brønnhus						2		2
smie			1			4		5
troskot/troskur						3		3
kvernhus	2	7	3		2	2	2	18
sag	2	1	1				1	6
hjulhus			1	1		7		9
naust			1	1		8	1	11
sommar-/seterfjøs	7			3	2	49	5	66
høyloer	3			1		37		41
sel	1	1				11	1	14
kombinert sel/fjøs						7		7
torvløer					1		5	6
komb. stove/løe						1		2
grisefjøs					1		1	2
geitefjøs							1	1
tørkestove							1	
verkstad							1	1
hustuff (uspesi.)	2				2		11	16
til saman	26	11	11	17	6	201	18	290

TABELL 2, RUINAR AV BYGNINGAR

Tal på ruinar etter bygningars ordna etter bygningskategori krinsvis og samla.

krinsinndeling: bygningskategori	001	002	003	004	005	006	007	til saman
kulturminne-type								
hage				1		1		2
rest av hage	1							1
vegbru	1			2	1	1	1	6
ruin av bru							1	1
ruin av demme- gard	1				1		1	3
demme				1				
vør	1							1
rodestein				1				1
namnestein for bru					1			1
brustein						1		1
skyteskive av stein						1		1
bytestein						1		1
kvie for buskap						1		1
til saman	4			5	2	7	3	21



Tegning: Geir Helgen

EKSEMPEL FRÅ Ø.K. REGISTERET (FORNMINNE / AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE)



UNIVERSITETET I BERGEN
HISTORISK MUSEUM

REGISTRERINGSRAPPORT OM FORNFUNN

Gardsnavn	Gnr. / brn.
Tafasund	164/2
Kommune	Fylke
Alesund	More og Romsdal
Grunneigar	Adresse
Hans H. Breivik	6057 Ellingsøy
Brukar	Adresse

BAUTASTEIN

Reg. nr. R 1 Flyfoto nr. 3150-S 20 Fett sitt fk.nr. 1/1
Registrert og kontrollert av A. Fasteland og L.S. Hjertholm 23.6.1980
ØK-kartblad nr. AR-105-1 Høgd o.h. 35 m

Lende og lokalisering

Steinen ligg i eit lite skogholmt innan ei lett hallande grasvaksen flate ovenfor fylkesvegen, 35 m N for møtet mellom fylkesvegen og steingarden mot Rot, 12 m Ø for steingarden. I dag er her svært avgrensa utsikt.

Forminneskildring

Bautasteinen ligg no nede, dels nedvakseen av kringliggjande gammalt gras, og breisida som vender opp er heller mosegrodd. Steinen er 2,70 m lang, 50cm brei og kring 10 cm tjukk.

Datering av objektet

Truleg jernalder.

Litteratur

Per Fett 1950: Førhistoriske minne på Sunnmøre. Borgund prestegjeld.


«DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI»

- GROVT SKISSEERT I MØRE OG ROMSDAL



SKYSSTASJONAR I ROMSDALS AMT I 1897


VEGNETTET ER FRÅ 1883



Kartet er henta frå Statens vegvesen sitt arkiv og er teikna av Jostein Fuglset.

SONEINNDELING LANDSKAPSREGIONAR

MØRE OG ROMSDAL FYLKE ETTER NIJOS 1992 (UPUBL)



PLAN FOR KULTURMINNE-
VERNET I MØRE OG ROMSDAL

DEL AV FYLKESDELPLAN FOR
KULTUR

V E D L E G G



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
KULTURAVDELINGA

FYLKESHUSET, 6404 MOLDE